

*Anne Snellingen Bye, Trond Sandmo og Gisle Berge*

**Jordbruk og miljø**  
Resultatkontroll jordbruk 2006

## Rapportar

I denne serien blir statistiske analysar, metode- og modellbeskrivingar frå dei enkelte forskings- og statistikkområda publiserte. Også resultat av ulike enkeltundersøkingar blir publisert her, oftast med utfyllande kommentarar og analysar.

## Reports

This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the different research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, november 2006  
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å oppgje Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-7085-5 Trykt versjon  
ISBN 82-537-7086-3 Elektronisk versjon  
ISSN 0806-2056

## Emnegruppe

01.04 Forurensninger,  
10.04 Jordbruk og skogbruk

Design: Enzo Finger Design  
Trykk: Statistisk sentralbyrå/538

Standardtekn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentligjerast	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den lodrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskilletegn	Decimal punctuation mark	,(,)

# Samandrag

Anne Snellingen Bye, Trond Sandmo og Gisle Berge

## Jordbruk og miljø

Resultatkontroll jordbruk 2006

### Rapporter 2006/37 • Statistisk sentralbyrå 2006

Rapporten omhandlar status og utvikling for gjennomføring av ulike miljøtiltak innan jordbruket, med hovudvekt på tiltak mot avrenning og tap av næringsstoff frå jordbruksareal. I tillegg tek rapporten for seg mellom anna bruk av plantevernmiddel, tilførsel av næringsstoff til kystfarvatna, utslepp av klimagassar og ammoniakk, innsamling av avfall, økologisk jordbruk, omdisponering av areal og endringar i kulturlandskapet. Det geografiske dekningsområdet er heile landet, men enkelte kapittel har spesiell fokus på sårbare område for fosfor (områda som drenerer til Nordsjøen) og nitrogen (områda som drenerer til Indre Oslofjord og strekninga Hvaler - Singlefjorden).

#### Jordbruksareal i drift

I følgje SSB sin totalpopulasjon for jordbruksbedrifter var det i 2005 10,36 millionar dekar jordbruksareal i drift i Noreg, der 5,02 millionar dekar, eller 48,4 prosent, låg innafør området som drenerer til Nordsjøen. På landsbasis er auken i jordbruksareal i drift på 9,3 prosent i perioden 1985-2002. Frå 2002 har det skjedd ein reduksjon i jordbruksarealet kvart år. Førebelse tal for 2005 viser ein reduksjon på 38 500 dekar i høve til året før.

Korn og oljevekstar til modning utgjorde i 2005 om lag 3,32 millionar dekar, eller 32 prosent av totalt jordbruksareal i drift. Tal frå Regionale miljøprogram (RMP) viser at haustpløgd areal utgjorde 51,3 prosent av kornarealet hausten 2005. Våren 2006 var det 1,39 millionar dekar eller 42,0 prosent av det totale kornarealet som låg i stubb over vinteren (areal med all jordarbeiding om våren). I sårbare område for fosfor auka stubbarealet frå 39,1 prosent våren 2000 til 43,4 prosent våren 2005, medan prosenten var 42,1 i 2006.

For 2005/2006 blei det utbetalt 156,3 millionar kroner i tilskot til tiltak mot avrenning til vassdrag, t.d. endra jordarbeiding, fangvekstar og grasdekte vassvegar. Det blei betalt ut tilskot til 1,61 millionar dekar jordbruksareal. I 2005/2006 blei det utbetalt 9,7 millionar til i alt 117 000 dekar med fangvekstar. Frå 2004 til 2005 blei arealet med fangvekstar halvert.

#### Gjødsel

Omsett mengde nitrogen i handelsgjødning nådde ein topp i 1996/97 med i alt 112 900 tonn. Omsetnaden i 2000/01 var 100 600 tonn, det lågaste talet for nitrogen som er registrert i perioden 1980-2004. I perioden etter 2000/01 har omsetnaden auka igjen, til 106 900 tonn i 2004/05 som er 1,7 prosent meir enn året før.

Rundt 1980 blei det omsett meir enn 28 000 tonn fosfor i handelsgjødning per år. I åra framover minka omsetnaden år for år, og nådde sitt lågaste nivå i 2000/01 med i alt 12 400 tonn. Dei siste åra har omsetnaden auka noe igjen, til vel 12 800 tonn i 2003/04. I 2004/05 er det omsett 12 700 tonn, 1 prosent mindre enn året før. Frå 1. januar 2000 blei miljøavgiftene på handelsgjødning fjerna, og prisen på gjødning blei redusert med om lag 16 prosent.

Mengd nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel har endra seg lite sia 1990-tallet. Berekningar for 2004/05 viser at det blei spreidd 35 000 tonn effektivt nitrogen og 12 100 tonn fosfor frå husdyrgjødsel.

#### Bruk av plantevernmiddel

Forbruket av plantevernmiddel varierer frå år til år. Målt etter vekt blei omsetnaden av både ugrasmiddel, soppmiddel, skadedyrmedel og andre middel sterkt redusert på 1970-talet. Sia har det vore ein svakare, men forholdsvis jamn reduksjon i omsetnaden dersom ein ser på gjennomsnittet for 5-årsperiodar. Statistisk sentralbyrå gjennomførte undersøkingar om faktisk bruk av plantevernmiddel i jordbruket i 2001, 2003 og 2005. Tala frå undersøkinga i 2005 er ikkje klare. Av dei undersøkte vekstane i 2003 var det epletre som blei behandla oftast med eit snitt på 9,2 behandlingar med plantevernmiddel gjennom vekstsesongen. Areal av jordbær blei behandla 8,3 gonger, medan areal av potet blei behandla 7,5 gonger. Areal av kepalauk og gulrot blei behandla 5,9 gonger. For korn- og oljevekstar og eng og beite var talet på behandlingar langt mindre. I gjennomsnitt blei desse areala behandla mellom ein og tre gonger.

### Tilførsel av næringsstoff til kystfarvatna

Modellberekningar viser at dei menneskeskapte tilførslane av fosfor og nitrogen til dei sårbare havområda mellom svenskegrensa og Lindesnes har blitt reduserte sidan 1985, som er basisåret for målsetjinga om 50 prosent reduksjon av fosfor- og nitrogen-tilførslane i Nordsjøavtalane. Tilførslane av fosfor blei redusert frå 1 465 tonn i 1985 til 537 tonn i 2004, ein nedgang på 63 prosent. Tilførslane av nitrogen blei reduserte frå 32 231 tonn til 18 847 tonn i same tidsrom, ein nedgang på 42 prosent. Jordbruket stod for 46 prosent av dei totale menneskeskapte tilførslane av fosfor og 56 prosent tilførsla av nitrogen til det sårbare Nordsjøområdet i 2004. Sidan 1985 har tilførslane frå jordbruket til desse områda blitt reduserte med 38 prosent for fosfor og 27 prosent for nitrogen.

### Utslepp til luft frå jordbruket

Jordbruket står for nær halvparten av dei totale utsleppa av lystgass ( $N_2O$ ) i Noreg. Lystgass er ein kraftig klimagass, 310 gonger sterkare enn karbondioksid ( $CO_2$ ). Utslepp frå husdyr- og handeldsgjødsel står for meir enn halvparten av lystgassutsleppa frå jordbruket. Husdyrproduksjon står for nesten alle utsleppa av metan ( $CH_4$ ) i jordbruket og er også den viktigaste kjelda for totalutsleppa. Husdyra slepp ut metan direkte som tarmgass og indirekte gjennom gjødsla dei produserer, og stod i 2004 for 46 prosent av dei totale metanutsleppa i Noreg. Metan er rekna for å være ein 21 gonger sterkare klimagass enn karbondioksid ( $CO_2$ ). Når det gjeld ammoniakk, som er ein forsurande gass, kan nær 90 prosent av utsleppa knytast til ulike jordbruksaktivitetar.

### Avfall og gjenvinning

Plastretur AS har estimert at det blei nytta om lag 8 500 tonn landbruksplast i Noreg i 2005. Når det gjeld utviklinga av innsamla landbruksplast har mengda auka frå i underkant av 2 500 tonn i 1995 til 7 000 tonn i 2005. Reduksjonen i 2001 utgjør eit unntak frå denne trenden og skuldast i hovudsak lageroppbygging og manglande pressekapasitet hos mottakarane dette året. I 2005 gjekk tilnærma all innsamla plast frå jordbruket til materialgjenvinning, og særst lite blei nytta til energiformål. Landbruksplast kan leverast gratis til ulike mottaksordningar fordelt utover i over 200 kommunar i landet. Om lag 55 prosent av jordbruksbedriftene kan levere plast gratis til mottak i eigen kommune.

Det blei til saman levert om lag 423 tonn farleg avfall frå jordbruket i 2005. Mengd farleg avfall kan variere ein del mellom åra grunna tidvise store leveransar frå enkeltbedrifter innan jordbrukssektoren (NACE 01). Det reelle talet for farleg avfall i alt frå jordbruket er sannsynlegvis ein del høgare, då det oppgitte talet berre representerar det som blir rapportert frå landbrukssektoren til det sentrale registeret over farleg avfall. I tillegg blir ein del farleg avfall frå jordbruket levert til godkjende mottak for hushalds-avfall, og er difor ikkje med i statistikken her, samstundes som ein må rekna med at ein del avfall blir levert og behandla utanfor det godkjende systemet.

### Økologisk jordbruk

Talet på bruk med økologisk drift har auka gradvis i heile perioden 1986-2005. Nær 2 500 jordbruksbedrifter i Noreg har lagt om til økologisk drift per 31. juli 2005. Økologisk drive areal og karensareal utgjør i dag 4,2 prosent av totalt jordbruksareal i Noreg, men variasjonane er store frå fylke til fylke. Telemark, Buskerud og Sør-Trøndelag har relativt sett mest økologisk areal/karensareal med 7,3 prosent, medan Rogaland har minst med 0,7 prosent. 40 kommunar har 10 prosent eller meir økologisk drive areal.

### Omdisponering av areal

I perioden 1980 - 2002 auka den årlege tillate omdisponeringa av dyrka jord frå om lag 7 000 dekar til nær 16 000 dekar, ein auke på heile 126 prosent. I perioden frå 2002 til 2005 er derimot omdisponert areal av dyrka jord nærare halvert, til om lag 8 000 dekar dyrka jord tillate omdisponert i 2005. For dyrkbar jord var dei årlege tala for tillate omdisponert areal om lag 6 000 dekar i 1980, 9 000 dekar i 2002 og 10 000 dekar i 2005. Av totalt tillate omdisponert areal av dyrka og dyrkbar jord, har dyrkbar jord auka sin del frå 18 prosent i 2000 til 57 prosent i 2005.

### Kulturlandskap

Frå 1985 til 2000 blei talet på husdyr som går på utmarksbeite redusert med 17,3 prosent, frå 2,80 til 2,32 millionar dyr. I perioden etter 2000 har talet på beitedyr variert frå år til år. I 2005 var det 2,38 millionar dyr gjekk på utmarksbeite, ein auke på 18 000 dyr frå 2004. Det var i hovudsak talet på storfe som auka frå 2004 til 2005.

Arronderinga av jordbruksarealet endra seg merkbar frå 1999 til 2002. I 1999 var gjennomsnittet for eigedomsteigane 47 dekar og for jordstykkene 23 dekar. I 2002 blei det registrert eit snitt på 50 dekar per teig og 24 dekar per jordstykke.

Talet på bruk med setrar er monaleg redusert. I 1939 var det 26 400 bruk med setrar, medan talet i 2005 var i overkant av 2 000.

I 2004 blei det innført ei ny tilskotsordning SMIL (tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket) som erstatta fleire tidlegare miljøordningar. I 2005 blei det gitt tilsegn til om lag 3 900 søknader, med eit tilskot på i alt 118,4 millionar kroner.

**Prosjektstøtte:** Statens landbruksforvaltning

# Innhald

<b>English summary</b> .....	<b>10</b>
Introduction .....	10
Definitions .....	11
Results .....	11
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>16</b>
<b>2. Datakjelder og definisjonar</b> .....	<b>17</b>
2.1. Viktige datakjelder .....	17
2.2. Definisjonar .....	18
<b>3. Jordbruksareal i drift</b> .....	<b>22</b>
3.1. Bruk av jordbruksareal i drift.....	22
3.2. Jordarbeiding til korn og oljevekstar .....	25
<b>4. Gjødning</b> .....	<b>31</b>
4.1. Handelsgjødning .....	31
4.2. Husdyrgjødning.....	34
4.3. Avløpsslam .....	34
4.4. Berekna gjødningsmengd totalt.....	35
<b>5. Bruk av plantevernmiddel</b> .....	<b>38</b>
5.1. Omsetnad av plantevernmiddel .....	38
5.2. Spesialundersøking om bruk av plantevernmiddel i jordbruket .....	39
5.3. Sprøyting mot rotugras i kornproduksjonen .....	41
5.4. Risikoutvikling for plantevernmiddel .....	41
<b>6. Tilførsel av næringsstoff til kystfarvatna</b> .....	<b>43</b>
<b>7. Utslepp til luft frå jordbruket</b> .....	<b>49</b>
7.1. Prosessutslepp .....	50
<b>8. Avfall og gjenvinning</b> .....	<b>53</b>
8.1. Plastavfall .....	53
8.2. Farleg avfall .....	55
<b>9. Økologisk jordbruk</b> .....	<b>57</b>
<b>10. Omdisponering av areal</b> .....	<b>61</b>
<b>11. Kulturlandskap</b> .....	<b>65</b>
11.1. Jordbruksbedrifter og jordbruksareal i drift .....	67
11.2. Arrondering av jordbruksarealet.....	70
11.3. Seterdrift og gjengroing.....	72
11.4. Spesielle miljøtiltak i jordbruket.....	73
11.5. Tilstandsovervaking og resultatkontroll i kulturlandskapet i jordbruket.....	74
11.6. Landbrukseigedomar og busetjing .....	77
<b>Referansar</b> .....	<b>78</b>
<b>Tidligere utgitt på emneområdet</b> .....	<b>113</b>
<b>De sist utgitte publikasjonene i serien Rapportar</b> .....	<b>114</b>

# Figurregister

## English summary

1.	Regions in Norway affected by the North Sea Declarations (sensitive area for phosphorus - left map) and the Nitrat Directive (sensitive area for nitrogen - right map).....	10
2.	Agricultural area, by type of use. The whole country. 1985, 1989 and 1995-2005. 1000 hectares .....	12
3.	Share of total grain area with all soil preparation done in spring. The whole country, selected counties and sensitive areas for phosphorus (P-area) and nitrogen (N-area). 1990/91, 1995/96, 2000/01 and 2003/04-2005/06. Per cent .....	12
4.	Share of grain and oil seeds, by methods of tillage. 1991/92-2005/06. Per cent.....	13
5.	Sales of phosphorus (P) and nitrogen (N) in commercial fertilizers. The whole country. 1949/50-2004/05. 1 000 tons .....	13
6.	Sales of pesticides, as mean for 5-years-periodes. The whole country. 1970-2005. Active substance. Tons .....	14
7.	Share of grain and oil seeds treated with herbicides against perennial weeds, by method of soil preparation. The whole country. 1992/93, 1995/96-1997/98, 1999/00-2001/02. Per cent of holdings and area .....	14

## 2. Datakjelder og definisjonar

2.1.	Inndeling i resipientområde innanfor Nordsjøområdet .....	20
2.2.	Sårbare område for fosfor (venstre) og nitrogen (høgre) .....	21

## 3. Jordbruksareal i drift

3.1.	Jordbruksareal i drift, fordelt på kvadratkilometer ruter. 2005. Dekar.....	23
3.2.	Bruken av jordbruksareal i drift. Heile landet. 1985, 1989 og 1995-2005. 1 000 dekar .....	24
3.3.	Kornarealet sin del av totalt jordbruksareal, fordelt på kvadratkilometer ruter. 2005 .....	25
3.4.	Del av totalt korn- og oljevekstareal som ligg i stubb om våren. Heile landet, utvalde fylke og sårbare område. 1990/91, 1995/96, 2000/01, 2003/04, 2004/05 og 2005/06. Prosent .....	26
3.5.	Del av korn- og oljevekstareal, etter metode for jordarbeiding. Heile landet. 1992/93-2005/06. Prosent .....	27
3.6.	Jordarbeiding i resipientområda som inngår i Nordsjøområdet/sårbart område for fosfor. 2005 .....	28
3.7.	Miljøretta omlegging i kornområde. 1997-2005. Tilskot i kroner og omlagt areal med tilskot i dekar.....	29
3.8.	Del av korn- og oljevekstareal med fangvekstar. Heile landet, utvalde fylke og sårbare område. 1997/98, 2000/01, 2002/03-2005/06. Prosent .....	30
3.9.	Talet på nye fangdammar og våtmarker med tilskot. Heile landet. 1994-2005 .....	30

## 4. Gjødsl

4.1.	Omsett mengd nitrogen (N) og fosfor (P) i handels-gjødsl. Heile landet. 1949/50-2004/05. 1 000 tonn verdistoff .....	32
4.2.	Forbruk av nitrogen (N) i handelsgjødsl per dekar korn- og oljevekstareal og fulldyrka eng. Heile landet. 1989/90-2004/05. Kg/da .....	32
4.3.	Forbruk av fosfor (P) i handelsgjødsl per dekar korn- og oljevekstareal og fulldyrka eng. Heile landet. 1989/90-2004/05. Kg/da .....	33
4.4.	Gjennomsnittleg mengd fosfor (venstre kart) og nitrogen (høgre kart) per dekar korn og oljevekstareal etter resipientområder. 2005. Kg/da.....	33
4.5.	Mengd fosfor i husdyrgjødsl spreidd på eng og beite, og del av gjødsla spreidd i vekstsesongen. Region. 2000 .....	34
4.6.	Mengd fosfor i husdyrgjødsl spreidd på open åker, og del av gjødsla spreidd i vekstsesongen. Region. 2000 .....	34
4.7.	Mengd avløpslam disponert til jordbruksføremål og anna disponering. Fylke. 2004. Tonn tørrstoff .....	35
4.8.	Talet på gjødslreiningar (GDE) per km <sup>2</sup> jordbruksareal i drift, etter grunnkrins. 2005.....	36
4.9.	Omsett mengd nitrogen i handelsgjødsl og berekna mengd effektivt nitrogen spreidd i husdyrgjødsl og kjøttbeinmjøl. Heile landet. 1989/90-2004/05. 1 000 tonn.....	37
4.10.	Omsett mengd fosfor i handelsgjødsl, berekna mengd fosfor spreidd i husdyrgjødsl og i kjøttbeinmjøl, og berekna mengd fosfor i slam disponert til jordbruksføremål. Heile landet. 1989/90- 2004/05. 1 000 tonn.....	37

## 5. Bruk av plantevernmidde

5.1.	Omsett mengd plantevernmidde som gjennomsnitt for 5-års periodar. Heile landet. 1970-2005. Tonn aktivt stoff .....	39
5.2.	Del av areal i alt som blei behandla med plantevernmidde, etter vekst. 2001, 2003 og 2005. Prosent.....	39
5.3.	Areal av ulike vekstar som blei behandla med soppmidde. 2001, 2003 og 2005. Prosent.....	40
5.4.	Gjennomsnittleg tal behandlingar på areal av undersøkte vekstar. 2001, 2003 og 2005 .....	40

5.5.	Del av jordbruksbedrifter med sprøyting mot rotugas og del av kornarealet sprøyta mot rotugas, etter jordarbeidingsmetode. Heile landet. 1992/93, 1995/96, 1996/97, 1997/98, 1999/00, 2000/01 og 2001/02. Prosent .....	41
5.6.	Omsetnad av plantevernmidde i perioden 1996-2005, og utvikling i helse- og miljørisiko. Relativ verdi.....	42
<hr/>		
<b>6.</b>	<b>Tilførsel av næringsstoff til kystfarvatna</b>	
6.1.	Tilførsel av fosfor (tot-P) til området Svenskegrensa- Lindesnes (1-23). 1985, 1990-2004. Tonn.....	44
6.2.	Tilførsel av nitrogen (tot-N) til området Svenskegrensa- Lindesnes (1-23). 1985, 1990-2004. Tonn .....	44
6.3.	Del av totale utslepp av fosfor (tot-P) til sårbare kyststrekningar fordelt på kjelder. 2004. Prosent.....	45
6.4.	Del av totale utslepp av nitrogen (tot-N) til sårbare kyststrekningar fordelt på kjelder. 2004. Prosent .....	45
<hr/>		
<b>7.</b>	<b>Utslepp til luft frå jordbruket</b>	
7.1.	Bidrag frå jordbruket til totale utslepp til luft. 2004 .....	50
7.2.	Utslepp til luft av N <sub>2</sub> O. 1987, 1989-2004. Tonn .....	51
7.3.	Utslepp av N <sub>2</sub> O til luft frå jordbruket, fordelt på kjelde. 2004. Prosent .....	51
7.4.	Utslepp av CH <sub>4</sub> til luft. 1987, 1989-2004. Tonn .....	51
7.5.	Utslepp til luft av NH <sub>3</sub> , 1990-2004. Tonn .....	52
<hr/>		
<b>8.</b>	<b>Avfall og gjenvinning</b>	
8.1.	Mengd innsamla og omsett landbruksplast. 1995-2005 (data over omsett mengde berre oppgitt frå og med 1999). Tonn.....	53
8.2.	Kommunar kor det fins eit eller fleire gratis mottak av landbruksplast. 2005.....	54
8.3.	Mengd farleg avfall frå jordbruket levert til godkjent håndtering. 1995-2005. Tonn .....	55
<hr/>		
<b>9.</b>	<b>Økologisk jordbruk</b>	
9.1.	Bruken av økologisk jordbruksareal i drift (eksklusiv karensareal). Heile landet. 1997, 2000, 2003-2005. Dekar.....	58
9.2.	Gjennomsnittleg jordbruksareal per jordbruksbedrift for einingar som driv økologisk, og for einingar med konvensjonell drift. Heile landet. 1994-2005. Dekar.....	58
9.3.	Del sertifisert økologisk areal og karensareal av totalt jordbruksareal i drift i dei nordiske landa. 1993-2005. Prosent .....	59
9.4.	Del økologisk produksjon av totalproduksjon for mjølk, kjøtt og korn. Heile landet. Prosent 2001 - 2005.....	59
9.5.	Del av jordbruksareal i drift som er økologisk drive eller karensareal (med tilskot), etter kommune. 2005. Prosent .....	60
<hr/>		
<b>10.</b>	<b>Omdisponering av areal</b>	
10.1.	Tillate omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. 1993-2005. Dekar .....	62
10.2.	Dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka) tillate omdisponert ved forvaltningsvedtak til anna enn jordbruksproduksjon og areal som blei nydyrka (fulldyrka og overflatedyrka), etter fylke. 1994-1998. Dekar ..	63
10.3.	Dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka) tillate omdisponert ved forvaltningsvedtak til anna enn jordbruksproduksjon og areal som blei nydyrka (fulldyrka og overflatedyrka), etter fylke. 1999-2001. Dekar ..	63
<hr/>		
<b>11.</b>	<b>Kulturlandskap</b>	
11.1.	Jordbruksbedrifter, etter storleiken på jordbruksareal i drift. Heile landet. 1979-2005.....	68
11.2.	Nedgang i talet på jordbruksbedrifter i perioden 1989-2005, etter kommune. Prosent .....	69
11.3.	Gjennomsnittleg storleik på teigar, etter fylke. 1999 og 2002. Dekar.....	70
11.4.	Gjennomsnittleg storleik på jordstykke, etter fylke. 1999 og 2002. Dekar.....	71
11.5.	Gjennomsnittleg storleik på jordstykke etter storleiken på jordbruksbedrifta. Heile landet. 1999 og 2002. Dekar.....	72
11.6.	Bruk med setrar eller del i setrar. Heile landet. 1996-2005.....	72
11.7.	Tilsegn STILK/SMIL etter tema. Heile landet. 1994, 2000-2005 .....	73
11.8.	Tilsegnsbelp STILK/SMIL, etter tema. Heile landet. 1994, 2000, 2002-2005. Mill kr.....	73
11.9.	Gjennomsnittleg tal steingjerde og anna gjerde per 3Q-flate. Fylke. Registrert i perioden 1998-2003 .....	74
11.10.	Gjennomsnittleg tal bekkar og grøfter/kanalar per 3Q- flate. Fylke. Registrert i perioden 1998-2003 .....	74
11.11.	Gjennomsnittleg tal åkerholmar per 3Q-flate. Fylke. Registrert i perioden 1998-2003.....	75
11.12.	Gjennomsnittleg tal gardsdammar og steinrøysar per 3Q-flate. Fylke. Registrert i perioden 1998-2003 .....	75
11.13.	Landbrukseigedommar med bygningar som er utan fast busetjing, etter kommune. 2000. Prosent .....	76

# Tabellregister

<b>3. Jordbruksareal i drift</b>	
3.1. Satsar for tilskot til endra jordarbeiding m.m. Kroner per dekar. 2004/05 .....	28
3.2. Aktivitets- og tilskotsdata for hovudområdet "Avrenning til vassdrag". 2005/06 .....	29
<b>4. Gjødse</b>	
4.1. Innhald av tungmetall i avløpslam. Heile landet. 2004 .....	35
<b>7. Utslepp til luft frå jordbruket</b>	
7.1. Utslepp av ammoniakk (NH <sub>3</sub> ) frå husdyrgjødse, halmbehandling og bruk av handelsgjødse. 1990-2004. Tonn .....	52
<b>8. Avfall og gjenvinning</b>	
8.1. Innsamling av landbruksplast. Heile landet og fylke. 2005 .....	55
<b>9. Økologisk jordbruk</b>	
9.1. Talet på bruk med økologisk drift, areal, talet på dyr og utbetalte tilskott. Heile landet. 1986-2005 .....	57
<b>10. Omdisponering av areal</b>	
10.1. Dyrka og dyrkbar jord tillate omdisponert etter jordlova og etter plan- og bygningslova. 1993-2005. Dekar ...	64
<b>11. Kulturlandskap</b>	
11.1. Jordbruksareal i drift. 1985, 1990, 1995 og 2000-2005 .....	68
11.2. Jordbruksbedrifter etter tal teigar og jordstykke. Fylke. 2002. Prosent .....	71
11.3. Beitedyr på utmarksbeite. Heile landet. 1985, 1990, 1995, 2000-2005 .....	72
11.4. Endringar i arealstrukturen i jordbrukets kulturlandskap i snitt per år for perioden 1998/99-2003 .....	75
<b>Vedlegg</b>	
1. Jordbruksareal i drift, etter bruken av arealet. Heile landet og fylke. 1985, 1989, 1995, 1999 og 1999-2005. Dekar .....	80
2. Areal med korn og oljevekstar, etter jordarbeidingsmetode. Haustsådd kornareal. Heile landet og fylke. 1989/90, 1990/91, 1995/96, 1997/98, 1999/00, 2000/01 og 2001/02. Dekar .....	84
3. Areal med utbetalt tilskot for endra jordarbeiding. Heile landet og fylke. 1993/94-2005/06 .....	87
4. Areal kartlagt med tanke på potensiell erosjonsrisiko. Fylke. 2005 .....	90
5. Tilsegn og tilskot til spesielle tiltak i kulturlandskapet i jordbruket. Heile landet og fylke. 1994-2005 .....	93
6. Omsett mengd handelsgjødse rekna som verdistoff. Heile landet. 1949/50-2004/05. Tonn .....	96
7. Samla gjødselmengd effektivt nitrogen (N). Heile landet og fylke. 1989/90, 1990/91, 1995/96, 1999/00-2004/05. Tonn .....	97
8. Samla gjødselmengd fosfor (P). Heile landet og fylke. 1989/90, 1990/91, 1995/96, 1999/00-2004/05. Tonn .....	101
9. Mengd kloakkslam disponert til ulike formål. Heile landet og fylke. 2004 Tonn tørrstoff .....	105
10. Omsetnad av plantevernmiddel. Aktive stoff i tonn. Miljøavgifter på plantevernmiddel. Heile landet. 1985-2005	
11. Korn og oljevekstar sprøyta mot rotugras, etter jordarbeidingsmetode. Heile landet og fylke. 1992/93, 1995/96, 1997/98, 1999/00, 2000/01 og 2001/02 .....	107
12. Dyrka og dyrkbar jord tillate omdisponert etter jordlova og etter plan- og bygningslova. Dekar .....	110
13. Prosessutslepp av N <sub>2</sub> O og CH <sub>4</sub> til luft frå ulike kjelder. Heile landet. 1987 og 1989-2004. Tonn .....	111
14. Jordbruket sine utslepp av N <sub>2</sub> O, CH <sub>4</sub> , CO <sub>2</sub> og NH <sub>3</sub> til luft, fordelt på kjelde. Heile landet. 2004. Tonn .....	111
15. Totale utslepp til luft av klimagassar og andre forureinande stoff, etter næring. Heile landet. 2004. ....	112



# Forord

Stortingsmelding nr 8 (1999-2000) "Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand" pålegg dei ulike departementa å utarbeide sektorvise miljøhandlingsplanar. Desse planane skal skissere miljøutfordringane til sektorane, sektorvise arbeidsmål, og verkemiddel og tiltak innan dei miljøvernpolitiske resultatområda. Landbruks- og matdepartementet sin miljøhandlingsplan for 2001-2004 kom i oktober 2000. Planen fokuserer på åtte miljøpolitiske resultatområde. I Stortingsmelding nr 21 (2004-2005) "Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand" er det tatt inn eit nytt resultatområde, "Regional planlegging - viktige arealpolitiske føringar".

Rapporten blir utarbeidd av Statistisk sentralbyrå på oppdrag frå Statens landbruksforvaltning og omhandlar status og utvikling i dei ulike miljøpolitiske resultatområda for landbruket. Departementa skal årleg rapportere dei samla resultatata for sin sektor, og Resultatkontroll jordbruk er eit viktig bidrag til miljørapporteringa til Landbruks- og matdepartementet. Delar av resultatata i rapporten vil også inngå i den årlege stortingsmeldinga "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand".

Denne publikasjonen er i første rekkje utarbeidd av seniorrådgjevar Anne Snellingen Bye, Seksjon for primærnæringsstatistikk, samt førstekonsulent Gisle Berge, konsulent Trond Sandmo og statistikkrådgjevar Britta Hoem, Seksjon for miljøstatistikk.

Statistisk sentralbyrå, Oslo/Kongsvinger  
10. oktober 2006

Øystein Olsen

# English summary

## Introduction

The Parliamentary White Paper no. 8 (1999-2000) states that every governmental ministry have to work out sectorial environmental action plans. The main purpose of these plans is to point out the main sectorial challenges, objectives and strategies related to environmental conservation and improvements. The action plan (2001-2004) from the Ministry of Agriculture and Food was released in October 2000 and focuses on eight different policy areas, of which the structure of this report is based. In the Parliamentary White Paper no. 21 (2004-2005) a new policy area (area no. nine) on regional planning was introduced.

## Agri-environmental system

In the Agricultural Negotiations in 2003 it was decided to introduce a new strategy for agri-environmental


system. The strategy consists of instruments on four levels:

- National environmental program with instruments at national level.
- Regional environmental program with instruments at county level.
- Local strategies for special environmental measures at municipality level.
- Environmental plan on farm level.

## Contents of the report

The main aim of the report is to provide information to be able to monitor achievements related to the nine policy areas, and to monitor the effects of the large investments made every year to improve the environmental conditions within the agricultural sector in Norway.

Figure 1. Regions in Norway affected by the North Sea Declarations (sensitive area for phosphorus - left map) and the Nitrat Directive (sensitive area for nitrogen - right map)



Source: Norwegian Mapping Authority and the Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE).

In general, the report contains information related to nutrients runoff from agricultural activities, i.e. use of agricultural area and agricultural practices with regard to soil preparation and use of fertilisers. In addition, the report includes information on supply of nutrients to coastal areas, emissions of greenhouse gases, collection and recycling of waste, organic farming, and changes in land use and in the agricultural landscape. The information given is to be used as direct feedback to both central and local agricultural authorities. The report covers the whole country, with special emphasis on the region in Norway that is affected by The Declaration of Ministers in London 1987 concerning protection of the North Sea and the Nitrate Directive (91/676/EEC). These areas are shown in figure 1.

**Definitions**

**Animal manure unit (amu)**

A common denominator for domestic animals based on the amount of nutrient produced in faeces and urine. The conversion factors are set by the Ministry of Agriculture and Food:

Type of animal	1 amu equals to	
	Until 2004	From 2005
Milking cow .....	1	1
Calves and heifers .....	3	3
Meat cattle .....	1,5	1,5
Adult horses .....	2	2
Pigs for breeding .....	3	2,5
Pigs for slaughtering .....	20	18
Sheep/goats (winterfed) .....	7	7
Foxbitches for breeding (incl. puppies) .....	25	25
Minkbitches for breeding (incl. puppies) .....	40	40
Hens .....	100	80
Broilers .....	2000	1400
Chicken bred for laying hens .....	-	550
Rabbits for breeding .....	40	40
Ducks and turkeys for breeding .....	40	40
Geese for breeding .....	20	20
Ducks for slaughtering .....	300	300
Turkeys for slaughtering .....	450	240
Geese for slaughtering .....	150	150

**Area cultivated for arable crops**

Area that is cultivated at normal plough depth and can be renewed by ploughing.

**Surface-cultivated land**

Area that is mostly cleared and superficially levelled to enable harvesting by machine.

**Infield pasturelands**

Area used for pasture or harvested by other means than machines. Different types of grass should cover at least 50 per cent of the area. The area should be bounded by fences unless it has natural boundaries such as rivers, lakes, mountains, etc.

**Decare**

1/10 of a hectare. The common area unit for quantifying agricultural land in Norway.

**Sensitive area for phosphorus**

This region consists of all land that drains to the coastal waters from the Swedish border in the east to Lindesnes (Vest-Agder) in the west. This is the area affected by the North Sea declarations, the OSPAR convention and the Urban Waste Directive (98/15/EEC). Major parts of the counties of Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder and Vest-Agder are included in this region (see figure 1, left map).

**Sensitive area for nitrogen**

This region consists of the Glomma river basin, which drains to Singlefjorden and the coastal area around the Hvaler islands, and of the catchment area that drains to the inner parts of the Oslofjord. This is the area affected by the Nitrate directive (91/676/EEC). Major parts of the counties of Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark and Oppland and the eastern part of Buskerud are included in this area (see figure 1, right map).

**Results**

**Use of the agricultural area**

Based on information from Statistics Norway's Population of Agriculture Holdings in 2005, the agricultural area in use was estimated to 1.036 million hectares, of which 0.502 million hectares or 48.4 percent are located in the catchment area of the North Sea (Sensitive area for phosphorus). The increase from 1985 to 2002 has been 9.3 per cent for the whole country. Since 2002 there have been a yearly minor decrease in the agricultural area.

The agricultural area constitutes 3.4 percent of the total land area in Norway, while the corresponding figure for the North Sea catchment area is 5.0 per cent.

Cultivation of grain accounted for 32.0 per cent of the agricultural area in 2005, while fully cultivated meadows accounted for 47.0 percent. Area with grain has decreased with 4.7 per cent since 1985, while area with fully cultivated meadows has increased with 13.9 per cent. From 1999 to 2005, the area with infield pastureland has increased with 17.1 per cent. See figure 2 and appendix, table 1.

**Soil tillage practices in grain production**

In 2005, agricultural authorities gave financial support to farmers for change of soil preparation on 165 000 hectares with grain production. Total subsidies were 156.3 million NOK in 2005, being about 4 per cent more than in 2004. See appendix, table 3.


The area ploughed in autumn in Norway decreased from 81.5 per cent to 57.9 per cent in the period from 1989 to 1995. In 2005 the area ploughed in autumn accounted for 51.3 per cent of grain area. The corresponding figure for the North Sea catchment area was also 51.3 per cent. In 2005/2006, the area with no soil

preparation in the autumn was approximately 139 300 hectares (figure 4), or 42.0 percent of the area cultivated with grain. The corresponding figure for the North Sea catchment area was 42.0 percent.

1.9 per cent in 2002 to 1.3 per cent in 2005. However, year to year variations are significant. Total area with grain sown in autumn 2004 was 8,2 per cent of the grain area. See figure 4 and appendix, table 1 and 2 for more information.


The area with grain sown in autumn and given financial support decreased for the whole country from

**Figure 2. Agricultural area, by type of use. The whole country. 1985, 1989 and 1995-2005\*. 1 000 hectares**



Source: Statistics Norway.


**Figure 3. Share of total grain area with all soil preparation done in spring. The whole country, selected counties and sensitive areas for phosphorus (P-area) and nitrogen (N-area). 1995/96, 1995/96, 2000/01 and 2003/04-2005/06. Per cent**



1 In 2005 there is no subsidies for change of soil preparation in Rogaland.


Source: Statistics Norway (1990/91-2001/02) and The Norwegian Agricultural Authority (2002/03-2004/05).

**Figure 4. Share of grain and oil seeds, by methods of tillage. 1991/92-2005/06. Per cent**



Source: Statistics Norway.

**Figure 5. Sales of phosphorus (P) and nitrogen (N) in commercial fertilizers. The whole country. 1949/50-2004/05. 1 000 tons**



Source: The Norwegian Food Safety Authority.

**Sales of commercial fertilizer**

In the period 1979/80 to 2000/2001 the sales of nitrogen in commercial fertilizers decreased with 9 per cent to 100 600 tons. From 2000/2001 there has been a yearly increase for nitrogen. In 2004/2005 the sales of nitrogen was 106 900 tons, about 5.6 per cent more than in 2000/2001.

In the period 1979/80 to 2000/2001 the sales of phosphorus in commercial fertilizers decreased with 57 per cent to 12 400 tons. From 2000/2001 the sales of

phosphorus have been quite stable. In 2004/2005 the sales of phosphorus was 12 700 tons. See figure 5 and appendix, table 6.

**Manure and sewage sludge**

The numbers of domestic animals, and thereby the quantities of manure, have been fairly stable from 1985 to 2004.

There are, however, significant differences in quantities of manure produced in different counties. Due to the recent agricultural policy, grain production is the major source of income from agriculture among farmers in south-eastern parts of Norway. In other parts of the country, production of milk and meat prevail, and the use of manure as fertiliser is much more common in these areas. Figure 4.8 shows the distribution of farmyard manure in Norway (animal manure units per km<sup>2</sup> of agricultural area). See also appendix, tables 7 and 8.

The use of sewage sludge also differs much between different regions in Norway. Most advanced treatment plants are located to the south-eastern and southern parts of the country, and the majority of sewage sludge is produced in this region. Altogether, 112 000 tons of sewage sludge were used for various purposes in 2004, thereof, approximately 42 000 tons in agriculture. The North Sea counties accounted for more than 93 per cent of the reported sludge used in agriculture. See appendix, table 9.

**Pesticides**

Total sales of pesticides estimated as active substance have decreased from 1 529 tons in 1985 to 530 tons in 2005, a reduction of 65 per cent (figure 6). Sales statistics do, however, not reveal effects that are due to more efficient chemicals and changes in treatment frequency for various crops. See appendix, table 10.

Herbicides against perennial weeds in grain production were applied on 31.3 per cent of the total grain area in 2001/2002 (figure 7). The corresponding number for 2000/2001 was 19.9 per cent. The application of such herbicides varies due to variations in weather and harvesting conditions in autumn. See appendix, table 11.

Statistics Norway carried out sample surveys concerning pesticide use in 2001, 2003 and 2005. Final results for 2005 are not completed. In 2003 the percentage of area treated with pesticides varied by crop from 76 to almost 100 per cent. Only 6 per cent of meadows and pasturelands were treated. Proportion of oil-seeds areas treated were 76 per cent. Furthermore, nearly 90 per cent of the strawberry beds and apple tree plantations were treated with pesticides. Among other crops (potatoes, onions, carrots, barley, oats, spring wheat and winter wheat) more than 90 per cent of the areas were treated.

**Discharges of nutrients to coastal areas**


In 2004, the percentage reductions of anthropogenic nitrogen and phosphorus inputs into the sensitive coastal areas between the Swedish boarder and Lindesnes, at the southern tip of Norway, have been reduced with 42 and 63 per cent respectively compared to 1985. Agriculture contributed with 46 per cent (248 tonnes) of the total inputs of phosphorus and with 56 per cent (10 624 tonnes) of the total inputs of nitrogen to this area in 2004. Compared to 1985 this constitutes a reduction of 38 and 27 per cent respectively.

**Emissions of greenhouse gases and ammonium from agriculture**

Nitrous oxide (N<sub>2</sub>O) is a vigorous greenhouse gas, 310 times stronger than carbon dioxide (CO<sub>2</sub>). Altogether, agricultural activities contribute to almost half of the total emissions of nitrous oxide in Norway. More than half of the N<sub>2</sub>O emissions from agriculture stem from commercial fertilizers and manure from domestic animals. Methane (CH<sub>4</sub>) is another important greenhouse gas, 21 times stronger than carbon dioxide. Almost all emissions of methane from agriculture come from enteric fermentation and manure applied on fields. Agriculture is the most important source of methane emissions in Norway, and was responsible for 46 per cent of the total CH<sub>4</sub> emissions in 2004. Less than 1 per cent of the total CO<sub>2</sub> emissions in 2004 came from agricultural activities (combustion of fossil fuels). Agriculture totally dominates the emissions of


the acidifying substance ammonia (NH<sub>3</sub>); close to 90 per cent of the total emissions can be related to this source. About 90 per cent of this is related to manure applied on fields. See appendix, tables 13, 14 and 15.

**Figure 6. Sales of pesticides, as mean for 5-years-periodes. The whole country. 1970-2005. Active substance. Tons**



<sup>1</sup> In the period 1970-1989 these ingredients were registered among herbicides. Source: The Norwegian Food Safety Authority

**Figure 7. Share of grain and oil seeds treated with herbicides against perennial weeds, by method of soil preparation. The whole country. 1992/93, 1995/96-1997/98, 1999/00-2001/02. Per cent of holdings and area**



Source: Statistics Norway.

In 2004, agriculture was responsible for 9 per cent of the total Norwegian greenhouse gas emissions, calculated as CO<sub>2</sub> equivalents. 9 per cent of this came from CO<sub>2</sub>, and 47 and 45 per cent from CH<sub>4</sub> and N<sub>2</sub>O, respectively.

### **Collection and recycling of waste**

In 2005, plastics from agriculture could be delivered free of charge to more than 200 waste collection sites in 200 of Norway's 433 municipalities. The quantity collected has increased from around 2 500 tons in 1995 to around 7 000 tons in 2005. It is estimated that approximately 8 500 tons of plastics are sold to farmers each year.

The quantity of hazardous waste delivered and registered from the agricultural sector has increased from 93 tons in 1995 to 423 tons in 2005. This figure represents however only the quantity that has been officially registered from NACE sector 01 (Agriculture, hunting and related service activities). It is likely that some farms deliver hazardous waste to authorized stations for household waste, and that some of the generated waste is stored and treated unauthorized. Waste oil constituted 47 per cent of the total hazardous waste delivered from the agricultural sector in 2005.

### **Organic agriculture**

Near 2 500 farm-units have converted their production from conventional to organic practices up to 2005. The total organic cultivated area in Norway (including land in the transition period between conventional cultivation and formally approved organic cultivation) constitutes 4.2 per cent of the total cultivated area, but there are large variations between the different counties. In relation to the total cultivated area in each county, Buskerud, Telemark and Sør-Trøndelag has the largest area under organic cultivation with 7.3, 7.4 and 7.3 per cent respectively, while Rogaland has the smallest with 0.7 per cent.

### **Agricultural area transferred to non-agricultural area**

About 770 hectares cultivated land and 1 020 hectares cultivable land were permitted transferred to non-agricultural use in 2005. This is the lowest registered area of arable land transferred since 1980. The government has declared a national goal for 50 per cent reduction of agricultural land transferred to non-agricultural use by 2010. In the period 1994-2003 there was a yearly transferring of productive land to non-agricultural use of 1 336 hectares. As from 2005, the reporting system is simplified, and the detailed governmental administrative data system is replaced by a questionnaire through the municipality state reporting system named KOSTRA. See appendix, table 12.

### **Changes in the agricultural landscape**

From 1985 to 2000 the number of domestic animals kept on external pastures was reduced by 17.3 per cent. After a small decrease again the last years, 2.38 million animals were kept on external pastures in 2005.

The number of farms with "seter" (summer farms in remote areas) has been reduced significantly during the last century. 26 400 farms had their own "seter" in 1939, while the number was reduced to about 2 000 in 2005.

In 2005, subsidies of NOK 118.4 millions were given to payments for extended support to environmental efforts in the agricultural landscape ("SMIL" funds). In total, 3 900 applications were approved.

# 1. Innleiing

## Resultatkontroll

Sentrale mål i landbrukspolitikken er å oppnå ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ein ønska produksjon av miljøgode. Både landbruks- og miljøstyresmaktene yter årleg store ressursar til dette arbeidet.

For å få ein betre oversikt over ulike miljøtilhøve som er påverka av jordbruket og for å kunne dokumentere og vurdere resultatane av næringa og det offentlege sitt arbeid med miljø har Landbruks- og matdepartementet (LMD), i samarbeid med Miljøverndepartementet (MD), utvikla eit system for resultatkontroll. Denne rapporten skal gi nødvendig bakgrunnskunnskap og eit grunnlag for evaluering av verkemiddel og utforming av ein kostnadseffektiv miljøpolitikk som når dei måla som Regjering og Storting har satt for næringa på dei sentrale miljøområda for jordbruket. Statens landbruksforvaltning har eit spesielt ansvar for å organisere og vidareutvikle resultatkontrollen i jordbruket, og dei har et spesielt ansvar for å tolke informasjonen i denne rapporten og gi råd og informasjon til Landbruks- og matdepartementet om korleis politikk og verkemiddel fungerer.

Denne rapporten er ei samanstilling av data frå ulike kjelder om åtferd i jordbruket (arealbruk, gjødslingspraksis, jordarbeidingspraksis osv.) og miljøtilstand i jord og vatn. I tillegg er det analysar og utslepps-berekningar baserte på denne informasjonen og forskinga, mellom anna om miljøeffektar av ulike driftsformer og driftspraksis, samt om effekten av gjennomføring av ulike tiltak. Opplysningane i rapporten vil vere med på å danne grunnlaget for vidare berekning/rapportering på miljøeffektar, mellom anna i forhold til internasjonale avtaler.

Statistisk sentralbyrå er ansvarlege for innsamling og samanstilling av åtferdsdata for jordbruket.

Konkret inneber dette:

- Ein årlig rapport som samanfattar relevant tilgjengeleg statistikk på området, såkalla tiltaksindikatorar.
- Tilrettelegging av data som grunnlag for modellberekningar av miljøeffektar.

- Tilrettelegging av data for oppdrag frå forvaltning, forskning og andre.

## Inndeling av rapporten

Rapporten er bygd opp med ein hovuddel og eit tabellvedlegg. Rapporten er frå og med 2002-utgåva delt inn i fleire kapittel enn tidlegare utgåver i rapportserien. I hovuddelen (kapittel 3-11) presenterer vi status og trendar for dei ulike tiltaksindikatorane for heile landet, fylke og sårbare område for fosfor og nitrogen. Kapitla blir innleia med tilknytning til eit eller fleire av Miljøverndepartementet sine ni miljøvernpolitiske resultatområde og aktuelle nasjonale resultatmål knytte til dei data som kapitlet omfattar.

Dei ni miljøvernpolitiske resultatområda er:

1. Vern og bruk av biologisk mangfald
2. Friluftsliv
3. Kulturminne og kulturmiljø
4. Overgjødsling og oljeforureining
5. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar
6. Avfall og gjenvinning
7. Klimaendringar, lokal luftforureining og støy
8. Internasjonalt miljøvernssamarbeid, bistand, nord- og polarområda
9. Regional planlegging - viktige arealpolitiske føringar

Hovuddelen i rapporten er delt inn i følgjande kapittel:

3. Jordbruksareal i drift
4. Gjødsel
5. Bruk av plantevernemiddel
6. Tilførsel av næringsstoff til kystfarvatna
7. Utslepp til luft frå jordbruket
8. Avfall og gjenvinning
9. Økologisk jordbruk
10. Omdisponering av areal
11. Kulturlandskap

Tabellvedlegget inneheld tabellar med utfyllande informasjon på lands- og fylkesnivå, og for sårbare område for fosfor og nitrogen.



## 2. Datakjelder og definisjonar

### 2.1. Viktige datakjelder

#### Debio

Regelverket for økologisk landbruksproduksjon er heimla i forskrift fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Debio er utøvande kontrollinstans. Alle økologiske bruk må godkjennast av Debio, og dei skal i tillegg inspiserast minst ein gong i året. Debio publiserer årleg tal for einingar med godkjent økologisk drift eller som er under omlegging til økologisk drift.

#### KOSTRA (Statistisk sentralbyrå)

KOSTRA (KOMMune-STAT-RAPporterering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde registrerast og stillast saman for å gi relevant informasjon til dei som gjer vedtak og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og dermed gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål nås.

KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data bare rapporterast ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike føremål. All rapportering frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling.

#### Landbruksteljingane (Statistisk sentralbyrå)

I 1989 gjennomførte Statistisk sentralbyrå ei omfattande datainnsamling frå alle jordbruksbedrifter med minst 5,0 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. Liknande teljingar er gjennomførte kvart tiande år bakover i tid. Data frå fullstendige teljingar kan publiserast på alle regionale nivå under føresetnad av at informasjon om enkeltbruk ikkje blir offentleggjort. I 1999 blei det gjennomført ei jordbruksteljing som omfatta alle jordbruksbedrifter med minst 5,0 dekar jordbruksareal i drift.

#### Søknader om produksjonstilskot (Statens landbruksforvaltning)

Ordninga med søknader om produksjonstilskot i jordbruket 31. juli og 31. desember blir administrert av Statens landbruksforvaltning. Materialet inneheld opplysningar om areal og husdyrhald hos søkjarane. Data frå søknader om produksjonstilskot kan publiserast på

alle regionale nivå under føresetnad av at informasjon om enkeltbruk ikkje blir offentleggjort. Frå og med 1994 er også omfanget av haustsådd korn og økologisk drive areal registrert.

#### Tilskot til endra jordarbeiding (Statens landbruksforvaltning)

Ordninga med tilskot til endra jordarbeiding inneheld mellom anna opplysningar om areal med redusert jordarbeiding etter erosjonsrisiko og utbetalte tilskot. Frå og med 2005 blir ordna vidareført som del av regionale miljøprogram.

#### Regionale miljøprogram - RMP (Statens landbruksforvaltning)

RMP er ei ny og omfattande datakjelde som i startåret 2005 omfattar meir enn 150 ulike tilskottsordningar med hovudvekt på tilskott til forureinings- og kulturlandskapstiltak. Dei enkelte fylka kan prioritere og utforme ordningar og tiltak etter lokale behov. For å søke om tilskott frå regionale miljøprogram er det et vilkår at søkaren også fyller krava for å ta imot produksjonstilskot. Ei rekke tilskot som tidlegare var del av søknaden om produksjonstilskot i jordbruket er nå del av RMP. Det gjeld mellom anna tilskot til seterdrift, bratt areal og dyrking av fôr i fjellet. I tillegg kjem tilskot til endra jordarbeiding. For ein del av desse tidlegare landsdekkande ordningane vil ein nå bare ha tal for delar av landet.

#### Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL (Statens landbruksforvaltning)

SMIL omfattar tilskottsordningar som etter søknad gir tilskot på inntil 70 prosent av kostnadene som er knytt til det enkelte miljøtiltaket. Her er det ikkje krav til at søker må fyller krava til produksjonstilskot, dvs at også personar, organisasjonar og andre utafor det aktive produksjonsjordbruket også kan søke SMIL-tilskot. Frå og med 2004 er ansvar og administrasjon ført over frå fylka til den enkelte kommune.

#### 3Q - Tilstandsovervaking og resultatkontroll i kulturlandskapet i jordbruket

3Q er eit program for å følgje endringane i kulturlandskapet i jordbruket. Programmet blir gjennomført av Norsk institutt for skog og landskap (tidl. NIJOS), og

skal rapportere nasjonale og regionale indikatorar for jordbruket sitt kulturlandskap. Programmet byggjer på ei utvalsundersøking av om lag 1 400 flater à 1 km<sup>2</sup> i jordbruksområde over heile landet og nyttar data frå flybilde og frå eksisterande kart og register. Flatene for heile landet blei kartlagt i perioden 1998-2003, og i 2004 starta arbeidet med å kartleggje dei same flatene på ny. I 2005 blei dei første tala for endringar publisert for fylka Østfold, Akershus, Oslo og Vestfold. Programmet blir gjort på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet, Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og småbrukarlag.

### Totalpopulasjonen over jordbruksbedrifter (Statistisk sentralbyrå)

Totalpopulasjonen består av søkjarar av produksjonstilskot og einingar som ikkje søker tilskot. Denne kjelda vil dermed gi eit totalbilette over aktive jordbruksbedrifter og jordbruksareal i drift i Noreg per år. Data frå totalpopulasjonen kan publiserast på alle regionale nivå under føresetnad av at informasjon om enkeltbruk ikkje blir offentleggjort.

### Utvalsteljning for landbruket/Landbruksundersøkinga (Statistisk sentralbyrå)

Statistisk sentralbyrå samlar årleg inn informasjon om areal, jordarbeiding, gjødslingspraksis osv. frå eit stratifisert utval av jordbruksbedrifter i landbruket. Spørsmåla varierer frå år til år. Utvalet omfatta på 1990-talet om lag 15 000 einingar med minst 5,0 dekar jordbruksareal i drift, dvs. om lag 20 prosent av alle jordbruksbedriftene i Noreg. Data frå utvalsteljningane kan publiserast for heile landet, fylke, resipientområde, hydrologiske statistikkområde og grupper av kommunar dersom kvaliteten på dei innrapporterte opplysningane er gode nok og under føresetnad av at opplysningar om enkeltbruk ikkje blir offentleggjort. Frå og med 2000 blir nye utval trekt utifrå einingar i Landbruksregisteret, og teljinga fekk namnet "Landbruksundersøkinga". Utvalet varierer med kva som er hovudemne, og har sidan 2000 variert frå 8 500 til 12 500 einingar. Miljø var hovudtema i 2002 og i 2006.

Nærmare omtale av datakjelder blir gitt under kvart kapittel.

## 2.2. Definisjonar

### Anna jordbruksareal i drift

I dette arealet inngår eng til frøavl, areal med erter og bønner til konserves, drivhus- og planteskuleareal, samt areal til frukt og bær.

### Brakk

Areal av open åker der det ikkje er avling i det aktuelle året.

### Bruk med husdyr

Omfattar alle bruk der det finst husdyr av dei slaga som er lista opp under gjødseldyreiningar.

### Effektivt nitrogen

Lettløyselege nitrogensambindingar i husdyrgjødsla. Gjødselverknaden av effektivt nitrogen i husdyrgjødsla kan i prinsippet samanliknast direkte med tilsvarande mengd handelsgjødsel-N.

### Fangdammar

Ein fangdam er eit konstruert våtmarksområde, knytte til eit bekkelaup, der naturen sine egne prosesser for sjølvrensing er optimalisert. Dammen fangar opp jordpartiklar og næringsstoffar gjennom botnfelling og ved hjelp av vekstar som filtrerer vatnet.

### Fangvekstar

Fangvekstar er vekstar som blir sådd for å samle opp næringsstoff og redusere erosjonen etter at hovudveksten er hausta. Fangvekstar blir sådd anten samstundes med hovudveksten eller etter at hovudveksten er hausta.

### Fulldyrka areal

Alt jordbruksareal i drift unntateke overflatedyrka eng til slått/beite og innmarksbeite.

### Gjødseldyreiningar (GDE)

Gjødseldyreiningar er ei eining for husdyr definert etter mengd fosfor som dyra skil ut i gjødsel og urin. Omrekningfaktorane til gjødseldyreiningar for dei ulike husdyrslaga er gjeve i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, fastsett 04.07.2003. For produksjonar som eksisterte per 15. august 1997, trådde faktorar for gjødseldyreiningar kategori I i kraft 1. januar 2005. Fram til 1. januar 2005 gjeld overgangsfaktorane. For nye produksjonar gjeld kategori I. I rapporten har ein nytta overgangsfaktorane ved berekning av gjødseldyreiningar.

Dyreslag	1 GDE =	
	Overgangsfaktorar	Kategori I
Mjølkeku .....	1	1
Ungdyr, storfe .....	3	3
Jerseyfe .....	-	1,3
Ammekyr .....	1,5	1,5
Vaksne hestar .....	2	2
Avlspurker/rånar .....	3	2,5
Slaktegris .....	20	18
Sauer/geiter (vinterföra) .....	7	7
Avlstisper, rev .....	25	25
Avlstisper, mink .....	40	40
Høner .....	100	80
Slaktekyllingar .....	2000	1400
Livkyllingar .....	-	550
Kaninar, avlsdyr .....	40	40
Kaninar, slaktedyr .....	600	600
Ender og kalkunar, avlsdyr .....	40	40
Gjæser, avlsdyr .....	20	20
Ender, slaktedyr .....	300	300
Kalkunar, slaktedyr .....	450	240
Gjæser, slaktedyr .....	150	150

Forskrifta inneheld krav til godkjent spreieareal. Det skal vere tilstrekkeleg disponibelt areal for spreining av husdyrgjødsel, minimum 4 dekar fulldyrka jord per gjødseldyreining. For område som inngår i sårbart område for nitrogen, skal tilførselen av husdyrgjødsel ikkje overstige 17 kg total nitrogen per dekar.

### Global warming potential (GWP)

Global warming potential for ein gass er definert som den akkumulerte påverknaden på drivhuseffekten frå eitt tonn utslepp av gassen samanlikna med eit tonn utslepp av CO<sub>2</sub> over eit spesifisert tidsrom, vanlegvis 100 år. Ved hjelp av GWP-verdiane blir utsleppa av klimagassane vege saman til CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Følgjande verdiar gjeld: CO<sub>2</sub> - 1, CH<sub>4</sub> - 21 og N<sub>2</sub>O - 310.

### Grasdekte vassvegar

Dette er grasdekte striper i lågareliggjande parti eller på tvers av fallretninga på jordbruksareal. Føremålet med desse stripene er å hindre erosjon/utvasking av jord og næringsstoff.

### Grunnkrins

Føremålet med å dele kommunane inn i grunnkrinsar er å lage små, stabile, geografiske einingar som er føremålstenleg for presentasjon av regionalstatistikk. Grunnkrinsane er utforma slik at dei skal vere stabile over ein rimeleg tidsperiode, og dei skal utgjere eit samanhengjande geografisk område. Dei bør vere mest mogleg einsarta når det gjelder natur og næringsgrunnlag, kommunikasjon og bygningsmessig struktur. Det er ikkje noko krav om at grunnkrinsane skal falle saman med grensene for sokn, skule- eller valkrins. I alt er det definert om lag 13 700 grunnkrinsar.

### Grønsaker på friland

Areal med grønnsaker på friland, inkludert areal med kålrot til mat. Areal med erter og bønner til konserver er ikkje medrekna.

### Innmarksbeite

Omfattar beiteareal avgrensa av permanent gjerde mot utmark og som består av minst 50 prosent nyttbare grasartar.

### Jordbruksbedrift

Omfattar alt areal som blir drive som ei økonomisk eining. For å bli definert som ei jordbruksbedrift skal det vere minst 5,0 dekar jordbruksareal i drift på bruket. I denne rapporten nyttar vi omgrepet bruk og bedrift synonymt med jordbruksbedrift.

### Nitrogen (N) og fosfor (P) i husdyrgjødsel

Nitrogen og fosfor utskilt i gjødsel og urin frå ulike dyreslag. Kg per dyr og år.


Det har i dei seinare åra skjedd ei endring i førsaman- setjinga for å redusere N og P innhaldet i husdyr- gjødsla. Det er førebels ikkje utarbeida nye koeffisien- tar som tek omsyn til disse endringane.

Dyreslag	Total N	Effektiv N	Total P
Hest .....	48	18	7,8
Mjølkeku .....	82	36	12,6
Storfe over 12 md. inkl. ammeku ...	40	18	7,0
Storfe under 12 md. ....	25	9	3,6
Vinterføra sau.....	13	8,5	1,9
Vaksen geit .....	19	8,5	2,6
Avlsgris.....	16	11	5,5
Slaktegris <sup>1</sup> .....	4	2,8	0,8
Høner.....	0,7	0,3	0,19
Kylling <sup>1</sup> .....	0,053	0,02	0,014
Slaktedyr av and <sup>1</sup> .....	0,34	0,136	0,06
Slaktedyr av gås <sup>1</sup> .....	0,34	0,136	0,06
Slaktedyr av kalkun <sup>1</sup> .....	0,34	0,136	0,06
Mink, vaksne.....	4,3	1,72	0,8
Rev, vaksne .....	8,9	3,56	1,74
Avlsdyr and, kalkun og gås .....	0,7	0,3	0,095

<sup>1</sup> Kg per innsette dyr.


Kjelde: Sundstøl og Mroz.

Figur 2.1. Inndelinga i resipientområde innanfor Nordsjøområdet



Kartdata: Statens kartverk og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Figur 2.2. Sårbare område for fosfor (venstre) og nitrogen (høgre)



Kartdata: Statens kartverk og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

### Resipientområde

I området frå svenskegrensa til Lindesnes (fylka 01-10) er det i Vassdragsregisteret definert til saman 16 hovudvassdragsområde med tilhøyrande nedbørfelt. Norsk institutt for vannforskning (NIVA) har på oppdrag frå SFT delt inn dette området i 34 resipientområde (delnedbørfelt) og ni kystsoner (figur 2.1). Denne inndelinga blei gjort spesielt med tanke på modellberekningar av næringsstofftilførsel til Nordsjøen.

### Sårbart område for fosfor

Området dekker alt landareal som drenerer til kyststrekninga svenskegrensa - Lindesnes. Området omfattar mesteparten av Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder, pluss sørlege delar av Sør-Trøndelag (figur 2.2 - venstre kart). Dette området er definert som sårbart område etter Nordsjødeklarasjonen, OSPAR konvensjonen og EUs Avløpsdirektiv (98/15/EEC).

### Sårbart område for nitrogen

Området omfattar alt landareal som drenerer til kyststrekninga Hvaler - Singlefjorden (nedbørfeltet til Glomma) og Indre Oslofjord. Området omfattar mesteparten av Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark og Oppland, pluss sørlege delar av Sør-Trøndelag (figur 2.2 - høgre kart). Området er definert som sårbart etter Nitratdirektivet (91/676/EEC). Området ligg innanfor sårbart område for fosfor, og er dermed også omfatta av dei avtalene som er nemnt i førre avsnitt.

### Tiltaksindikator

Parameter som skildrar ei åtferd eller eit tiltak i jordbruket som påverkar forureiningstilførslane til vassdrag og hav.

### Total fosfor

Alt fosfor i husdyrgjødsel.

### Total nitrogen

Alt nitrogen i husdyrgjødsel, både organisk bunde nitrogen og lettlyselege sambindingar som ammonium ( $\text{NH}_4^+$ ).

## 3. Jordbruksareal i drift

Bruk av jordbruksareal i drift og jordarbeiding i korn- og oljevekstar er omtala i fleire av dei miljøvern-politiske resultatområda til Regjeringa (Stortings-melding nr. 21 (2004-2005)):

### Nasjonale resultatmål

*Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald*

- I trua naturtypar skal inngrep unngåast, og i hennsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar haldast vedlike.
- Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgang oppretthaldast.
- Hausting og annan bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at artar eller bestandar utryddast eller truast.
- Jordressursar som har potensiale for matkornproduksjon, skal disponerast slik at ein tek omsyn til behova framtidige generasjonar har.

*Overgjødsling og oljeforureining*

- Utsleppa av næringsstoffer fosfor og nitrogen til eutrofipåverka delar av Nordsjøen skal vere redusert med om lag 50 prosent for både stofftypene innan 2005, rekna frå 1985.

Med bakgrunn i kostnadseffektivitet for landet sett under eit, er delmåla for reduksjon i næringsstoff frå landbruket satt til 44 og 38 prosent for haldvis nitrogen og fosfor.

*Regional planlegging – viktige arealpolitiske føringar*

- Miljøkvalitetar i landskapet skal sikrast og utviklast gjennom auka kunnskap og bevisst planlegging og arealpolitikk

### Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2001-2004)

*Overgjødsling og oljeforureining*

- Tiltak 1 "Stimulere til at miljøplanar for dei ein-skilde bruk medverkar til auka kunnskap og bevisstgjerjing om hav- og vassforureining hjå den ein-skilde bonde".

- Tiltak 3 "Auke satsinga på samordna tiltak for heile nedbørsfelt særleg retta mot forureina vassdrag".

### 3.1. Bruk av jordbruksareal i drift

Statistikk over bruken av jordbruksareal i drift og fordeling etter jordarbeiding gir oss grunnlag for å vurdere potensialet for jorderosjon og avrenning av næringsstoff.

#### Datakjelder og metodar

Arealtala er henta dels frå dei fullstendige jordbruks-teljningane, og etter 1999 frå totalpopulasjon over jordbruksbedrifter. Totalpopulasjonen, som blir berekna av Statistisk sentralbyrå, består av søkjarar av produksjonstilskot og einingar som ikkje søker tilskot. Aktive jordbruksbedrifter som ikkje søker om produksjonstilskot blir fanga opp av andre administrative register. Einingar som har næringskode for hagebruk blir henta frå Bedrifts- og føretaksregistret, medan husdyr- og arealtal blir berekna ut frå opplysningar i Leveranseregistra for slakt og korn.

Jordbruksbedrifter i totalpopulasjonen som ikkje søker produksjonstilskot består hovudsakeleg av einingar med liten produksjon. Av jordbruksbedriftene som inn-gjekk i Totalpopulasjonen 2004 søkte 95,4 prosent om produksjonstilskot. Arealet det blei søkt tilskot for omfatta 98,7 prosent av det totale jordbruksarealet i drift.

Ser ein på utviklinga av jordbruksareal i drift over tid (1985-2005) har det vore ein tydeleg auke. Ein stor del av denne auken skuldast endringar i reglane for produksjonstilskot. Pristilskota blei redusert tidleg på 1990-talet, medan dei direkte arealtilskota auka sterkt. Desse endringane gjorde at både ein større del av brukarane søker tilskot, og at det økonomisk sett er viktig å inkludere mest mogleg av arealet i søknadene. Ein ser dette tydeleg for areal av innmarksbeite som auka sær mykje.


#### Resultat

Det registrerte jordbruksarealet i drift i 2005 utgjorde 10,36 millionar dekar. Av dette låg 5,02 millionar dekar, eller 48,4 prosent, i området som drenerer til Nordsjøen (sårbart område for fosfor). På landsbasis blei det i perioden 1985-2001 registrert ein auke i

jordbruksarealet på 9,3 prosent. Frå 2002 har det derimot skjedd ein reduksjon i jordbruksarealet kvart år. Førørelse tal for 2005 viser ein reduksjon i

jordbruksareal i drift på 4 000 dekar samanlikna med førørelse tal for 2004. Ei samanlikning med endelege tal for 2004 gir ein reduksjon på om lag 40 000 dekar.


Figur 3.1. Jordbruksareal i drift, fordelt på kvadratkilometer ruter. 2005\*. Dekar



Kartdata: Statens kartverk og Statistisk sentralbyrå.

Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Figur 3.2. Bruken av jordbruksareal i drift. Heile landet. 1985, 1989 og 1995-2005\*. 1 000 dekar



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Trass noen år med nedgang i areal i drift, er 2005-arealet om lag 800 000 dekar høgare enn i 1985. Men fulldyrka areal er nå mindre enn fulldyrka areal i drift i 1989. Vi ser altså ei utvikling der overflatedyrka areal utgjør ein stadig større del av jordbruksarealet i drift.

Jordbruksarealet innan det sårbare området for fosfor auka med 3,3 prosent i perioden 1989-2001. Førebelse tal frå Totalpopulasjonen 2005 viser ein reduksjon i jordbruksareal på 56 700 dekar frå 2001 innan området.

På landsbasis utgjør jordbruksareala 3,4 prosent av det totale landarealet, medan talet for sårbart område for fosfor er 5,0 prosent.

Det er områda Østfold, Vestfold, Akershus, traktene rundt Mjøsa, Jæren og indre delar av Trondheimsfjorden som har mest jordbruksareal i forhold til totalt landareal (figur 3.1).

Arealet med korn og oljevekstar til mogning blei redusert med 6,3 prosent på landsbasis, eller vel 219 000 dekar frå 1985 til 2005 (figur 3.2 og figur 3.3). Både i 2003 og 2004 har haustsådd kornareal lege på eit høgt nivå samanlikna med tidlegare år. 10,0 prosent av korn- og oljevekstarealet blei sådd med haustkorn i 2004. Førebelse tal for 2005 viser 8,2 prosent med haustsådd areal til korn- og oljevekstar.

Korn- og oljevekstareal utgjør no om lag 3,32 millionar dekar eller 32,0 prosent av jordbruksareal i drift i

Noreg. Innafor sårbart område for fosfor står areal av korn- og oljevekstar for heile 54,0 prosent av totalt jordbruksareal i drift.

Det er små endringar i arealet med grønsaker på friland. I heile perioden 1985-2005 utgjorde denne typen areal om lag 0,6 prosent av alt jordbruksareal. Arealet med potet, grønfôr og silovekstar er på landsbasis redusert mykje frå 1985, frå 595 900 dekar i 1985 til berre 292 400 dekar i 2005. I dag utgjør arealet 2,8 prosent av det totale jordbruksarealet.

Arealet med fulldyrka eng til slått og beite auka for heile landet med 14 prosent i perioden 1985-1999. Over lag har denne arealkategorien vore stabil i perioden 2000-2005. I 2005 utgjorde areal av fulldyrka eng 4,87 millionar dekar, eller 47,0 prosent av jordbruksareal i drift. Tilsvarande tal for sårbart område for fosfor er 31,2 prosent.


Arealet med overflatedyrka eng til slått og beite har økt frå 1985 til 2005, og utgjør i dag 264 100 dekar eller 2,6 prosent av jordbruksarealet.

Arealet med innmarksbeite har hatt ein klar auke sidan 1985, og utgjør i dag nærare 1,42 millionar dekar, eller 13,7 prosent av jordbruksarealet. På landsbasis har auken i perioden 2000-2005 vore på 10,3 prosent, men ein ser ein klar tendens til at kurven for innmarksbeite flater ut de siste åra.

Sjå vedleggstabell 1 for detaljert informasjon.



Figur 3.3. Kornarealet sin del av totalt jordbruksareal, fordelt på kvadratkilometer ruter. 2005\*



Kartdata: Statens kartverk og Statistisk sentralbyrå.  
Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

### 3.2. Jordarbeiding til korn og oljevekstar

Jordarbeidingsmetodane er delte inn i haustpløying, haustharving, all jordarbeiding om våren, direktesådd areal og haustsådd kornareal.

Generelt vil areal med vegetasjonsdekke eller areal som ikkje er haustpløgd vere mindre utsett for erosjon og næringssaltavrenning enn areal som er jordarbeidd. Dette gjeld spesielt på areal med høg naturleg erosjonsrisiko (brattlendte, lange hellingar eller lett eroderbare jordartar). Eit viktig tiltak for å redusere forureininga frå jordbruket er å erstatte haustpløying av kornareal med jordarbeiding om våren på dei mest erosjonsutsatte areala.


#### Datakjelder og metodar

Informasjon om korn- og oljevekstareal på jordbruksbedriftene, jordarbeidingsmetode og såtidspunkt er henta frå dei årlege utvalsteljingane for landbruket. Frå og med 1999 blir totalt areal av korn- og oljevekstar henta frå SSB sin totalpopulasjon av jordbruksbedrifter.

Teljingane har hatt med spørsmål om jordarbeiding og såtidspunkt i perioden 1990-2002. Oppgåvene gjeld for hausten før teljingsåret og våren/sommaren i teljingsåret. På grunn av variasjon i utforminga av spørsmål på utvalsteljingsskjema i 1990 og 1991, er det ikkje mogleg å skaffe samanliknelege tal for dei to første åra på alle jordarbeidingsmetodane.

For åra 2003 og 2004 har ein nytta data frå ordninga Tilskot til endra jordarbeiding. Ordninga har omfatta tal for tilskot og areal i stubbåker etter erosjonsrisiko, areal med lett haustharving, areal med direktesådd haustkorn, areal tilsådd med fangvekstar og grasdekte vassvegar. Frå 2005 er denne ordninga og fleire andre blitt erstatta med ordningar i Regionale miljøprogram (RMP). Dette gir til dels store fylkesvise variasjonar i utforming av enkeltordningar og dekningsgrad. Sjå omtale om Regionale miljøprogram i temaboks 3 i kapittel 11.

Figur 3.4. Del av totalt korn- og oljevekstareal som ligg i stubb om våren<sup>1</sup>. Heile landet, utvalde fylke og sårbare område. 1990/91, 1995/96, 2000/01, 2003/04, 2004/05 og 2005/06. Prosent



<sup>1</sup> Rogaland hadde ikkje tilskotsordning for endra jordarbeiding i 2005.

Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå (1990/91-2001/02) og Statens landbruksforvaltning (2002/03-2005/06)

Resultat som omhandlar jordarbeiding byggjer som nemnt på to ulike kjelder. Tal frå utvalsteljningane vil ligge noko over tala frå tilskotsordninga, sia tilskotsordninga i første rekkje er tiltenkt areal som er utsett for erosjon. I 2001/02, som er siste år ein har data frå begge kjeldane, låg utvalsteljninga sine totaltal for areal som låg i stubb om våren 7 prosentpoeng over talet frå tilskotsordninga. Overgangen frå landsdekkjande til regionale ordningar for 2005 betyr at de enkelte ordningane ikkje gjeld for heile landet, bare for dei fylka som har prioritert slike ordningar. Som eksempel har ikkje Rogaland tilskot til endra jordarbeiding, medan Nord-Trøndelag ikkje har ordningar for fangvekstar.

Tal over fangdammar og våtmarker blei tidlegare henta frå tilskotsordninga Investeringsstøtte til miljøtiltak, medan tal over miljøretta omlegging av korn- til grasproduksjon blei henta frå tilskotsordninga Miljøretta omlegging i kornområdet (MOMLE). Begge desse ordningane, med fleire, er frå 2004 innlemma i tilskotsordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).

## Resultat

### Jordarbeiding og erosjonsrisiko


Resultat som omhandlar jordarbeiding byggjer på ulike kjelder. I perioden 1990-2002 er resultatene henta frå dei årlege utvalsteljningane i landbruket, medan

resultat frå 2003/04 er henta frå tilskotsordninga for endra jordarbeiding og frå 2005 er kjelda RMP.

I følgje tal frå utvalsteljningane gjekk delen med haustpløgd kornareal ned frå 81,6 til 43,2 prosent på landsbasis i perioden 1989/90 til 2001/02. Reduksjonen frå 1999/00 til 2001/02 utgjorde meir enn 10 prosentpoeng. Tal frå tilskotsordninga viser at 51,3 prosent av korn- og oljevekstarealet blei haustpløgd i 2005/06. Innanfor sårbart område for fosfor og nitrogen blei høvesvis 51,3 og 50,3 prosent av arealet pløgd hausten 2005.

Areal som låg i stubb om våren var i 1995/96 1,34 mill. dekar, eller 39 prosent av areal til korn- og oljevekstar. I 2001/02 hadde dette arealet auka til 1,80 mill. dekar (53,0 prosent). Auken var spesielt stor frå 1999/00 til 2000/01, da delen av arealet som låg i stubb endra seg frå 42,1 prosent til 50,6 prosent. Tilskotstala for 2005/06 viser at 1,39 mill. dekar, eller 42 prosent, låg som stubb våren 2006. Del av kornarealet som låg i stubb våren 2006 i sårbart område for fosfor var 41 prosent, medan tilsvarende tal for sårbart område for nitrogen var 40,8 prosent. Av tilskot til areal utan jordarbeiding hausten 2006 gjekk 58,4 prosent til areal med låg og middels erosjonsrisiko, 39,8 prosent til areal med stor og svært stor erosjonsrisiko. 1,8 prosent av areala var ikkje delt etter erosjonsrisiko.

**Figur 3.5. Del av korn- og oljevekstareal, etter metode for jordarbeiding. Heile landet. 1992/93-2005/06. Prosent**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå (1992/93-2001/02 og Statens landbruksforvaltning (2002/03-2005/06).

Sjølv om det er nytta ulike kjelder i figur 3.4, har det vore ein tydeleg nedgang dei seinare åra i delen av areala til korn- og oljevekstar som ligg i stubb om våren i fylka Østfold, Buskerud og Vestfold. I Oppland og Sør-Trøndelag har delen auka i same perioden, medan fylka Akershus og Nord-Trøndelag har hatt bare små endringar frå 2000 til 2005.

Variasjon i areal som ligg i stubb kan skuldast endringar i areal med haustsådd korn, samt vêrforhold om hausten. Mykje nedbør om hausten vil føre til sein innhausting slik at det blir for seint å så haustkorn. Utvikling i satsane for tilskot til endra jordarbeiding har truleg óg mykje å seie. I tillegg til areal i stubb blir det óg gitt tilskot til haustkorn som blir direktesådd og haustkorn som blir sådd etter lett haustharving, men dette omfattar bare delar av totalt haustsådd areal. Opplysningane i figur 3.5 bygger dels på data frå dei årlege utvalsteljingane, dels på data frå tilskotsordningane for endra jordarbeiding og RMP. Ved utvalsteljingane har det ikkje vore spurt om metode for jordarbeiding før arealet blei sådd med haustkorn.

Totalt haustsådd areal er gitt i vedleggtabell 1. Både i 1995 og 2000 utgjorde haustsådd kornareal rundt 3 prosent av totalt kornareal. Av kornarealet i 2002 blei 1,4 prosent tilsådd hausten 2001. Dette auka til 9,6

prosent tilsådd hausten 2002. Av kornarealet i 2004 var om lag 10 prosent sådd hausten 2003. Førebels tal for 2005 er 8,2 prosent haustsådd kornareal. For areal tilsådd hausten 2004 utgjør arealet med tilskot om lag 17 prosent av totalt areal av haustkorn.

Sjå elles vedleggstabell 1, 2 og 3.


#### *Jordarbeiding i Nordsjøområdet*

Storleiken på areal med korn- og oljevekstar i resipientområdet er samanstillt med praksis for jordarbeiding i figur 3.6. Det er til dels store variasjonar i jordarbeidingspraksis mellom dei ulike områda. Det kan sjå ut som at haustpløying er meir utbreidd på flatbygdene langs Oslofjorden, Mjøsa og i Sør-Hedmark, medan korndyrkarane i indre strøk av Oppland, Hedmark, Buskerud og langs Sørlandskysten i større grad gjer arbeidet om våren. Ei forklaring på dette kan nok vere at bruka på flatbygdene jamt over er mykje større enn i indre strøk, og at gardbrukarane derfor er avhengige av å gjere unna meir av jordarbeidinga på hausten for å unngå tidsnaud på vårparten. Haustharving og direktesåing blir praktisert på ein forholdsvis liten del av korn- og oljevekstareala i enkelte område.

#### *Fangvekstar og grasdekte vassvegar*

I tillegg til å gi støtte til endra jordarbeiding yter landbruksstyresmaktene støtte til etablering av fangvekstar og grasdekte vassvegar. Frå 1999/00 til 2001/02 auka arealet med fangvekstar med så mykje som 715 prosent, og nådde eit nivå på 351 300 dekar. I 2003/04 registrerte ein for første gong ein reduksjon i arealet med fangvekstar. Det blei da dyrka fangvekstar på 249 300 dekar, som tilsvare ein reduksjon på 29 prosent frå året før. I 2004/05 blei arealet av fangvekstar ytterlegare redusert med 10 prosent til 225 000 dekar. I 2005 utgjorde areal tilsådd med fangvekstar 117 000 dekar. Nord-Trøndelag har ingen tilskotsordningar for fangvekstar i 2005. I 2004 hadde fylket 36 500 dekar tilsådd med fangvekstar. Nedgangen i areal med fangvekstar dei tre siste åra har vore størst i Akershus/Oslo og Rogaland. Dette var og fylka kor det blei dyrka mest fangvekstar i høve til kornarealet i 2002/03. I sårbart område for fosfor utgjorde areal med fangvekstar i 2005 3,7 prosent av kornarealet, medan tilsvarende tal for sårbart område for nitrogen var 5,0 prosent (figur 3.8). For heile landet var prosenten 3,5. I "toppåret" 2002 var 10,6 prosent av kornareal tilsådd med fangvekstar.

Figur 3.6 Jordarbeiding i resipientområda som inngår i Nordsjøområdet/sårbart område for fosfor. 2005\*



Kartdata: Statens kartverk og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).  
 Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens landbruksforvaltning

Tabell 3.1. Satsar for tilskot til endra jordarbeiding m.m. Kroner per dekar. 2004/05

Jordarbeiding	Erosjonsklasse	Kr/dekar
Areal utan jordarbeiding om hausten	Liten erosjonsrisiko	40
	Middels erosjonsrisiko	60
	Stor erosjonsrisiko	110
	Svært stor erosjonsrisiko	140
Lett haustharving	Alle klassar	30
Direktesådd haustkorn	Alle klassar	40
Haustkorn, sådd etter lett haustharving	Alle klassar	30
Fangvekstar	For Østfold, Oslo og Akershus, Hedmark og delar av Oppland	110
	For resten av landet	70
	Grasdekte vassvegar/striper	Alle klassar

*Utbetalt tilskot til endra jordarbeiding, fangvekstar og grasdekte vassvegar*

Frå hausten 1991 er det gjeve særskilt økonomisk støtte til jordbruksbedrifter som ikkje gjennomfører jordarbeiding om hausten på erosjonsutsett korn- og oljevekstareal, til open åker sådd med fangvekstar og til areal med grasdekte vassvegar. Tabell 3.1 viser

beløpsatsane for 2004. Innføring av regionale miljøprogram frå 2005 har ført til at satsane for same tiltak kan variere sterkt frå fylke til fylke.

Tilskotsordninga for endra jordarbeiding blei innført i 1993 med et utbetalt tilskot på 93 mill. kroner i 1994. Auken i utbetaling var særst stor frå 2000/01 til 2001/02 da det blei utbetalt 25,1 millionar, eller 18,9 prosent, meir enn året før. Ordninga med endra jordarbeiding var så populær i 2001/02 at omsøkt beløp oversteig det beløpet som var avsett til ordninga. Alle arealsatsar måtte reduserast med 10 kroner per dekar. Totalt blei det i 2004/05 utbetalt 150,7 millionar kroner, inkludert tal for Hedmark som var prøvetylke for Regionale miljøprogram. Utbetalte tilskott frå RMP for 2005/06 utgjer i alt 156,3 mill. kroner for tiltak gruppert under hovuo-området "Avrenning til vassdrag". Tabell 3.2 viser tilskot og aktivitetsdata (dekar/meter) fordelt på enkeltordningar.

**Tabell 3.2. Aktivitets- og tilskotsdata for hovudområdet "Avrenning til vassdrag". 2005/06**

Ordning	Aktivitetsdata	Tilskot, mill kroner
Ingen jordarbeiding/stubbåker	1 393 324 daa	123,6
Direkte sådd haustkorn	5 674 daa	0,4
Lett haustharving	177 150 daa	7,6
Haustkorn etter lett harving	38 619 daa	3,2
Fangvekstar	117 286 daa	9,7
Grasdekte vassvegar	1 662 daa	1,0
Grasdekte vassvegar	92 925 meter	0,6
Buffer- og vegetasjonssonar	3 122 daa	2,5
Diverse	130 828 daa	7,7
I alt		156,3

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

Utbetalt tilskot til dyrking av fangvekstar har gått ned frå 37,7 millionar i 2001/02 til 9,7 mill. kroner i 2005/06. For grasdekte vassvegar blei det i 2004/05 utbetalt et tilskot på 2,2 mill. kroner. For 2005/06 er dette delt på to typar tiltak avhengig av fylke. Østfold, Akershus og Telemark har innført eit arealtilskot til vassvegar, medan andre fylke utbetalar tilskot etter meter med vassvegar. Totalt er tilskotet i 2005/06 1,7 mill. kroner. I 2005/06 er det og utbetalt 2,5 mill kroner i tilskot til buffer- og vegetasjonssonar.

#### Fangdammar og våtmarker


Bygging av fangdammar og våtmarker er eit økologisk reinsetiltak for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff ved hjelp av naturen sin eigen evne til sjølvreinsing.

Frå ordninga starta i 1994 var det ein gradvis auke i talet på nye fangdammar. Auken var spesielt stor frå 2000 til 2002 da talet på nye dammar auka frå 39 til 100. Dei to siste åra er det bygd nokre færre fangdammar. I alt blei det bygd 71 nye fangdammar i 2004, med eit tilskotsbeløp på 5,97 millionar kroner. Tilsvarende tal for 2005 er 67 nye fangdammar og 5,7 mill kroner i tilskot (figur 3.9).

Når det gjeld bygging av fangdammar og våtmarker er det fylka Rogaland, Østfold og Akershus/Oslo som utmerkar seg. I perioden 1999-2005 er det bygd 160 nye fangdammar i Rogaland, som tilsvarar 36 prosent av alle fangdammar som er bygd i perioden. I same periode er det bygd 102 fangdammar i Østfold, medan 66 er bygd i Akershus/Oslo.

#### Miljøretta omlegging i kornområde

Føremålet med miljøretta omlegging i kornområde er å redusere erosjon i utsette område. Målet med ordninga er å få ei varig omlegging frå korn/open åker til gras på areal med stor erosjonsrisiko.

**Figur 3.7. Miljøretta omlegging i kornområde. 1997-2005. Tilskot i kroner og omlagt areal med tilskot i dekar**

Kjelde: Statens landbruksforvaltning.

I perioden 1997-2003 var dette ei eiga tilskotsordning, men den blei frå 2004 innlemma i ordninga tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Totalt blei det utbetalt nær 31 millionar kroner til omlegging av 46 700 dekar i perioden 1997-2003. Omleggingsaktiviteten var størst dei første åra etter at tilskotsordninga blei etablert (sjå figur 3.7). I 2004 blei det utbetalt 1,6 millionar kroner til miljøretta omlegging i kornområde gjennom SMIL, i 2005 0,44 millionar kroner. Arealomfanget blei ikkje registrert i 2004 og 2005.

#### Erosjonsrisiko


Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) har klassifisert jordbruksarealet etter erosjonsrisiko på om lag 47 prosent av jordbruksarealet (sjå vedleggstabell 4). Totalareal for dei ulike erosjonsklassane i kvart fylke er berekna.

Risikoen for erosjon er delt inn i fire klassar:

1. Liten (jordtap <50 kg/daa og år)
2. Middels (jordtap 50-199 kg/daa og år)
3. Stor (jordtap 200-800 kg/daa og år)
4. Svært stor (jordtap >800 kg/daa og år)

Det kartlagde arealet utgjorde per 2004 4,1 millionar dekar. Omfanget av kartlagt areal varierer frå 0,5 prosent i Sogn- og Fjordane til 100 prosent i Vestfold og i Akershus/Oslo. På 898 300 dekar, som tilsvarar 22 prosent av det kartlagde arealet, er erosjonsrisikoen klassifisert som stor eller svært stor. Det er viktig å merkje seg at det kartlagde arealet ikkje nødvendigvis er representativt for det totale arealet i fylka, sidan NIJOS først og fremst har konsentrert seg om å kartlegge dei mest erosjonsutsette områda først.


**Figur 3.8. Del av korn- og oljevekstareal med fangvekstar. Heile landet, utvalde fylke og sårbare område. 1997/98, 2000/01, 2002/03-2005/06. Prosent**



<sup>1</sup>Nord-Trøndelag hadde ikkje tilskotsordning for fangsvekstar i 2005.

Kjelde: Statens landbruksforvaltning.

**Figur 3.9. Talet på nye fangdammar og våtmarker med tilskot. Heile landet. 1994-2005**



Kjelde: Statens landbruksforvaltning.

## 4. Gjødsel

Praksis rundt lagring og bruk av husdyrgjødsel har mykje å seie for miljøpåverkinga. Handtering av husdyrgjødsel og bruk av handelsgjødslar blir mellom anna omtala i to av Regjeringas miljøvernpolitiske resultat-område (Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)):

### Nasjonale resultatmål

#### Overgjødslar og forureining

- Utsleppa av næringsakta fosfor og nitrogen til eutrofipåverka delar av Nordsjøen skal vere reduserte med om lag 50 prosent for baa stofftypane innan 2005, rekna frå 1985.

Med bakgrunn i kostnadseffektivitet for landet sett under eit, er delmåla for reduksjon av næringsstoff i frå landbruket satt til 44 og 38 prosent for hendingvis nitrogen og fosfor.

#### Klimaendringar, luftforureining og støy

- Utsleppa av ammoniak (NH<sub>3</sub>-utsleppa) til luft skal maksimalt vere 23 000 tonn f.o.m. 2010.

### Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2001-2004)

#### Overgjødslar og forureining

- Tiltak 1 "Stimulere til at miljøplanar for dei einskilde bruk medverkar til auka kunnskap og bevisstgjerung om hav- og vassforureining hjå den einskilde bonde".
- Tiltak 2 "Sette i verk informasjonstiltak for betre handtering av husdyrgjødsel, noko som skal medverke til å redusere avrenning og tap av næringsstoff".
- Tiltak 3 "Auke satsinga på samordna tiltak for heile nedbørsfelt særleg retta mot forureina vassdrag".

#### Klimaendringar, lokal luftforureining og støy

- Tiltak 1 "Medverke til betre informasjon om gode lagrings- og spreieteknikkar av husdyrgjødsel".

Det er berekna at jordbruket står for om lag 95 prosent av ammoniakutsleppa i Noreg. Utsleppa frå jordbruket stammer i hovudsak frå handels- og husdyrgjødsel og ammoniakbehandling av halm. Utsleppa frå husdyr er sterkt knytte til talet på husdyr og skjer frå husdyrrom,

frå lager for husdyrgjødsel og frå jorder der husdyrgjødsel blir spreidd. Utslepp skjer og når dyr er på beite.

Utslepp av metan kjem frå husdyr og frå handels- og husdyrgjødsel. Landbruket står for om lag 39 prosent av dei norske metanutslappa.

### 4.1. Handelsgjødslar

Tiltaksindikatorane for bruk av handelsgjødslar er:

- Total omsetnad av handelsgjødslar (nitrogen (N) og fosfor (P))
- Mengd handelsgjødslar (N og P) per dekar til korn- og oljevekstar og til fulldyrka eng

Betre tilpassing av gjødslinga til næringsbehovet hos plantane er eit effektivt verkemiddel for å redusere forureininga frå jordbruket. Kvart år blir det satsa monalege ressursar i dette arbeidet gjennom utarbeiding av gjødslingsplanar, prognosar for N-behov i vekstsesongen osv. Ved bruken av delt gjødsling til korn og oljevekstar vil ein lettare kunne tilpasse gjødslinga til avlingsnivået det enkelte året. Kva som er optimal gjødsling til korn/oljevekstar og til fulldyrka eng vil variere alt etter avlingsnivå og dei naturlege tilhøva i dyrkingsområdet.

Det finst per i dag ingen gode statistiske kjelder for gjødslingspraksis til vekstar som poteter, grønnsaker mfl.

### Datakjelder og metodar

Informasjon om bruk av handelsgjødslar (kg nitrogen og fosfor per dekar) og arealet av korn- og oljevekstar til mogning blir henta frå Landbruksundersøkinga (tidlegare Utvalsteljing for landbruket).

Informasjon om bruken av handelsgjødslar til fulldyrka eng blir og henta frå Landbruksundersøkinga, medan areal av fulldyrka eng på utvalsteljingsbruka blir henta frå søknad om produksjonstilskot per 31. juli det aktuelle året. Informasjon om bruk av nitrogen og fosfor i handelsgjødslar finst på utvalsteljing for landbruket frå og med teljinga i 1990. Dei rapporterte opplysningane gjeld for gjødsling gitt i kilo nitrogen og fosfor per dekar til korn og fulldyrka eng året før teljingsåret, og blir ved vidare berekningar samanstilte med arealdata gjeldande for teljingsåret. Data frå utvalsteljinga må "blåsast opp"

med eit sett av faktorar for å få totalforbruk. Tala frå utvalsteljinga er derfor ikkje heilt i samsvar med areal- og husdyrtal frå søknader om produksjonstilskot.

2001/02 er siste året det blei samla inn tal for gjødslingsnivå ved Landbruksundersøkinga. Nivået var særst stabilt dei siste åra det ble samla inn tal. For åra 2003-2005 er derfor nivååta berekna ved å vekte tala for 2001/02 i forhold til ajourførte arealtal for korn og oljevekstar og fulldyrka eng henta frå totalpopulasjonen av jordbruksbedrifter.

Mattilsynet gir årleg ut statistikk for omsett mengd handelsgjødsla av ulike gjødselslag. Noko av den omsette handelsgjødsla blir brukt i andre sektorar enn jord- og hagebruk. Budsjettnemda for jordbruket har berekna at forbruket av handelsgjødsla utanom jord- og skogbruk utgjer ca. 3 prosent av totalt forbruk. Frå 1. januar 2000 blei miljøavgiftene på handelsgjødsla fjerna, og prisen på gjødsla redusert med om lag 16 prosent. For 1999 utgjorde miljøavgiftene totalt 158,4 mill. kr. Endringane i avgifter og prisar kan ha påverka omsetningstala for 1998/99 og 1999/00.

## Resultat

### Omsetnad av handelsgjødsla

Det var ein nedgang i omsetnaden av handelsgjødsla frå 1979/80 til 2000/01. Nedgangen fordel seg svært ulikt mellom nitrogen og fosfor med høvesvis 9 prosent og 57 prosent reduksjon i perioden 1979/80 - 2000/01. I perioden 2002/03 - 2004/05 har det vore ein svak auke i omsetnaden av handelsgjødsla, men omsetnaden ligg framleis under nivået på 1990-talet.

Omsetnaden av nitrogen auka noko i perioden 1993/94-1996/97, til nærare 113 000 tonn. I 2000/01 var omsetnaden redusert til 100 600 tonn. Etter 2000/01 har omsetnaden auka, og i alt blei det omsett 106 900 tonn i 2004/05. Dette er ein auke på 1,7 prosent frå året før.

I 2000/01 blei det omsett 12 400 tonn fosfor, og dette er den lågaste omsetnaden av fosfor som er registrert sia 1949/50. Etter 2000/01 har det vore ein stabil omsetnad av fosfor. I 2004/05 blei det omsett 12 700 tonn fosfor, ein reduksjon på 1 prosent frå året før.

### Forbruk av handelsgjødsla nitrogen (N) til korn- og oljevekstar og fulldyrka eng


Figur 4.2 viser at det på landsbasis har vore ein auke i bruken av nitrogen i handelsgjødsla per dekar til korn- og oljevekstar i perioden 1989/90-1995/96, men nivået seinare viser ein svak nedgåande tendens. I 1995/96 blei det i gjennomsnitt tilført 11,2 kg handelsgjødsla nitrogen per dekar korn- og oljevekstar. Tilsvarende tal for 2004/05 var 10,9 kg.

For fulldyrka eng var gjødslingsnivået relativt stabilt fram til 1998/99. Frå 1998/99 til 1999/00 blei det registrert ein nedgang frå 13,5 til 13,0 kg handels-

gjødsla nitrogen per dekar fulldyrka eng, som og har vore nivået dei siste åra.


For handelsgjødsla til korn og fulldyrka eng er det rekna ut ei mengd nitrogen som for heile landet utgjer 93 prosent av total mengd omsett nitrogen i 2003/04. Dette kan forklarast med at berekna mengd handelsgjødsla ikkje omfattar gjødsla spreidd på innmarksbeite og areal med grønfor og silovekstar, potet og grøn-saker, og at ikkje all omsett handelsgjødsla blir spreidd på jord- og hagebruksareal.

Figur 4.1. Omsett mengd nitrogen (N) og fosfor (P) i handelsgjødsla. Heile landet. 1949/50-2004/05. 1 000 tonn verdstoff



Kjelde: Mattilsynet.

Figur 4.2. Forbruk av nitrogen (N) i handelsgjødsla per dekar korn- og oljevekstareal og fulldyrka eng. Heile landet. 1989/90-2004/05\*. Kg/da



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.




*Handelsgjødsel fosfor (P) til korn- og oljevekstar og fulldyrka eng*

Figur 4.3 viser at det for heile landet var ein klar nedgang i bruken av fosfor i handelsgjødsel per dekar til korn og oljevekstar fram til 1992/93. I heile perioden 1993/94-1998/99 har gjødslingsnivået heldt seg stabilt på omlag 2 kg per dekar, mens det sia er redusert til 1,9 kg per dekar. For fulldyrka eng blei forbruket kraftig redusert fram til 1994/95, men låg fram til 1999/00 over lag på 1,7 kg fosfor per dekar. Sia har gjødselmengda lege på 1,5 kg fosfor per dekar.


Utrekna mengd fosfor i handelsgjødsel til korn og fulldyrka eng er 9 prosent høgare enn omsett mengd fosfor i handelsgjødsel i 2004/05. Den faktiske forskjellen er truleg noko større sidan dei berekna tala berre omfattar areal med korn- og oljevekstar og fulldyrka eng. Ved teljingane skal oppgåvegivarane gje berre eitt tal for kilo fosfor i handelsgjødsel brukt per dekar til korn og oljevekstar og eitt tal per dekar til fulldyrka eng. Ein vil tru at gjødslinga i praksis vil variere og at svært få nyttar same mengd gjødsel på alt areal. På bakgrunn av dette må det understrekast at mengdene av nitrogen og fosfor i handelsgjødsel som er utrekna frå teljingane først og fremst er nyttige for å vise regionale forskjellar og utvikling over tid.

**Figur 4.3. Forbruk av fosfor (P) i handelsgjødsel per dekar korn- og oljevekstareal og fulldyrka eng. Heile landet. 1989/90-2004/05\*. Kg/da**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Figur 4.4. Gjennomsnittleg mengd fosfor (venstre kart) og nitrogen (høgre kart) per dekar korn og oljevekstareal etter resipientområder. 2005\*. Kg/da**



Kartdata: Statens kartverk og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

## 4.2. Husdyrgjødsel

Betere utnytting av husdyrgjødsel vil redusere tap av næringsstoff frå gjødsel. Næringsinnhaldet i husdyrgjødsel vil avhenge av mellom anna føring, lagringsmetode for husdyrgjødsel og korleis gjødsel blir spreidd. Berekningane av nitrogen- og fosforinnhald i husdyrgjødsel er gjort i samsvar med talet for dei ulike dyreslaga i dei einssilde åra.

Husdyrproduksjonen er geografisk skeivt fordelt. Dette medfører at forholdet mellom gjødselmengd og tilgjengeleg spreieareal varierer mellom dei ulike regionane.

### Datakjelder og metodar

Informasjon om talet på jordbruksbedrifter med husdyr, talet på husdyr, husdyrgjødselmengder, talet på gjødseldyreiningar og areal på jordbruksbedrifter med husdyr, er henta frå totalpopulasjonen for jordbruket som bereknast av Statistisk sentralbyrå. Opplysningar om areal som er gjødsel, mengd gjødsel på dei ulike arealgruppene samt når det blei gjødsel er mellom anna henta frå ei spesialundersøking om bruk av husdyrgjødsel i 2000. Omrekningsfaktorane som blir nytta ved utrekning av husdyrgjødselmengder og gjødseldyreiningar er vist i kapittel 2. Datakjelder og definisjonar.

Talet på husdyr som ligg til grunn for ulike utrekningar i denne rapporten, er gjennomsnittet av oppgaver over jordbruksbedriftene si besetning per 31. juli og 31. desember same år. For slaktegris, slaktekylling, kalkun, and og gås nyttar ein tal for dyr som er slakta/selde i løpet av eit år.


### Resultat

Det er store regionale forskjellar når det gjeld mengd husdyrgjødsel og tilgjengeleg spreieareal. Dei største gjødselmengdene finst i husdyrfylke som Oppland og Hedmark og fylka frå Rogaland til Nordland (figur 4.8). For heile landet har mengd fosfor og nitrogen i husdyrgjødsel endra seg lite sia 1990-talet. Berekningar for 2004/05 viser at det blei spreidd 12 140 tonn fosfor og 34 992 tonn effektivt nitrogen frå husdyrgjødsel (figur 4.9 og 4.10).

Ei spesialundersøking om bruk av husdyrgjødsel (Gundersen og Rognstad 2001) viser at 31 prosent av fosforet i husdyrgjødsel blei spreidd på open åker, medan 69 prosent blei spreidd på eng og beite i 2000 (figur 4.5 og 4.6). Størparten av husdyrgjødsel blei spreidd under vekstsesongen (frå våronnstart til 1. september). Av husdyrgjødsel som blei spreidd på eng og beite, blei 94 prosent tilført i vekstsesongen. Tilsvarende tal for open åker var 78 prosent.


Sjå SSB rapport 2001/39 for resultat frå ei spesialundersøking om lagring og bruk av husdyrgjødsel.

Figur 4.5. Mengd fosfor i husdyrgjødsel spreidd på eng og beite, og del av gjødsel spreidd i vekstsesongen. Region. 2000



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Figur 4.6. Mengd fosfor i husdyrgjødsel spreidd på open åker, og del av gjødsel spreidd i vekstsesongen. Region. 2000



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.


## 4.3 Avløpsslam

Slam er eit restprodukt frå reinseprosessen ved avløpsreinseanlegga. Avløpsslammet inneheld både organisk materiale og plantenæringsstoff, noko som gjer at det kan brukast som gjødsel/jordforbetningsmiddel på jordbruks- og grøntareal.

### Datakjelder og metodar

Informasjon om avløpsslam er samla inn ved KOSTRA-rapporteringa direkte frå kommunane.

**Figur 4.7** Mengd avløpslam disponert til jordbruksføremål og anna disponering<sup>1</sup>. Fylke. 2004. Tonn tørrstoff



<sup>1</sup> Figuren viser kor store slammengder som er disponert i dei ulike fylka, men slammet treng ikkje nødvendigvis å vere produsert i det same fylket som det blei disponert.

Kjelde: Avløpsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Resultat**

For 2004 rapporterte kommunane at 112 000 tonn slamtørrstoff blei disponert til ulike føremål. Sidan nokre kommunar ikkje har oversikt over slutt-disponeringa av slam, og dermed ikkje har rapportert tal, må desse tala sjåast på som eit minimum. For 2004 utgjorde dei rapporterte slammengdene disponert til jordbruksføremål om lag 42 000 tonn, eller 37 prosent av total disponert slammengd. Nordsjøfylka (fylka 01 Østfold - 10 Vest-Agder) stod for nærare 93 prosent av alt slammet som blei rapportert disponert til jordbruksføremål (figur 4.7 og vedleggstabell 9).

Samansetjing av slammet frå avløpsreinsanlegga varierer mykje frå anlegg til anlegg, dels også frå år til år. Type avløpsvatn som blir leia inn på anlegget, samt reinse- og slambehandlingsmetode er avgjerande faktorar for innhaldet av tungmetall og næringsstoff i slammet. Innhaldet av tungmetall i avløpslam som vart disponert i 2004 er vist i tabell 4.1.

**4.4. Berekna gjødselmengd totalt**

Summen av handelsgjødsel, husdyrgjødsel, kjøttbeinmjøl og slam disponert til jordbruksføremål uttrykker tiltaksindikatoren total gjødselmengd tilført jordbruket. Med tanke på avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal, er utrekningar av totale mengder næringsstoff tilført jordbruksarealet særskild viktig.

**Tabell 4.1.** Innhald av tungmetall i avløpslam. Heile landet. 2004

	Medel-verdi	Maks-verdi <sup>1</sup>	Grense-verdi jordbruk	Grense-verdi grøntareal	Endring i medelverdi 2003-2004
	Milligram per kilo tørrstoff				Prosent
Kadmium (Cd)	0,8	1,3	2	5	-10,3
Krom (Cr)	19,7	37,5	100	150	-15,7
Koppar (Cu)	263,3	361,0	650	1 000	-1,6
Kvikksylv (Hg)	0,8	2,2	3	5	-7,3
Nikkel (Ni)	13,9	25,7	50	80	-0,5
Bly (Pb)	20,4	29,7	80	200	-5,6
Sink (Zn)	324,1	425,5	800	1 500	-0,6

<sup>1</sup> Verdiane er vektta mot mengd avløpslam som er disponert frå dei ulike avløpsanlegga

Kjelde: Avløpsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Datakjelder og metodar**


I avsnitta 4.1, 4.2 og 4.3 er det gitt forklaring til datakjelder og metodar for handelsgjødsel, husdyrgjødsel og slam. Data om innrapportert kjøttbeinmjøl som brukast i jordbruket er henta frå Mattilsynet.

**Resultat**

Figur 4.9 viser summen av omsett mengd nitrogen i handelsgjødsel, og utrekna mengd effektivt nitrogen i husdyrgjødsel og kjøttbeinmjøl for heile landet. I perioden 1990-2000 har den totale mengda av effektivt nitrogen variert lite. Ytterpunktta var 149 200 tonn i 1996/97 og 142 900 tonn to år etter. For 2000/03 blei det berekna ei total mengd på 136 500 tonn nitrogen. Dei siste åra har den totale mengda auka noko, til 141 000 tonn i 2003/04. I tillegg kjem nitrogen i avløpslam, men dette utgjør ein forsvinnande liten del av den totale mengda (i overkant av 250 tonn, eller 0,18 prosent, i 1999). Sjå vedleggstabell 7.

Figur 4.10 viser summen av omsett mengd fosfor i handelsgjødsel, og utrekna mengd fosfor i husdyrgjødsel, avløpslam og kjøttbeinmjøl for heile landet. Frå 1989/90 til 1994/95 blei total mengd fosfor redusert frå om lag 27 700 tonn til 25 100 tonn. Fosfor frå avløpslam er ikkje inkludert i desse tala, da det berre finst tal for perioden etter 1993. Frå 1995/96 til 2001/02 varierte omsett mengd fosfor mellom 25 800 og 27 000 tonn. I 2003/04 er det berekna ei total mengd fosfor på 26 200 tonn, slam og kjøttbeinmjøl inkludert. Slam og kjøttbeinmjøl utgjør ein forholdsvis liten del av dei totale tilførslane av fosfor, henhaldsvis 2,3 og 3,0 prosent i 2003/04. Mesteparten av slammet blir brukt i nærområda til større avløpsreinsanlegg, og kan derfor vere av stor verdi lokalt. Sjå vedleggstabell 8.


Figur 4.8. Talet på gjødseldyreiningar (GDE) per km<sup>2</sup> jordbruksareal i drift, etter grunnkrins. 2005\*



Kartdata: Statens kartverk.


Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Figur 4.9.** Omsett mengd nitrogen i handelsgjødsel og berekna mengd effektivt nitrogen spreidd i husdyrgjødsel og kjøttbeinmjøl. Heile landet. 1989/90-2004/05\*. 1 000 tonn



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Mattilsynet.

**Figur 4.10.** Omsett mengd fosfor i handelsgjødsel, berekna mengd fosfor spreidd i husdyrgjødsel og i kjøttbeinmjøl, og berekna mengd fosfor i slam disponert til jordbruksføremål. Heile landet. 1989/90-2004/05\*. 1 000 tonn



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Mattilsynet.

## 5. Bruk av plantevernmidde

I Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005) er bruk av plantevernmidde omtala i eit av dei miljøvernpolitiske resultatområda:

### Nasjonale resultatmål

*Helse- og miljøfarlege kjemikalier*

- Utslepp og bruk av kjemikalier som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med føremål om å stanse utsleppa innan ein generasjon (25 år, dvs. innan 2020).
- Risiko for at utslepp og bruk av kjemikalier valdar skade på helse og miljø skal reduserast vesentleg.

### Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2002-2004)

*Helse- og miljøfarlege kjemikalier*

- Tiltak 1 "Utvikle statistikk, målemetodar og indikatorar som kan brukast til å beskrive utviklinga helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmidde".
- Tiltak 2 "Utvikle godkjeningsordninga for plantevernmidde vidare med omsyn til helse og miljø".
- Tiltak 3 "Føre vidare og styrke arbeidet med kompetanseheving hos brukarane av plantevernmidde".
- Tiltak 4 "Optimalisere rammevilkåra for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde gjennom alternative metodar, godt sprøyteutstyr og prognosevarsling".
- Tiltak 5 "Programma for overvaking av plantevernmidde i næringsmidde og i miljøet førast vidare og styrkast".
- Tiltak 6 "Intensivere FoU som grunnlag for utvikling av alternative metodar og tiltak som kan redusere behovet for kjemiske plantevernmidde".
- Tiltak 7 "Vurdere nivået på miljøavgifta på plantevernmidde i årlege budsjettforslag, med sikte på å utløyse nødvendige miljøeffektar".

Som følge av Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde (1998-2002) blei det sett i verk ei rekkje tiltak for å redusere miljøbelastninga ved bruk av plantevernmidde. Det gjeld blant anna krav om føring av sprøytejournal, funksjonstesting av sprøyteutstyr, prognosevarsling og autorisasjon av

forhandlarar og brukarar. Desse tiltaka med fleire blir vidareført i den nye handlingsplanen for perioden 2004-2008. I planen for 2004-2008 er det satt som mål å redusere risikoen ved bruk av plantevernmidde med 25 prosent i planperioden.

Eit viktig steg for å nå dei nasjonale måla er substitusjonsprinsippet. Mattilsynet har heimel for å nekte ny godkjenning av allereie godkjente preparat, dersom det kjem nye og betre preparat med mindre skaderisiko på marknaden. Substitusjonsprinsippet har, saman med ein avgrensa godkjenningsperiode, ført til at ein kontinuerleg kan ta ut preparat med skadelege verknader frå marknaden.

Frå 1. mars 1999 blei det innført eit nytt avgiftssystem for plantevernmidde. I det nye systemet med miljø- og kontrollavgift er plantevernmidde delte inn i sju klassar, der klasse 1 har lågast miljørisiko og miljøavgift og klasse 7 høgast. Føremålet med det nye systemet er å redusere bruken av plantevernmidde som utgjer størst risiko for helse og miljø. Planen er at avgiftene som blir innkravde skal tilbakeførast til landbruksnæringsgjennom tiltak som har ein positiv miljøeffekt.

Ei ny endring i avgiftssystemet, som trådde i kraft 1. oktober 2004, førte til at somme midde fikk høgare avgift. I tillegg vedtok Landbruks- og matdepartementet at avgiftene skulle aukast med 25 prosent frå 1. januar 2005.

Endringane i avgiftssystemet dei seinare åra har ført med seg hamstring og auke i importen enkelte år. Dette gir store lager og låg import i etterfølgjande år og pregar statistikken for perioden 1999-2005.

### 5.1. Omsetnad av plantevernmidde

#### Datakjelder og metodar

Mattilsynet er ansvarleg for statistikken over omsetnad av mengd plantevernmidde, samt risikoutvikling for plantevernmidde. Tal for omsetnad av plantevernmidde gjeld frå importør til forhandlar. Lagerendringar, hamsstring og liknande kan gi store skilnader mellom omsetnad og reelt forbruk av plantevernmidde i same år.


**Resultat**

Figur 5.1 viser omsett mengd aktivt stoff frå 1970 til 2005 som gjennomsnitt for 5-årsperiodar. Den siste perioden omfattar tal for åra 2000 - 2005, dvs. 6 år. Totalt omsett mengd plantevernmiddel rekna som kilo aktivt stoff blei sterkt redusert frå 1970-74 til 1975-79. Deretter har det stort sett vore ein jamn reduksjon i omsetnaden for 5-årsperiodane. Frå perioden 1995-99 til 2000-05 gjekk snittet for omsetnaden ned med 24 prosent. Som følgje av auke i avgiftene i 1999 og 2000, med hamstring i åra før, var omsetnaden i 2000 og 2001 kunstig låg. Det viser seg i omsetnaden for 2002 som var på 819 tonn aktivt stoff, 58 prosent meir enn året før.

Omsetnaden av ugrasmiddel auka med 68 prosent frå 2001 til 2002. Brorparten av auken gjeld glyfosat, og skuldast truleg gode høve for å døyve kveke etter ein tidleg kornhaust. I 2004 blei det omsett i alt 869 tonn plantevernmiddel, 26 prosent meir enn i 2003. Av dette var 504 tonn ugrasmiddel, eller 58 prosent av alle typar plantevernmiddel på marknaden. Tala frå 2004 syner at det blei importert mykje plantevernmiddel dette året, spesielt mye soppmiddel, vekstregulatorar og klebemiddel, truleg som ein følgje av forventningar om auka avgifter frå 1. januar 2005.


I 2005 blei det totalt omsett 530 tonn aktivt stoff, ein reduksjon på 39 prosent frå 2004. Rekna i prosent er det omsett mengde "andre" middel som endrar seg mest i perioden 2003-2005, med auke på 182 prosent frå 2003 til 2004 og ein etterfølgjande reduksjon på 79 prosent frå 2004 til 2005. Sjå vedleggstabell 10 for meir detaljer.

**Figur 5.1. Omsett mengd plantevernmiddel som gjennomsnitt for 5-års periodar. Heile landet. 1970-2005. Tonn aktivt stoff**



<sup>1</sup> I perioden 1970-1989 blei andre middel hovudsakleg registrert som ugrasmiddel. Kjelde: Mattilsynet.

**Figur 5.2. Del av areal i alt som blei behandla med plantevernmiddel, etter vekst. 2001, 2003 og 2005\*. Prosent**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Det er svært mange og ulike typar aktive stoff som blir brukte, og over tid går mange stoff ut og nye kjem til. Ulike stoff har ulik nedbrytningstid, selektivitet og giftverknad. Dette har mykje å seie for korleis stoffa verker på miljøet. Sprøytepraksis har og mykje å seie for miljøpåverknaden.

Omsetnad og forbruk av plantevernmiddel endrar seg som følgje av:

- Generell årsvariasjon i sprøytebehov etter førekomst av skadeorganismar
- Overgang frå preparat som krev store dosar til konsentrerte lågdosemiddel
- Reduksjon i forhold til anbefalt dosering
- Utvikling innan integrerte åtgjerder
- Bette vurderingar av behovet for sprøyting
- Innføring av sprøytesertifikat
- Hamstring som følgje av til dømes varsel om avgiftsauke

Den sterke nedgangen som har vært i omsetnad av ugrasmiddel frå 1970-talet og til i dag, er i stor grad ein effekt av overgang frå preparat som krev store dosar til lågdosemiddel mot ugras i korndyrking.

**5.2. Spesialundersøking om bruk av plantevernmiddel i jordbruket**

**Datakjelder og metodar**

Statistisk sentralbyrå gjennomførte undersøkingar om bruk av plantevernmiddel i jordbruket i 2001, 2003 og 2005 med stønad frå Mattilsynet. Alle undersøkingane

blei gjennomført som frivillige utvalsundersøkingar for vekstane potet, kepalauk, hovudkål, gulrot, jordbær, eple, eng og beite, bygg, havre, vårkveite, haustkveite og oljevekstar. Datagrunnlaget for berekning av landstal i alle dei tre undersøkingane byggjer på vel 3 000 godkjente skjema.

Resultat og dokumentasjon er gitt i SSB rapportane nr. 2002/32 "Bruk av plantevernmidler i jordbruket i 2001" og nr. 2004/21 "Bruk av plantevernmidler i jordbruket i 2003". Endelege tal frå 2005-undersøkinga er per oktober 2006 ikkje klare, men noen førebelse 2005-tal er gitt i figurane 5.2, 5.3 og 5.4. Under "Resultat" er det tala for 2001 og 2003 som blir kommenterte.


**Resultat**

*Areal som blei behandla*

Med unntak for eng og beite, blei mesteparten av jordbruksarealet behandla minst ein gong med plantevernmidler gjennom vekstsesongen 2003. For vekstane potet, kepalauk, gulrot, bygg, vårkveite og haustkveite blei over 90 prosent av arealet sprøytta. Nær 90 prosent av jordbær- og epleareal blei sprøytta, medan 85 prosent av havrearealet og 69 prosent av oljevekstarealet blei behandla. For dei nemnde vekstane er areal som ikkje blir sprøytta i hovudsak på jordbruksbedrifter med små areal av veksten.


Sprøyting av eng skjer først og fremst ved fornying av eng. Resultata frå undersøkinga viser at berre 6 prosent av eng- og beiteareala blei sprøytta i 2003.

**Figur 5.3. Areal av ulike vekstar som blei behandla med soppmiddel. 2001, 2003 og 2005\*. Prosent**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Figur 5.4. Gjennomsnittleg tal behandlingar på areal av undersøkte vekstar. 2001, 2003 og 2005\***



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

*Hovudgrupper av middel som blei nytta*

Plantevernmidler deles inn i hovudtypane ugrasmiddel, soppmiddel, skadedyrmiddel og andre middel. Bruken av ulike typar middel varierer frå år til år, og er hovudsakeleg avhengig av vëret. Dette gjeld særst for middel mot sopp og middel mot skadedyr. Dei ulike vekstane er utsette for ulike skadegjorare, noko som resultata frå undersøkinga og viser.

Forbruket av ugrasmiddel endra seg lite frå 2001 til 2003. For alle vekstane blei det registrert bruk av 191,4 tonn aktivt stoff ugrasmiddel i 2003.

Frå 2001 til 2003 auka bruken av soppmiddel med 25 prosent, til 124,6 tonn aktivt stoff. Auka bruk av soppmiddel i 2003 var særleg tydeleg i vekstane potet, jordbær og korn- og oljevekstar.

Målt som aktivt stoff auka bruken av andre middel merkbar frå 20,4 tonn i 2001 til 36,7 tonn i 2003. I hovudsak var det auka bruk av vekstregulerande middel som førte til den store auken.


Det totale forbruket av plantevernmidler, målt som aktivt stoff, auka frå 318,5 tonn i 2001 til 357,1 tonn i 2003.

*Talet på behandlingar*

For alle dei undersøkte vekstane auka talet på behandlinga med aukande areal. Til dømes sprøytta jordbær dyrkarar med mindre enn 5 dekar jordbær i gjennomsnitt 5,3 gonger, medan dyrkarar med minst 20 dekar jordbær sprøytta 8,8 gonger i gjennomsnitt i 2003.



**Figur 5.5.** Del av jordbruksbedrifter med sprøyting mot rotugras og del av kornarealet sprøyta mot rotugras, etter jordarbeidingsmetode. Heile landet. 1992/93, 1995/96, 1996/97, 1997/98, 1999/00, 2000/01 og 2001/02. Prosent



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Mellom dei ulike vekstane er det store skilnader i kor ofte same areal blir sprøyta. I 2003 blei det registrert høgast hyppigheit i eple med eit gjennomsnitt på 9,2 behandlingar i løpet av vekstsesongen. Blant korn- og oljevekstar varierte hyppigheita frå i gjennomsnitt 1,3 gonger i havre til 2,7 i haustkveite. I forhold til 2001 auka talet på behandlingar i alle vekstane, med unntak av kepalauk. Størst auke blei registrert i jordbær, der gjennomsnittet auka frå 6,6 til 8,3 gonger.

### 5.3. Sprøyting mot rotugras i kornproduksjonen

#### Datakjelder og metodar

Sprøyting mot rotugras i kornproduksjon er henta frå dei årlege Utvalsteljingane for landbruket 1993-1998, og seinare Landbruksundersøkinga 2000-2002.

#### Resultat

I 2001/02 blei 31,3 prosent av kornarealet sprøyta mot rotugras, medan tilsvarende del året før var 19,9. Omfanget varierer mykje frå år til år, og det er ikkje mogleg å spore nokon sikker trend. Variasjonane i omfanget av sprøyting mot rotugras på kornareal er knytt til mellom anna ulike vêt- og innhaustingstilhøve, ulike jordarbeidingsmetodar, veksten som dyrkast mv. Redusert jordarbeiding vil ofte føre til auka behov for sprøyting mot rotugras, noko som figur 5.5 tydeleg viser. På landsbasis blei 23,8 prosent av haustpløgd kornareal sprøyta mot rotugras i 2001/02, medan tilsvarende tal for direktesådd areal var 53,5 prosent. Sjå vedleggstabell 11.

### 5.4 Risikoutvikling for plantevernmidde

Eit av dei nasjonale måla for bruk av plantevernmidde er knytt til ein vesentleg reduksjon i risiko for at utslepp og bruk av kjemikalier skal skade helse og miljø, i den siste handlingsplanen konkretisert til ein reduksjon på 25 prosent i perioden 2004-2008.

#### Datakjelder og metodar

Det er utvikla indikatorar for å vurdere helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmidde. Kvart preparat får poeng på grunnlag av eigenskapar og risiko. Gjennom å kombinere poenga med kor mykje som vert nytta av kvart preparat, kjem ein fram til eit samla uttrykk for risiko for både helse og miljø. Risikoindikatorane er rekna ut frå tal for omsetnad og ikkje reelle bruksdata. Statistisk sentralbyrå sine undersøkingar om bruk av plantevernmidde i 2001, 2003 og 2005 vil på sikt gi eit mykje betre grunnlag for berekning og bruk av Mattilsynet sine risikoindikatorar.

NILF har på oppdrag frå Mattilsynet gjennomført eit prosjekt med fokus på bruk av plantevernmidde og risiko, "Risikoreduksjon ved bruk av plantevernmidde - En samfunnsmessig konsekvensanalyse". Analysen er publisert i NILF-rapport 2006-5.


#### Resultat

Risikoindikatorane utrekna av Mattilsynet er relative verdiar som ikkje gjev meining åleine. I figur 5.6 er gjennomsnittet for åra 1996 og 1997 nytta som utgangspunkt og satt lik 100 prosent. Avgiftsauken i

1999 og i 2000 gav hamstring av plantevernmiddel i 1998 og delvis i 1999. Omsetnaden i 2000 og 2001 vart tilsvarande lågare. Nye endringar i avgiftssystemet frå 1. oktober 2004 gav på ny sterk auke i omsetnaden i 2004, med etterfølgjande reduksjon i 2005. Figur 5.6 viser at hamstringa både i 1998 og 2004 i stor grad gjeld preparat med høg miljørisiko, i 1998 også preparat med høg helserisiko. Dette er preparat som ved innføring av eit differensiert avgiftssystem frå 1999 har fått den største auken i avgifter. Helse- og miljørisikoen nådde sitt lågaste punkt i 2000, ein ny topp i 2004 og reduksjon tilbake til 2001-nivå i 2005.

I NILF sitt prosjekt "Risikoreduksjon ved bruk av plantevernmidler - En samfunnsmessig konsekvensanalyse" blir både økonomiske, administrative og agronomiske virkemiddel vurdert. Analysen har fokus på jordbruket som er den store brukaren av plantevernmiddel, og spesielt korn- og potetproduksjon. Dette er produksjonar med utstrakt bruk av plantevernmiddel og dermed eit betydeleg potensiale for reduksjon av risiko. Rapporten konkluderer med at det er mogleg å redusere risikoen ved bruk av plantevernmiddel med 25 prosent i perioden 2004-2008, dvs. at ein når målet som er satt i handlingsplanen for 2004-2008.

Figur 5.6. Omsetnad av plantevernmiddel i perioden 1996-2005, og utvikling i helse- og miljørisiko. Relativ verdi



Kjelde: Mattilsynet.

## 6. Tilførsel av næringsstoff til kystfarvatna

Tilførsel av næringsstoff til kystfarvatna er omtala i eit av dei miljøvernpolitiske resultatområda til Regjeringa (Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)):

### Nasjonale resultatmål

#### Overgjødsling og oljeforureining

- Utsleppa av næringsssalta fosfor og nitrogen til eutrofipåverka delar av Nordsjøen skal vere reduserte med om lag 50 prosent for båe stofftypane innan 2005, rekna frå 1985.

Med bakgrunn i kostnadseffektivitet for landet, er delmåla for reduksjon av næringsstoff i frå landbruket satt til 44 og 38 prosent for høvesvis nitrogen og fosfor.

#### Internasjonalt miljøvernssamarbeid, bistand, nord- og polarområda

- Globale og regionale samarbeidsorgan skal utviklast til effektive reiskap for berekraftig utvikling, for å oppnå globale og regionale miljømål og for effektiv oppfølging av internasjonale miljøkonvensjonar.
- Samarbeidet i Norden og i Nordens nærrområde skal bidra til å betre miljøtilhøva og sikre natur- og kulturminneverdiane i desse områda. Samarbeidet skal og medverke til å redusere og førebygge grenseoverskridande forureining som kan påverke miljø, helse eller næringsverksemd i Noreg.

### Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2004-2005)

#### Overgjødsling og oljeforureining

- Tiltak 1 "Stimulere til at miljøplanar for dei ein skilde bruk medverkar til auka kunnskap og bevisstgjerung om hav- og vassforureining hjå den ein skilde bonde".
- Tiltak 3 "Auke satsinga på samordna tiltak for heile nedbørsfelt særleg retta mot forureina vassdrag".

Utslepp av næringsstoff frå landbruk, industri, akvakultur og hushald har lenge skapt problem med overgjødsling (eutrofiering) og periodiske algeoppblomstringar utanfor kysten. Problema har vore særleg store i dei sørlege havområda, og landa som soknar til Nordsjøen (havområda sør for 60. breiddegrad) har derfor

gjennom fleire avtalar (Nordsjøavtalane/OSPAR konvensjonen) forplikta seg til å redusere utsleppa til dei mest sårbare delane av dette området (sjå figur 2.1 og 2.2).


I tillegg har Noreg også vedteke EUs nitratdirektiv (91/676EØF) som har til føremål å redusere nitratavrenning i frå jordbruket. Nitrat er eit nitrogenhaldig næringsstoff som i ulik grad inngår i dei fleste gjødningsstypar. I forureiningssamanheng har stoffet den noko "uheldige" eigenskapen at det blir vaska lett ut og transportert med avrenningsvatn og grunnvatn ut til nærliggande vassresipientar, i siste instans norske kystfarvatn. Områda som drenerar kyststrekninga frå svenskegrensa til Strømtangen fyr ved Fredrikstad, samt indre Oslofjord, er spesielt prioriterte område for tiltak under nitratdirektivet.

Ein reknar med at dei direkte norske tilførsler av totalfosfor (tot-P) og totalnitrogen (tot-N) utgjør ca. 5 prosent av dei totale tilførsler til den norske sørlandskysten (Statlig program for forurensningsovervåking 2005). Dei gjennomsnittlege straumforholda i Skagerrak fører til at den totale belastninga av nærings salt og andre forureiningar ofte er større enn dei nasjonale. Norske tilførsler av partiklar og nærings salt har størst påverknad på kystvatnet i løpet av sommarmånadene, i tida etter vårflaumen.

### Datakjelder og metodar

Norsk institutt for vannforskning (NIVA) reknar årleg ut dei totale tilførslerne av fosfor (P) og nitrogen (N) til norske havområde. Resultata er baserte på utsleppsmodellen TEOTIL som reknar ut tilførsler frå jordbruk, industri, hushald (kommunalt avløp) og akvakultur til dei ulike farvatna utanfor kysten. Modellen har vore i stadig utvikling og ble sist i 1999 tilpassa til å inkludere nitrogen- og fosfortilførsler frå akvakulturnæringa. TEOTIL utgjør det nasjonale kontrollsystemet for oppfølging av dei nasjonal måla om ei halvering av dei menneskeskapte tilførslerne av næringsstoff til Nordsjøområdet.

**Figur 6.1. Tilførsel av fosfor (tot-P) til området Svenskegrensa-Lindesnes (1-23). 1985, 1990-2004. Tonn**




Kjelde: NIVA.

Tilførselsberekningane for 2004 er berekna med versjon to av TEOTIL-modellen (TEOTIL2). Berekning av diffuse nitrogen- og fosfortap frå jordbruksareal er modellert med bakgrunn i tidsseriemålingar frå Programmet for jord- og vassovervaking i landbruket (JOVA) (sjå Temaboks 1). Nåverande metodikk for jordbruket baserar seg på berekningar for år 2000, men med korrigeringsfaktorar for effektar av ulike arealbruk i dei enskilde åra i førehald til utgangsåret 2000. Næringstapa er normalisera med omsyn på klima.

**Resultat**

Dei menneskeskapte tilførsla av fosfor og nitrogen til dei sårbare havområda utanfor kysten frå svenskegrensa til Lindesnes (vassdragsområda 1-23) har blitt sterkt reduserte frå 1985 til 2004, sjølv om trenden har flata noko ut dei siste par åra (figur 6.1 og 6.2). Tilførsla av fosfor har blitt reduserte frå 1 465 tonn til 537 tonn (63 prosent), medan tilførsla av nitrogen har gått ned frå 32 231 tonn til 18 847 tonn (42 prosent). Målsetjinga i Nordsjøavtalane er såleis allereie innfridd for fosfor, medan det framleis står litt att for nitrogen. Det er i første rekkje ein reduksjon i tilførsla frå kommunalt avløp frå 928 tonn i 1985 til 170 tonn i 2004 som er årsaka til den største nedgangen for fosfor.

**Figur 6.2. Tilførsel av nitrogen (tot-N) til området Svenskegrensa-Lindesnes (1-23). 1985, 1990-2004. Tonn**




Kjelde: NIVA.

Det er satt i gong fleire verkemiddel som skal bidra til å redusere næringssaltforureininga i frå jordbruket. Blant anna har forskrift om gjødselplanlegging og ei rekkje tilskotsordningar til hensikt å bidra til eit meir miljøvenleg jordbruk. Jordbruket er ikkje eit lukka system, og det vil alltid medføre ein risiko for uønska tap av næringsstoff til omgivingane. Dei viktigaste tapspostane frå jordbruket i forhold til nitrogen og fosfor er avrenning av lettlyselege næringssalt (særleg nitrogen) og erosjon (fosfor dominerande) (Planteforsk 2006). Kunnskap omkring jordas reserver av næringsstoff og behovet dei ulike kulturplantene har til næring er viktig for optimalt gjødningsnivå, og dermed minske avrenninga.

Figur 6.3 og 6.4 viser kor stor del av dei totale tilførsla av fosfor og nitrogen dei ulike kjeldene står for tre ulike kyststrekningar: dei sårbare kystfarvatna mellom svenskegrensa - Strømtangen fyr ved Fredrikstad (vassdragsområda 1-2), indre Oslofjord (vassdragsområda 5-9), og området mellom svenskegrensa og Lindesnes (vassdragsområda 1-23).


I perioden 1985 til 2004 har jordbruket redusert tilførsla av fosfor til havområda utanfor svenskegrensa til Lindesnes frå 401 tonn til 248 tonn (38 prosent). I 2004 stod jordbruket for 46 prosent av dei totale menneskeskapte tilførsla av fosfor til desse havområda (figur 6.3).

**Figur 6.3. Del av totale utslipp av fosfor (tot-P) til sårbare kyststrekningar fordelt på kjelder. 2004. Prosent**



Kjelde: NIVA.

**Figur 6.4. Del av totale utslipp av nitrogen (tot-N) til sårbare kyststrekningar fordelt på kjelder. 2004. Prosent**



Kjelde: NIVA.

For nitrogen har totalmengda frå jordbruket til same havområdet og periode gått ned frå totalt 14 631 til 10 624 tonn (27 prosent). Den delen av det menneskjeskapt nitrogenet som i 2004 kjem i frå jordbruket utgjør 56 prosent (figur 6.4). Jordbruket

utgjør den største kjelda til utslipp av både nitrogen og fosfor til Nordsjøområdet, men spesielt nitrogen kor jordbrukets del er berekna å stå bak over halvparten av utslappa.

Det norske Kystovervakingsprogrammet registrerte i 2003-04 markerte endringar i det biologiske mangfaldet i Skagerrak skjergarden. Blant er det påvist økt nedslamming og redusert førekomsten av sukkertaren. Dei økologiske effektane av dette er framleis ikkje kartlagd, men ein reknar med at det kan innverke på haustbare artar som torsk, krabbe og hummar som har leveområda sine i tareskogen (SFT 2004). Forklaringa bak nedslamminga er samansatt og skuldast truleg faktorar som økte tilførsler av næringsstoff og partiklar, økt marin produksjon eller andre klima-relaterte forklaringar (Statlig program for forurensningsovervåking 2005).

Jordbruket stod i 2004 for 55 prosent (133 tonn) av dei menneskjeskapt tilførsla av fosfor til kystfarvatna mellom svenskegrensa og Strømtangen fyr, og 25 prosent (12 tonn) av tilførsla til farvatna i indre Oslofjord (figur 6.3). Tilsvarande for nitrogen for dei same områda utgjør høvesvis 71 og 23 prosent (figur 6.4).

Nedgangen i avrenning av næringsstoff frå jordbruket i perioden 1985-2004 er på 41 prosent for fosfor og 28 prosent for nitrogen i området Svenskegrensa-Stømtangen fyr. For Indre Oslofjord er nedgangen over perioden på 33 prosent for fosfor og 26 prosent for nitrogen.

I følgje Dragesund et al. (2006) reknar ein med at ca. halvparten av nitrogentilførsla til Ytre Oslofjord blir tilført via Glomma-vassdraget, og derav har 46 prosent opphav i frå landbruket. Nøyaktig kor stor prosent av næringstilførsla som kan knytast tilbake til jordbruket vil variere mellom dei ulike vassdraga. For eksempel reknar ein at ca. 68 prosent av dei totalt tilførsla av fosfor og nitrogen i Aulielva i Vestfold kan sporast tilbake til jordbruket. Den tilsvarande prosenten i Skiensvassdraget ligg nede på ca. 13 prosent.

Modelleringsforsøk gjennomført med TEOTIL-modellen for Ytre Oslofjord området viser at reduserte utslipp i frå jordbruket vil i hovudsak gje reduserte konsentrasjonar av næringsstoff i dei resipientane kor kjelda er lokalisera, dvs. relativt lokalt (Dragesund et al. 2006).

### Temaboks 1 Avrenning frå jordbruket - verknad på vassdrag og kystvatn

Dokumentering av miljøeffektar innan landbruket er viktig for å skape kunnskapsgrunnlag for forvaltninga, som kan nyttast i deira oppgåver med å fylgje opp mål og avtalar for landbruket og landbrukspåverka vassmiljø. For å få kartlagt desse miljøeffektane har Bioforsk Jord og miljø fått ansvaret for overvåkingsprogrammet Jord- og vassovervaking i jordbruket (JOVA). Representative nedbørfelt er vald ut med omsyn til klima, jordsmonn og driftspraksis. Det målast for avrenning og blir utført analysar av vasskvalitet i bekkar, elver, drensvatn, overflatevatn og grunnvatn. Programmet er todelt, med underliggende delprogram omkring (1) næringsstoff og erosjon og (2) pesticid.

#### Næringsstoff og erosjon


Under det fyrste delprogrammet målar ein erosjon og tap av næringsstoff. Avrenninga frå jordbruksområde er ei av dei største kjeldene til tilførsler av fosfor og nitrogen til våre vassdrag og kystfarvatn. Forsking på reduksjon av tap av næringsstoff frå jordbruket har derfor vore ein viktig faktor i arbeidet med å få til reduksjonen i fosfor- og nitrogenavrenninga. JOVA-programmet starta offisielt i 1992, og det blir analysert vassprøver frå nedbørfelta for blant anna fosfor (fosfat og total fosfor), nitrogen (nitrat og total nitrogen) og suspendert stoff. Resultata viser at det er store forskjellar i tap av næringsstoff mellom felt avhengig av blant anna driftsform, jordtype og nedbørforhold. I det agrohydrologiske året 2004/05 har grønsaksfeltet Vasshaglona dei største tapa både av nitrogen (11,5 kg/daa) og fosfor (1,1 kg/daa). Generell kraftig fosfor gjødsling utgjør ei vesentleg årsak til dei høge fosfor tapa frå grønsaksfeltene. Til samanlikning ligg gjennomsnittleg fosfor tap på Sør-Austlandet på ca. 0,2 kg/daa, mens nitrogentapet i dei fleste felt ligg i gjennomsnitt på 4-5 kg nitrogen per dekar (tabell 1). I felt med lågintensivt jord- og husdyrhald (Volbu) er det måla svært låge tap av nitrogen. Redusert jordarbeiding og tidspunkt for spreing av husdyrgjødsel vil utgjere viktige faktorar for å redusere risiko for tap av jord og næringsstoff. Det vèrmessige slik som nedbør har ofte stor innverknad på avrenninga og utvasking (sjå fig.2), og effekten av dette overgår ofte effekten av f.eks. driftsmessige endringar.

#### Pesticid


Overvaking av pesticid innan JOVA-programmet starta først i 1995, og føremålet er blant anna å dokumentere førekomst av pesticid i vassmiljø og framskaffe kunnskap om transportveggar og tap av pesticid frå landbruksområdar. Standard analysespekter for pesticid i JOVA programmet dekkar i 2005 totalt 53 substansar, kor 36 av desse er godkjente for bruk i dag. 45 ulike stoff er påvist i vann. Pesticid blir vaska ut frå alle jordtypar, men dei lette jordtypene er spesielt utsette. Ofte blir det dyrka grønsaker og potetar i desse områda. Dei høgaste konsentrasjonane finn ein kort tid etter sprøyting.

Kjelde: Bioforsk Jord og Miljø (tidligere Jordforsk)

Figur1. Oversikt over nedbørfelt med målingar av næringsstoff i jordbruksbekker 2004/05.



Figur 2. Samanheng mellom avrenning og nitrogentap i Skas-Heigre feltet. 1995-2005.



Tabell 1. Årleg gjennomsnittleg avrenning, tap av nitrogen, fosfor og suspendera materiale for overvåkingsperioden. 2004/05.

	Avrenning mm	Total nitrogen kg/daa	Total fosfor g/daa	Suspendert tørrstoff kg/daa
Skuterud	502	4.5	228	136
Mørdre	269	2	154	121
Kolstad	318	5	48	16
Hotran	713	5	358	249
Naurstad	1070	2.6	381	75
Skas Heigre	647	3.7	115	3.6
Volbu	278	2	36	7
Vasshaglona	1260	10	1100	270
Heia <sup>1)</sup>	<sup>1)</sup> 252	<sup>1)</sup> 7,4	<sup>1)</sup> 203	<sup>1)</sup> 35
Time	667	4	127	10

<sup>1)</sup> Heiabekken måleperiode 27/05 - 17/11/2004

## Temaboks 2

### Områdetiltak i Mossevassdraget

Vansjø, som ligg i nedbørfeltet Mossevassdraget, er drikkevasskjelde for om lag 60 000 menneske. Vassdraget er monaleg forureina av næringssaltar, partiklar og bakteriar til tross for at det er gjennomført fleire tiltak innan avløp og jordbruk dei siste tiår. Resultat frå målingar av vatnkvaliteten i vassdraget syner at dei fleste delnedbørfelta er i tilstandsklasse IV eller V, det vil seie dårlig eller særskild dårlig med omsyn til dei fleste parametrane knytta til miljøkvalitet i ferskvatn (SFT 1992). For å redusere dei menneskeskapt forureiningane til vassdraget er det dei tre siste åra gjennomført eit samarbeid mellom dei sju kommunane som ligg i nedbørfeltet, samt fylka og grunneigarar (Morsa-prosjektet).

Landbruket står som den største fosforkjelda med 57 prosent av tilførsla til vassdraget. 11 prosent kjem frå spreidd avløp, 6 prosent frå kommunale avløp, medan 26 prosent kjem frå bakgrunnsavrenning. Med mål om å betre vatnkvaliteten i vassdraget er det foreslått og sett i verk ei rekkje tiltak. For landbruket sin del er det mellom anna stilt krav til endra jordarbeiding, grasdekte vassveger, vegetasjonssoner og fangdammar i delar av området. Det viktigaste tiltaket vil vere endra jordarbeiding. På særleg erosjonsutsett jord vil ei overgang frå haust- til vårarbeiding kunne gi ein reduksjon i jorderosjon og avrenning av fosfor på 50-80 prosent (NIVA 2001). Tal for jordarbeiding i tabell 1 er henta frå regionale miljøprogram, og omfattar areal med tilskot. Haustpløgd areal utgjer differansen mellom areal med tilskot til endra jordarbeiding og totalt areal med korn og oljevekstar. For areal tilsådd om hausten utgjer landstalet for delen med tilskot om lag 17 prosent av totalt haustsådd areal.

For å oppnå størst mogleg effekt av tiltaka vil det vere særskild viktig å gjennomføre dei riktige tiltaka på riktig stad. Det blei derfor utarbeidd miljøplan på det einkilde gardsbruket i nedbørfeltet til Mossevassdraget. Erfaringane med miljøplanar i dette området blei brukt da alle jordbruksbedrifter fikk krav om å utarbeide eigen miljøplan frå og med 2003.

**Tabell 1. Jordarbeiding på areal av korn- og oljevekster i Mossevassdraget, sårbart område N og P og utvalte fylke. 2005/06\***

	Jordbruksareal i drift	Areal av korn- og oljevekster	Del av korn- og oljevekstareal				
			Haustpløgd	Haustharva	Med all jordarbeiding om våren	Sådd om hausten	Med fangvekstar
	Dekar				Prosent		
Heile landet	10 362 200	3 329 600	49	4,7	44,9	1,4	6,8
Mossevassdraget	97 000	85 700	38,7	7,5	48,8	4,9	1,3
Sårbart område nitrogen	3 060 600	1 820 600	48,7	6,3	43,5	1,4	8,4
Sårbart område fosfor	5 006 700	2 739 500	49,4	5,5	43,4	1,6	6,2
Østfold	762 508	632 300	53,1	6	38	2,9	4
Akershus/Oslo	801 900	651 200	46,6	7,5	43,9	2	10,7

Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens landbruksforvaltning


**Tabell 2. Samla gjødselmengd fosfor og nitrogen i Mossevassdraget, sårbart område N og P og utvalte fylke. 2004/05\*. Tonn**

	Fosfor i alt	Fosfor frå handelsgjødsel		Fosfor frå husdyrgjødsel i alt	Nitrogen i alt	Nitrogen frå handelsgjødsel		Nitrogen frå husdyrgjødsel i alt
		I alt	Del herav til korn- og oljevekster			I alt	Del herav til korn- og oljevekster	
	Tonn		Prosent		Tonn		Prosent	Tonn
Heile landet	26 000	13 900	46,3	12 000	134 700	99 900	36,4	34 800
Mossevassdraget	230	190	93,3	40	1 200	1 100	91,8	90
Sårbart område nitrogen	7 700	5 100	71,2	2 500	38 200	31 300	64,9	9 900
Sårbart område fosfor	12 100	8 100	67,8	4 000	61 200	50 100	61,6	11 100
Østfold	2 000	1 500	87,9	500	10 000	8 800	85,9	1 100
Akershus/Oslo	1 800	1 500	87,5	300	9 500	8 600	85,7	900

Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Temaboks 2 (framh.)**

Figur 1. Del av korn- og oljevekstarealet som ligg som stubb om våren, Mossevasdraget. 2005. Prosent



Kjelde: Statens Landbruksforvaltning.



## 7. Utslepp til luft frå jordbruket

Utslepp til luft frå jordbruket er omtala i eit av Regjeringas miljøvernpolitiske resultatområde (Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)):

### Nasjonale resultatmål

*Klimaendringar, lokal luftforureining og støy*

- Noreg skal overhalde forpliktingane i Kyotoprotokollen om at klimagassutsleppa i perioden 2008-2012 ikkje skal vere meir enn 1 prosent høgare enn i 1990.
- Dei årlege utsleppa av svoveldioksid (SO<sub>2</sub>-utsleppa) skal maksimalt vere 22 000 tonn f.o.m. 2010.
- Dei årlege utsleppa av nitrogenoksider (NO<sub>x</sub>-utsleppa) skal maksimalt vere 156 000 tonn f.o.m. 2010. Fram til 2010 skal dei årlege utsleppa ikkje overstige nivået i 1987 (dvs. 230 000 tonn).
- Dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC) skal maksimalt vere 195 000 tonn f.o.m. 2010. Fram til 2010 skal dei årlege utsleppa ikkje overstige nivået i 1988 (dvs. 252 000 tonn). Dei årlege utsleppa av VOC frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal ikkje overstige 70 prosent av nivået i 1989 (dvs. 191 000 tonn).
- Dei årlege utsleppa av ammoniakk (NH<sub>3</sub>) skal maksimalt vere 23 000 tonn f.o.m. 2010.

### Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2001-2004)

*Klimaendringar, lokal luftforureining og støy*

- Tiltak 1 "Medverke til betre informasjon om gode lagrings- og spreieteknikkar av husdyrgjødsel".

Jordbruksaktivitetar er opphav til direkte utslepp av klimagassane karbondioksid (CO<sub>2</sub>), metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O). Den nasjonale utsleppsmodellen reknar utslepp frå jordbruk både frå forbrenning, husdyrhald og andre aktivitetar. Det blir òg rekna utslepp av andre komponentar enn klimagassar, mellom anna ammoniakk, der jordbruk er den klart viktigaste utsleppskjelda.

Utslepp av klimagassar fører til auka drivhuseffekt. I samband med internasjonale klimaavtaler er det viktig å kartleggje utsleppsmengdene av desse gassane. Dessutan fører utslepp av metan til auka konsentrasjon

av bakkenært ozon, noko som kan vere helseskadeleg og føre til skadar på vegetasjonen. Andre komponentar som ammoniakk (NH<sub>3</sub>) og nitrogenoksid (NO<sub>x</sub>) kan medverke til forsuring av jord og vatn.


Utslepp til luft av forskjellige gassar fører til ei rad miljøproblem, som auka drivhuseffekt, klimaendringar, forsuring og auka konsentrasjon av bakkenær ozon, som både kan vera helseskadeleg og føre til skadar på vegetasjonen. I Noreg er jordbruket ei av dei viktigaste kjeldene for utslepp av klimagassane CH<sub>4</sub> (metan) og N<sub>2</sub>O (lystgass) og den heilt dominerande kjelda for utslepp av NH<sub>3</sub> (ammoniakk), som kan ha forsurende verknad gjennom ulike prosessar i jord og vatn. I 2004 kom 46 og 47 prosent av dei norske utsleppa av CH<sub>4</sub> og N<sub>2</sub>O frå jordbruket, og heile 88 prosent av NH<sub>3</sub>-utsleppet.

Gjennom forskjellige internasjonale avtaler har Noreg forplikta seg til å nå visse framtidige utsleppsmål; men det er ikkje spesifikke utsleppsmål for jordbruket. *Kyoto-protokollen* seier at det samla årlege utsleppet av klimagassar 2008-2012 ikkje skal vera meir enn 1 prosent høgare enn nivået i 1990, etter at det er teke omsyn til kvotehandel og andre Kyoto-mekanismar for å redusere utsleppa. Norske klimagassutslepp i 2005 var 54,2 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar<sup>1</sup>, noko som er nær 9 prosent meir enn i 1990. Det er altså ei stor utfordring å komme ned på nivået som trengs for å oppfylle forpliktinga. 9 prosent av klimagassutsleppa i 2004 stamma frå jordbruket, av dette utgjorde CO<sub>2</sub> 9 prosent og CH<sub>4</sub> og N<sub>2</sub>O respektive 47 og 45 prosent.

*Gøteborg-protokollen* seier at Noreg skal ha eit utslepp av NH<sub>3</sub> i 2010 som ikkje er høgare enn 23 000 tonn; i 2004 var det norske utsleppet 22 900 tonn og det ser altså ut til at denne forpliktinga skal kunne oppfyllest. Gøteborg-protokollen inneheld også utsleppsforpliktingar for andre gassar (SO<sub>2</sub>, NO<sub>x</sub>, NMVOC), men her er jordbruket sin del til totalutsleppa heller små (figur 7.1). Vedleggstabell 15 syner samla norske utslepp til luft i 2004, fordelt på næringer.

<sup>1</sup> CO<sub>2</sub>-ekvivalentar er ei felles eining der alle gassane er veide etter kor mykje dei påverkar drivhuseffekten; 1 tonn CH<sub>4</sub> og 1 tonn N<sub>2</sub>O tilsvarar respektive 21 og 310 tonn CO<sub>2</sub>.

Figur 7.1. Bidrag frå jordbruket til totale utslepp til luft, 2004



Kjelde: Utsleppsstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens forureiningstilsyn.

Dei største utsleppa frå jordbruket stammar frå fordamping (prosessutslepp), men det vert også berekna utslepp frå forbrenning, både stasjonær og i køyretøy og reiskap.

### 7.1. Prosessutslepp

Prosessutslepp omfattar alle utslepp som ikkje stammar frå forbrenning. Omgrepet blir brukt om utslepp knytte til industriprosessar, fordamping, biologiske prosessar, utslepp frå husdyr, utslepp frå gjødsel og avfallsdeponi, kjemiske prosessar i jord og grunnvatn etc. I dette kapitlet er dei viktigaste jordbruksrelaterte prosessutsleppa omtalt.

#### Datakjelder og metodar

Utslepp av lystgass frå jordbruket er utrekna etter metode anbefalt av det internasjonale klimapanelet IPCC (1997), men nasjonale faktorar er nytta der det finst og der dei er vurderte som betre for norske forhold enn referansefaktorane som er anbefalt av IPCC. For utslepp frå restavlingar er ein meir detaljert metode enn tidlegare teke i bruk, noko som har medført at utsleppa frå denne kjelda er redusert med rundt 80 prosent.

På oppmoding frå FN's klimapanel (IPCC) er berekinga av dei direkte utsleppa av metan frå storfe og sauar endra i høve til tidlegare; nå er det brukt ein metode anbefalt av IPCC, der meir detaljerte data inngår i berekingane. I praksis har dette gjort at utsleppa vert høgare enn med den gamle metoden. For alle andre husdyr, bortsett frå for tamrein, hjort, struts og pelsdyr, blir referansefaktorar frå IPCC (1997) brukt for å berekne dei direkte utsleppa av metan frå husdyr. Utsleppsfaktoren for tamrein, hjort, struts og pelsdyr er berekna ut frå ei skalering av IPCC-faktorar etter slaktevekt for andre husdyrgrupper med liknande fordøyingsystem og fôrintak. Faktorane for å berekne

utslepp av metan frå handtering av husdyrgjødsel er estimerte av Universitetet for miljø- og biovitenskap (tidlegare Noregs landbrukskøyskule) i samarbeid med Statistisk sentralbyrå.

I utrekningane for utslepp av ammoniakk inngår talet på husdyr, faktorar for kg NH<sub>3</sub>-N utskilt per dyr og år (Bleken 1996; Morken 1994), spreining av gjødsel, tapsprosent ved lagring (Morken 1994), beitedel og spreietap.

I samsvar med kriteria for internasjonal rapportering av klimagassutslepp, vert CO<sub>2</sub> frå kalking i jordbruket ikkje lenger inkludert som utslepp frå jordbrukssektoren.

Modellen som bereknar norske utslepp til luft er dokumentert i ein eigen rapport (Hoem 2005).

### Resultat

#### Utslepp av lystgass (N<sub>2</sub>O)

Kjelder til utslepp av lystgass innan jordbruket er: Handels- og husdyrgjødsel brukt som gjødning, handtering av husdyrgjødsel, husdyr på beite, biologisk nitrogenfiksering, dekomponering av restavlingar, kultivering av myrområde, nedfall av ammoniakk, avrenning og bruk av kloakkslam (figur 7.2). Jordbruket står for nær halvparten av dei totale lystgassutsleppa i Noreg. Ny metode for berekning av utslepp frå restavlingar har gjort at utsleppstala er lågare i høve til tidlegare berekingar.

Store utslepp av N<sub>2</sub>O skjer som følge av kultivering av myrområde (histosoler). Årsaka er den auka mineraliseringa av gammalt nitrogenrikt organisk materiale (IPCC 1997). Arealet av oppdyrka organisk jord i Noreg er oppgitt til 0,85 millionar dekar (Jordforsk 2004. Personleg meddeling), noko som gir eit utslepp av N<sub>2</sub>O på 1 069 tonn ved bruk av utsleppsfaktoren oppgjeve av IPCC (2001). Faktoren er i prinsippet avhengig av nitrogenkvaliteten på histosolen, oppdyringspraksis og klimatiske forhold. Det er ikkje grunnlag for å berekne tidsserie for utsleppet og talet vert halde konstant for heile berekningsperioden.

Utslepp frå husdyr- og handelsgjødsel utgjer meir enn halvparten av N<sub>2</sub>O-utsleppa frå jordbruket. Utsleppet av N<sub>2</sub>O frå bruk av handelsgjødsel ligg på rundt 2 000 tonn i året. Nokre mindre endringar i datagrunnlaget for å berekne utslepp frå husdyrgjødsel har medført ein liten nedgang i N<sub>2</sub>O-utsleppet frå denne kjelda i høve til tidlegare berekingar. I 2004 var utsleppet frå husdyrgjødsel 1 849 tonn. Endringane i utslepp frå både handels- og husdyrgjødsel har over tid vore små.

Fordamping og deretter nedfall av ammoniakk som stammar frå bruk av handels- og husdyrgjødsel gir indirekte utslepp av N<sub>2</sub>O. Nedfallet er lik den mengda som det blir korrigert for ved direkte utslepp av N<sub>2</sub>O ved spreining av handelsgjødsel, lagring og spreining av

husdyrgjødsel og fordamping av gjødsel frå husdyr på beite. For utrekning av mengd ammoniakk, sjå avsnittet om utslepp av ammoniakk nedanfor. Utsleppsfaktor anbefalt av IPCC (1997) blir nytta, noko som gjev eit utslepp på rundt 250 tonn N<sub>2</sub>O i året.


Biologisk nitrogenfiksering er ei anna kjelde til utslepp av lystgass. Berre enkelte plantar, i Noreg framfor alt kløver, er nitrogenfikserande. Mengd nitrogen fiksert av ei avling er veldig usikker (IPCC 1997), det same gjeld faktorane for omdanning til N<sub>2</sub>O. Biologisk nitrogenfiksering er utrekna til ca. 8 000 tonn N per år (Aakra og Bleken 1997). Kombinert med standard utsleppsfaktor frå IPCC gir dette eit utslepp på 157 tonn N<sub>2</sub>O i året.

Lystgassutslepp kan òg stamme frå nitrogen frå dekomponering av restavlingar. Ein ny og meir detaljert berekningsmetode, som er tilrådd av IPCC, er teke i bruk til erstatning for metoden som vart nytta tidlegare. Dette har gjort at utsleppa frå denne kjelda er redusert med rundt 80 prosent og nå ligg på rundt 300 tonn for heile tidsserien (sjå figur 7.2 og vedleggstabell 13).

Utsleppet av N<sub>2</sub>O frå kloakkslam som brukast i jordbruket er berekna til 23 tonn i 2004 (sjå vedleggstabell 14).


Store mengder nitrogen frå gjødsel går tapt ved lekkasjar og avrenning. Nitrogen frå gjødsel i grunnvatn og overflatevatn aukar den biogene produksjonen av N<sub>2</sub>O ettersom nitrogenet gjennomgår nitrifikasjon og denitrifikasjon. Ein reknar med at 18 prosent av nitrogenet i handels- og husdyrgjødsel går tapt ved avrenning og lekkasjar (Jordforsk 1998). Dette gir, som vist i figur 7.2 og vedleggstabell 13, eit utslepp av N<sub>2</sub>O på rundt 1 100 tonn i året.

**Figur 7.2. Utslepp til luft av N<sub>2</sub>O. 1987, 1989-2004. Tonn**




Kjelde: Utsleppsstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens forureiningstilsyn.

**Figur 7.3. Utslepp av N<sub>2</sub>O til luft frå jordbruket, fordelt på kjelde. 2004. Prosent**



Kjelde: Utsleppsstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens forureiningstilsyn.

**Figur 7.4. Utslepp av CH<sub>4</sub> til luft. 1987, 1989-2004. Tonn**



Kjelde: Utsleppsstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens forureiningstilsyn.

Figur 7.3 summerer opp dei ulike kjeldene for prosessutslepp av N<sub>2</sub>O frå jordbruket. Den største kjelda er handelsgjødsel (30 prosent), deretter kjem husdyrgjødsel (27 prosent) og avrenning og kultivering av myrområde (16 prosent kvar). Utsleppstala for lystgass er særst usikre.

*Utslepp av metan (CH<sub>4</sub>)*

Nesten alle utslepp av metan frå jordbruket er knytte til husdyr, og ved sidan av avfallsdeponi er dette også den viktigaste kjelda til norske totalutslepp. Husdyra

slepp ut metan både direkte frå fordøyingsystemet og indirekte gjennom gjødsla dei produserer. I 2004 sto jordbruket for 46 prosent av totale metanutslepp i Noreg, 39 prosent frå fordøying og 6 prosent frå gjødsel; i tillegg kjem eit lite forbrenningsutslepp.

Ved gjæring under fordøyingsprosessen produserer husdyr metan. Drøvtyggjarar (ku, sau osv.) produserer relativt sett mest metan, medan husdyr som ikkje er drøvtyggjarar (hest, gris osv.) produserer mindre mengder av denne gassen. Fordøyingsystem (drøvtyggjar/ikkje-drøvtyggjar) og fôrintak (mengd og samansetjing) er med andre ord avgjerande for kor mykje gass eit husdyr kan produsere. Bruken av ein ny og meir detaljert berekningsmetode for storfe og sauar har gjort at utsleppa frå denne kjelda er 12-14 prosent høgare enn ved tidlegare berekningar. I 2004 var utsleppet rundt 90 000 tonn (vedleggstabell 13); om lag 70 prosent av dette utsleppet kjem frå storfe og 25 prosent frå sauar.

I metoden for utrekning av metanutslepp frå husdyrgjødsel inngår mengd gjødsel produsert per husdyr, potensiell metanproduksjon, i tillegg til informasjon om korleis og under kva slags temperatur gjødsla blir handtert. Gjødsel som husdyra legg igjen på beite er med i berekningane. Utsleppa frå denne kjelda har lege rundt 15 000 tonn dei siste åra (figur 7.4 og vedleggstabell 13). Storfe står for to tredelar av dei årlege metanutsleppa frå husdyrgjødsel.

*Utslepp av ammoniakk (NH<sub>3</sub>)*

Tre utsleppskjelder er identifiserte: Husdyrgjødsel, bruk av handelsgjødsel og ammoniakkbehandling av halm. Ammoniakkutsleppa frå jordbruk utgjer om lag 90 prosent av dei totale utsleppa av ammoniakk i Noreg (figur 7.5). Husdyrgjødsel står for rundt 90 prosent av utsleppa av ammoniakk frå jordbruket.


Utsleppa av ammoniakk frå husdyrgjødsel er avhengige av fleire faktorar, til dømes type dyr, nitrogeninnhald i fôr, lagring av gjødsel, klima, spreining av gjødsel, jord-

brukspraksis og eigenskapane til jorda. I 2004 var utsleppet av NH<sub>3</sub> frå husdyrgjødsel 18 039 tonn; i perioden frå 1990 til 2004 har det vore berre små variasjonar i utsleppa (tabell 7.1).

Tap av NH<sub>3</sub> frå ammoniakkbehandling av halm blir rekna ut frå totalforbruket av ammoniakk. Ein reknar med at 65 prosent av ammoniakken ikkje blir bunden i halmen. Utsleppa har vorte kraftig reduserte dei siste åra. Utsleppet i 2004 var 967 tonn, noko som er 13 prosent meir enn året før, men under 40 prosent av nivået midt i 1990-åra.

Utsleppa av NH<sub>3</sub> frå handelsgjødsel i 2004 var 1 173 tonn, noko som er på same nivå som i heile perioden 1990-2004.

**Figur 7.5. Utslepp til luft av NH<sub>3</sub>, 1990-2004. Tonn**



Kjelde: Utsleppsstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens forureiningstilsyn.

**Tabell 7.1. Utslepp av ammoniakk (NH<sub>3</sub>) frå husdyrgjødsel, halmbehandling og bruk av handelsgjødsel. 1990-2004. Tonn**

Kjelde	1990	1992	1994	1995	1996	1998	2000	2001	2002	2003	2004
Frå husdyrgjødsel, i alt	16 441	17 482	17 768	18 137	18 499	18 658	18 528	18 242	17 972	18 161	18 039
- Husdyrrom/lager	5 514	5 859	5 909	6 032	6 144	6 054	6 090	6 022	5 989	5 933	5 949
- Beite	835	829	840	870	857	876	887	856	847	841	818
- Gjødselspreiing	10 092	10 794	11 020	11 236	11 498	11 728	11 552	11 364	11 136	11 387	11 272
NH <sub>3</sub> -behandling av halm	1 835	2 429	2 300	2 557	2 533	1 353	1 047	757	1 021	858	967
Handelsgjødsel	1 231	1 235	1 207	1 236	1 249	1 252	1 198	1 123	1 130	1 163	1 173

Kjelde: Utsleppsstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens forureiningstilsyn.

## 8. Avfall og gjenvinning

Avfall og gjenvinning blir omtala i eit av Regjeringas miljøvernpolitiske resultatområde (Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)):

### Nasjonale resultatmål

#### Avfall og gjenvinning

- Utviklinga i generert mengd avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.
- Det tas sikte på at mengd avfall til gjenvinning skal vere om lag 75 prosent innan 2010, med ei vidare auke til 80 prosent, basert på at mengd avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med kva som er eit samfunnøkonomisk og miljømessig fornuftig nivå.
- Praktisk talt alt farleg avfall skal tas ansvarleg hand om, og enten gå til gjenvinning eller vere sikra tilstrekkeleg nasjonal behandlingsskapasitet.

### Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2001-2004)

#### Avfall og gjenvinning

- Tiltak 1 "Etablere og gjennomføre eit program for auka gjenvinning av organisk avfall".
- Tiltak 2 "Innarbeide avfallshandtering som eit element i miljøplanane som utarbeidast på kvart bruk".
- Tiltak 3 "I samråd med miljøstyresmaktene og næringsorganisasjonane drøfte behovet og ambisjonsnivå for kvantitative mål for gjenvinning av organisk avfall".

### 8.1. Plastavfall

Det blir årleg generert store mengder plastemballasje i Noreg. Landbruket har etter kvart blitt ein viktig forbrukar av ulike plastprodukt, då først og fremst i form av rundballesekkar, før- og gjødselsekkar, ensileringsfolie, solfangarar og syrekanner. Sistnemnde type blir rekna som farleg avfall (sjå punkt 8.2), og er derfor ikkje inkludert i statistikken over innsamling av landbruksplast.

### Datakjelder og metodar


Eit viktig punkt for returoordninga for plast er å sikre finansiering. Ordninga er finansiert ved at impor-

tørar og produsentar betaler eit vederlag som sidan 01.05.02 har vore kr 1,40 per kilo landbruksplast. Per i dag er det ei stor oppslutning blant importørar/produsentar av landbruksplast. Ordninga er basert på at ein kjøper landbruksplast hos dei produsentane og importørane som er ein del av ordninga, og kor vederlaget er inkludert i prisen.

Frå 2003 er alle gardbrukarar pålagt å lage ein miljøplan kor det blant anna stillast krav om levering av landbruksplast til godkjente mottak. Det er for eksempel ikkje lenger lovleg å brenne landbruksplast eller grave den ned.

Plastretur AS bereknar årleg mengd innsamla landbruksplast, samt generert mengd totalt. Tala for innsamla plast kan inkludere små mengder med "fråmandelement" under veging slik som vatn og jord, utan at dette er teke direkte høgde for i berekningane. Netto innsamla plastmengd vil derfor i praksis vere noko mindre enn det som er oppgitt her.

Figur 8.1. Mengd innsamla og omsett landbruksplast. 1995-2005 (data over omsett mengde oppgitt frå og med 1999). Tonn



Kjelde: Plastretur AS.

Den fylkesvise fordelinga for innsamla plast er basert på Plastretur sine grunnlagsdata. Merk at fylkestala på innsamla plasmengder vil kunne variere ein del over åra og mellom dei ulike fylka. Slike endringar kan bl.a. skuldast nedlegging eller oppstart av mottak, eller at platen blir levert til mottak på tvers av fylkesgrenser.

Merk at tilbodet ute i kommunane for mottak av gratis landbruksplast må sjåast på som eit minimum. Grunna konfidensielle omsyn til bedriftene har ein ikkje alle detaljane omkring marknadstilgang for alle mottaksordningane. Oversikta over kommunar med gratis mottak av landbruksplast må derfor sjåast på som ein grov oversikt.

### Resultat

I følgje Plastretur ble det i 2005 nytta 8 500 tonn landbruksplast her i Noreg, det meste i form av rundballeplast og storsekker. For mengd innsamla landbruksplast har utviklinga auka sterkt frå i underkant av 2 500 tonn i 1995 til omlag 7 000 tonn i 2005 (figur 8.1). 2001 utgjer derimot eit unntak med 5 100 tonn, ein markert reduksjon i forhold til det føregåande året. Nedgangen skyldtes i hovudsak lagerauke og manglande pressekapasitet hos mottaka dette året.

I 2005 blei tilnærma all innsamla landbruksplast materialgjenvunne, medan berre mindre mengder gikk til energigjenvinning. Ein del av gjenvinninga finn stad i Noreg, men noko blir også transportera til utlandet for gjenvinning der. Den gjenvunne platen går vidare inn i produksjonen av blant anna bærepesar, renovasjonssekkar, pallar og bygningsplater.

Tabell 8.1 viser talet på gratis leveringsstader i dei ulike fylka, og kor mykje landbruksplast som blir samla inn. Tabellen viser berre dei leveringsstadene som har avtale med Plastretur. I 2006 kunne ein levere landbruksplast gratis i 200 kommunar (figur 8.2 og tabell 8.1). I dei aller fleste av desse kommunane finst det henteordningar, noko som lettar arbeidet til gardbrukarane med å resirkulere landbruksplaten. Talet på mottakingsordningar ligg på noko over 200, og berekningar viser at på landsbasis har omtrent 55 prosent av jordbruksbedriftene mottak/innsamling i eigen kommune.

Møre og Romsdal, Sør- og Nord-Trøndelag kommer relativt godt ut med tanke på mottaksordningar i figur 8.2, samanlikna med dei andre fylka. Dette skuldast i hovudsak at dei er omfatta av gratis innhentingordningar som inkluderar store deler av fylka.

Nord-Trøndelag, Rogaland, Oppland og Møre og Romsdal ligg høgast når det gjeld totalt innsamla plasmengd (tabell 8.1). Størst auke i innsamla


mengd frå 2004 til 2005 har det vore i Østfold, Buskerud og Nord-Trøndelag. Størst nedgang for perioden finn ein for fylka Oppland, Oslo/Akershus og Rogaland.

Størst mengd plast per jordbruksbedrift blei levert inn i Nord-Trøndelag, Aust-Agder og Rogaland (tabell 8.1).

Sjølv om visse fylke tilsynelatande verkar store på innsamling, treng det ikkje nødvendigvis bety at det er i her ein finn dei flittigaste bøndene til å samle plast. Dette skuldast at mottakarar frå eit fylke hentar plast frå andre fylke, slik at ein får ein missførehold mellom kor platen er samla inn og for kva for eit fylke som blir kreditera innsamlinga. Dette gjeld eksempelvis for Rogaland og Nord-Trøndelag, men også innan andre fylke, som har nokre store mottakar som hentar plastemballasje på tvers av fylkesgrensene.

Landbruksplast som ikkje blir levert via Plastretur systemet går i hovudsak til kommunale forbrenningsanlegg. Samstundes tydar det også på at ein del av platen blir ulovleg grave ned eller brunne på sjølve garden.

Figur 8.2. Kommunar kor det fins eit eller fleire gratis mottak av landbruksplast. 2005



Kjelde: Modifisert Plastretur AS (2006a).

Tabell 8.1. Innsamling av landbruksplast. Heile landet og fylke. 2005

Fylke	Tal på kommunar med gratis levering <sup>1</sup>	Dekningsgrad-kommunar (prosent) <sup>2</sup>	Dekningsgrad-jordbruksbedrift (prosent) <sup>1,3,4</sup>	Levert mengd (tonn)	Levert mengd per jordbruksbedrift i fylket (kilo) <sup>4</sup>
Heile landet	200	46	55	7002	132
Østfold	3	17	24	398	143
Oslo/Akershus	2	9	6	202	74
Hedmark	6	27	37	650	149
Oppland	12	46	54	807	141
Buskerud	4	19	17	157	55
Vestfold	3	21	33	266	142
Telemark	11	61	73	104	57
Aust-Agder	7	47	54	179	226
Vest-Agder	9	60	57	75	58
Rogaland	22	81	87	1152	215
Hordaland	12	36	53	98	26
Sogn og Fjordane	3	12	14	225	58
Møre og Romsdal	38	100	100	763	209
Sør-Trøndelag	25	100	100	407	111
Nord-Trøndelag	24	100	100	1203	301
Nordland	13	30	43	240	85
Troms	2	8	14	42	30
Finnmark	4	21	56	33	77

<sup>1</sup> Kommunar med gratis levering av landbruksplast er basert på oversikten Plastretur (2006a)

<sup>2</sup> Viser kor stor prosentdel av kommunane i fylket/landet som har gratis mottak/innsamling av landbruksplast.

<sup>3</sup> Viser kor stor prosentdel av driftseiningane som ligg i kommunar med gratis mottak/innsamling av landbruksplast.

<sup>4</sup> Datagrunnlaget for jordbruksbedrifter er basert på SSB sin totalpopulasjon for 2005 (førebelte tal).

Kjelde: Plastretur AS

Ei undersøking frå MMI omkring innsamling av plastemballasje blant norske bedrifter (jordbruksbedrifter ikkje med) viser at hovudårsaka til at bedrifter ikkje kjeldesorterar plastemballasje er at dei har for lite plastavfall. Ei større mengde plastemballasje og betre tilrettelegging lokalt blei peika ut som viktige faktorar for auka kjeldesortering av plastavfallet (Plastretur 2006b). I kor stor grad desse forholda også gjeld innan jordbruket er framleis usikkert, og må eventuelt undersøkast nærare.

## 8.2. Farleg avfall

### Datakjelder og metodar

Regjeringa har i Stortingsmelding nr. 21 (2004-05), Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, vedtatt som nasjonalt resultatmål for farleg avfall at "Praktisk talt alt farleg avfall skal takast forsvarleg hand om, og anten gå til gjenvinning eller være sikra tilstrekkelig nasjonal behandlingsskapasitet". For å nå dette målet, er det oppretta eit system for innlevering og rapportering av farleg avfall. Gardsbruk, og andre bedrifter som genererer meir enn 1 kg farleg avfall i året skal levere det til godkjend mottak, og rapportere mengder og type farleg avfall til styresmaktene. Opplysningane blir samla i eit sentralt registert (NorBas) som dannar kjelda for tal over farleg avfall frå jordbruket.


Tala som er presentera her består av farleg avfall frå næringskode NACE 01 dvs. jordbruk og tenester knytt til jordbruk, jakt og viltstell.

## Resultat

Mengd avfall frå jordbruket som er innlevert via systemet for farleg avfall i åra 1995 til 2005, er vist i figur 8.3.

Innlevert farleg avfall frå jordbruket låg i 2005 på 423 tonn. Spillolje utgjorde hovudmengda med 47 prosent av det farlege avfallet som totalt kom frå jordbruket dette året. Andre store fraksjonar er uorganiske løysingar (16 prosent), blybatteri (8 prosent), drivstoff og fyringsolje (4 prosent) og asbest (4 prosent).

Figur 8.3. Mengd farleg avfall frå jordbruket levert til godkjent håndtering. 1995-2005. Tonn<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Innleveringstoppane i 2001, 2003 og 2005 skuldast store leveransar frå einiske bedrifter blant gartneri og anleggsgartnarar.

Kjelde: NORSAS/SFT

Den mest sannsynlege årsaka til den aukande trenden dei første åra frå 1995 er at systemet for innlevering av farleg avfall var forholdsvis nytt den gongen og derfor lite allment kjend. Dette har då endra seg over tid. Samstundes verkar det som det blir generert noko auka mengder farleg avfall innan jordbruket.

I 2001, 2003 og 2005 har leveransar frå nokre få og store enkeltbedrifter stått for førehaldsmessig stor mengder farleg avfall, ofte i frå gartneri og bedrifter som driv med bearbeiding av park/hage. Desse leveransane forklarar hovudsakleg dei markerte "toppane" med farleg avfall slik det går fram av figur 8.3. Ser ein bort i frå desse, ligg nivået på farleg avfall på ca. 310 tonn i 2005. Dette forklarar mykje av den kraftige auka samanlikna med i 2004.

Figur 8.3 over farleg avfall til jordbruket må lesast med varsemd sia innrapporterte mengder berre omfattar bedrifter med næringskode NACE 01. Ein del gardsbruk leverer truleg farleg avfall via mottaksordningar som berre er tiltenkt hushald. Vidare er mange av innrapporteringane mangelfullt utfylt, slik at det leverte avfallet ikkje alltid kan knytast til jordbruket. Dei reelle mengdene farleg avfall som leverast frå jordbruket kvart år, er derfor truleg noko større enn mengdene som går fram her.

Frå 1.1.2003 blei nye avfallstypar gjennom forskrift rekna som farleg avfall, mellom anna trykkimpregnert tre blir no rekna inn under farleg avfall. Lite avfall av desse typane blir levert frå jordbruket, og utvidinga av lista over farleg avfall har derfor liten effekt på innlevert mengd farleg avfall frå jordbruket.

### 8.3 Metallavfall

#### Datakjelder og metodar

I slutten av 2005 ble det sette i gang ein nasjonal "ryddedugnad" for oppsamling av landbruksavfall (landbruksskrot i følge kampanjen). Hold Norge Rent er ansvarleg for prosjektet, mens organisasjonar og myndigheitar innanfor landbruk, reiseliv og kommunal sektor står bak kampanjen og driv informasjon ovanfor bøndene.

Avfallet skal i utgangspunktet vere "landbruksskrot" som i følge prosjektet omfattar alle typar kjøretøy, apparat og større gjenstandar av metall. Også farleg avfall blir samla inn. Henting av metallavfallet er utan kostnadar for bonden, mens ein for farleg avfall betalar eit vederlag for behandling ved godkjent mottak for farleg avfall.

I utgangspunktet er kampanjen retta mot bønder med gardsbruk, men ikkje alt avfallet som er samla inn kan relaterast tilbake til sjølve gardsdrifta. Derfor er tala hefta med noko usikkerheit for kor mykje av

dei innsamla mengdene som kan relaterast direkte tilbake til sjølve gardsdrifta.

Ein bør merke seg at tala som er samla inn naturleg nok ikkje kan knytast til ei einskild periode eller år, men kan ha opphav fleire år tilbake. Nivået på tala som her blir presentert gir difor i beste fall ein peikepinn på dei akkumulerte avfallsproblem i landbruks-Noreg.

#### Resultat

Respsen frå landbruket har i følge organisasjonen Hold Norge Rent vore høgare enn forventa. Basert på erfaringar frå Sverige hadde ein rekna med ca. 5 000 tonn totalt innsamla avfall. Tala viser derimot at per 30. juli 2006 er det registrert i overkant av 5 700 henteoppdrag, og dei totale avfallsmengdene er estimert til ca. 25 000 tonn (pers. med. Hilde Reitan, Hold Norge Rent 03.08.06).

Dette kan tyde på at det ligg ein del gammalt avfall omkring på gardane i landet. Samstundes bør ein merke seg at den nemnte avfallsmengda som blir henta ikkje berre utgjier "reint jordbruksavfall", men kan også innehalde noko avfall frå hushalda generelt og eventuelle privat entreprenørverksemd ikkje direkte relatert til landbruket.



# 9. Økologisk jordbruk

Økologisk jordbruk blir omtala i eit av Regjeringas miljøvernpolitiske resultatområde (Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)):

## Nasjonale resultatmål

*Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald*

- I trua naturtypar skal inngrep unngåast, og i hensynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar haldast vedlike.
- Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgang oppretthaldast.
- Hausting og annan bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at artar eller bestandar utryddast eller truast.
- Jordressursar som har potensiale for matkornproduksjon, skal disponerast slik at ein tek omsyn til behova framtidige generasjonar har.

## Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2001-2004)

*Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald*

- Tiltak 7 "Leggje til rette for auka oppslutning om økologisk landbruk gjennom tilrettelegging av verkemiddelsystemet, vidareutvikling av marknaden for økologiske produkt og satsing på forskning, informasjon og formidling av kunnskap".

I Soria Moria-erklæringa frå 13. oktober 2005 har regjeringa som mål at 15 prosent av matproduksjon og matforbruk i 2015 skal vere økologisk.

**Tabell 9.1. Talet på bruk med økologisk drift, areal, talet på dyr og utbetalte tilskott. Heile landet. 1986-2005**

År	Talet på bruk med økologisk drive areal <sup>1</sup>	Økologisk drive jordbruksareal	Jordbruksareal under omlegging til økologisk drift (karens)	Talet på mjølkekyr	Talet på sau <sup>2</sup>	Totalt tilskott til økologisk drift <sup>3</sup>	Utbetalt tilskott til omlegging og arealtilskott
Dekar				Millionar kroner			
1986	19	..	..	..	..	-	-
1987	41	..	..	..	..	-	-
1988	52	..	..	..	..	-	-
1989	89	..	..	..	..	5,1	-
1990	263	..	..	..	..	12,5	4,0
1991	423	18 145	6 288	237	3 007	20,4	6,6
1992	479	26 430	5 826	193	6 524	23,4	7,9
1993	517	32 343	5 444	294	7 102	22,2	5,8
1994	552	38 278	6 916	437	10 064	22,3	5,8
1995	680	44 596	13 082	572	10 628	23,4	5,9
1996	946	46 573	32 401	766	13 291	35,1	13,7
1997	1 310	73 921	43 143	1 816	18 895	35,4	20,6
1998	1 590	105 200	50 615	2 705	29 812	33,1	13,2
1999	1 745	149 510	38 225	2 998	18 393	53,5	37,1
2000	1 823	180 841	24 387	3 531	20 776	58,6	35,1
2001	2 086	197 900	68 831	3 729	22 911	75,5	53,8
2002	2 303	252 556	72 904	4 070	47 907	84,7	57,5
2003	2 466	308 835	72 954	5 226	30 930	91,7	65,1
2004	2 484	349 567	60 793	5 643	33 589	111,2	69,3
2005	2 496	365 002	65 325	5 461	30 863	100,2	66,7

<sup>1</sup> Omfattar alle jordbruksbedrifter som er godkjende for tilskott og/eller merke. Frå 2002 er det oppgjeve talet inspiserte einingar.

<sup>2</sup> Fram til og med 1998 var teljedato 31.juli, i perioden 1999-2001 var teljedato 31. desember og frå 2002 var teljedato igjen 31. juli.

<sup>3</sup> Omfattar ikkje tilskott til forskning.

Kjelde: Debio og Statens landbruksforvaltning

**Datakjelder og metodar**

Frå og med 1990 omfattar jordbruksavtala stønadsordningar for økologisk jordbruk. Det blir gitt omleggings-, areal- og husdyrtilskot. Vidare blir det gitt midlar til kontroll, forskning, informasjon og tiltak som fremjar omsetnaden av økologiske produkt. Regelverket for økologisk landbruksproduksjon er heimla i føreskrift fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Debio er utøvande kontrollinstans. Alle økologiske bruk må godkjennast av Debio, og dei skal i tillegg inspiserast minst ein gong i året. Areal- og dyretal for økologisk jordbruk er henta frå Debio, medan data om produksjon er henta frå Statens landbruksforvaltning.


**Resultat**

Talet på bruk med økologisk drift har auka gradvis i heile perioden 1986-2005 (tabell 9.1). Areal som er omlagt eller under omlegging aukar stadig, medan talet på dyr har gått litt tilbake siste året. Det registrerte talet på sau endrar seg mykje frå år til år. Dette skuldast ulike registreringstidspunkt (sjå fotnote til tabell 9.1). Det er store fylkesvise variasjonar i kor mange einingar som har lagt om til økologisk drift (figur 9.5). Mest jordbruksareal med økologisk drift og karensareal finst i Sør-Trøndelag (56 000 dekar) og Hedmark (48 000 dekar), medan Telemark ( 7,4 prosent), Buskerud (7,3 prosent) og Sør-Trøndelag (7,3 prosent) har høgast prosentdel med økologisk drift og karensareal sett i høve til totalt jordbruksareal i drift. Den minste prosentdelen finn ein i Rogaland (0,7 prosent) og Finnmark (1,1 prosent).

Det er og stor variasjon i det økologiske arealet på kommunenivå (figur 9.4). Ser ein på økologisk areal med tilskot er det i alt 40 kommunar som har 10 prosent eller meir økologisk drive areal.


Av jordbruksareal som drives økologisk er det fulldyrka eng som dominerer med 57 prosent av totalen (figur 9.1). Innmarksbeite (tidlegare gjødsla beite) omfattar 15 prosent, medan korn og erter utgjer 16 prosent av det økologiske arealet. Karensareal er ikkje inkludert i arealtala i figur 9.1.

**Figur 9.1. Bruken av økologisk jordbruksareal i drift (eksklusiv karensareal). Heile landet. 1997, 2000, 2003-2005. Dekar**




Kjelde: Debio.

**Figur 9.2. Gjennomsnittleg jordbruksareal per jordbruksbedrift for einingar som driv økologisk, og for einingar med konvensjonell drift. Heile landet. 1994-2005. Dekar**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Debio.

**Figur 9.3. Del sertifisert økologisk areal og karensareal av totalt jordbruksareal i drift i dei nordiske landa. 1993-2005. Prosent**



Kjelder: Debio (Norge), KRAV (Sverige), Danmarks statistik (Danmark), KTTK, Plant Production Inspection Centre (Finland).

Det økologiske arealet på kvar jordbruksbedrift har auka jamt i perioden 1994-2005 (figur 9.2). I 1994 dreiv kvar jordbruksbedrift i gjennomsnitt 83 dekar økologisk, medan tilsvarende tal i 2005 var 172 dekar. Til samanlikning var storleiken på jordbruksbedrifter med konvensjonell drift i snitt 196 dekar i 2005.

Figur 9.3 viser omfanget av økologisk drive areal som er sertifisert i dei nordiske landa. Noreg ligg med sine 4,2 prosent bak dei andre landa, men prosenten er framleis aukande. Sverige og Finland ligg i front med økologisk drift på respektive 6,6 og 6,5 prosent av jordbruksarealet. Frå 2004 til 2005 er det bare Noreg som aukar delen økologisk areal. Danmark har ein reduksjon frå 5,9 til 5,3 prosent, Sverige frå 7,0 til 6,6 prosent og Finland frå 7,2 til 6,5 prosent. I EU-25 blei det drive økologisk på 3,4 prosent av det totale jordbruksarealet i 2003.

**Figur 9.4 Del økologisk produksjon av totalproduksjon for mjølk, kjøtt og korn. Heile landet. Prosent 2001 - 2005\***





Fig. 9.4 viser delen av mjølk-, kjøtt- og kornproduksjon som er økologisk. Økologisk produksjonen av kummjøl omfatar 1,7 prosent av total produksjon av kummjøl i 2005. For kjøtt er det sau og lam som har den største delen med om lag 1,5 prosent av produksjonen. Det er såleis langt fram til regjeringa sitt mål på 15 prosent økologisk matproduksjon i 2015.

Figur 9.5. Del av jordbruksareal i drift som er økologisk drive eller karensareal (med tilskot), etter kommune. 2005. Prosent



Kartdata: Statens kartverk.

Kjelde: Debio og Statens landbruksforvaltning..

# 10. Omdisponering av areal

Omdisponering av jordbruksareal blir omtala i fleire av Regjeringas miljøvernpolitiske resultatområde (Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)):

## Nasjonale resultatmål

*Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald*

- Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgang oppretthaldast.
- Jordressursar som har potensiale for matkornproduksjon, skal disponerast slik at ein tek omsyn til behova framtidige generasjonar har.

*Regional planlegging – viktige arealpolitiske føringar*

- Miljøkvalitetane i landskapet skal sikrast og utviklast gjennom auka kunnskap og bevisst planlegging og arealpolitikk.
- Årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast og spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumentert og ha fått ein særskilt forvaltning innan 2010.

## Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2001-2004)

*Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald*

- Tiltak 1 "Vidareutvikle ein streng jordvernpolitikk, i dette ligg å forbetre verkemidla i jordvernpolitikken gjennom arbeidet med planrevisjon og oppfølging av landbruksmeldinga".

Etter kvart som byar og tettstader ekspanderer, aukar behovet for areal til mellom anna industri- og forretningsverksemd, byggjefelt, samferdsle o.l. Dette vil ofte føre til press på jordbruksareal som ligg i nærleiken av tettstadene, og det vil kunne bli behov for å omdisponere delar av arealet til andre føremål enn jordbruk.

## Datakjelder og metodar

Statens landbruksforvaltning har årleg samla inn informasjon frå kommunane via fylkesmannens landbruksavdeling om dyrka jord og dyrkbar jord som er vedtatt omdisponert eller regulert til andre føremål enn jordbruk. Frå 2002 blir data for dyrka og dyrkbar

jord regulert til anna enn jordbruksføremål etter plan- og bygningslova rapportert gjennom KOSTRA. Tal for omdisponering etter jordlova og ved regulering etter plan- og bygningslova gjeld jordbruksareal som er vedtatt omdisponert. Frå og med referanseåret 2005 blir og jordbruksareal omdisponert etter jordlova rapportert gjennom KOSTRA. Det same gjeld tal for areal godkjent til nydyrking. Rapporteringa er endra til å omfatte kva føremål areala vert omdisponert til, og alle reguleringsføremål er rekna med. Samla tall for omdisponert areal er difor ikkje mogleg å samanlikne direkte med tidlegare rapporterte tal. Med nye rutinar for rapportering er det og større underrapportering enn tidlegare. Mellom anna viser det seg at nær 200 kommunar ikkje har oppgitt noko tal for omdisponert areal etter plan- og bygningslova for 2005.

Opplysningar om faktisk nydyrka jordbruksareal er henta frå Jordbruksteljing 1999 og Landbruksundersøkinga 2002. Tala frå Landbruksundersøkinga er knytt til eit utval av jordbruksbedrifter, og for nokre fylke med lite nydyrking er tal for fleire fylke slått saman i figurane. Tekst og figurar vedrørande nydyrking og omdisponering gjeld fulldyrka og overflatedyrka areal.

I samarbeid med Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) har SSB gjennomført eit forskingsprosjekt om spredt utbygging og jordvern. I prosjektet er data for bygningar frå registeret over grunneigedomar, adresser og bygningar (GAB) kopla til digitale markslagskart. Prosjektet er dokumentert i NIBR-rapport 2006:6: "Spredt utbygging og jordvern. Om omfang og drivkrefter bak bygging på jordbruksarealer".

## Resultat

I perioden 1980 - 2002 auka den årlege godkjente omdisponeringa av dyrka jord frå om lag 7 000 dekar (1980) til nær 16 000 dekar (2002), ein auke på heile 126 prosent (tabell 10.1). I perioden frå 2002 til 2005 er derimot omdisponert areal av dyrka jord nærare halvert, til om lag 7 700 dekar dyrka jord omdisponert i 2005. For dyrkbar jord var dei årlege tala for tillate omdisponert areal om lag 6 000 dekar i 1980, 9 000 dekar i 2002 og 10 000 dekar i 2005. Av totalt tillate

omdisponert areal av dyrka og dyrkbar jord, har dyrkbar jord auka frå 18 prosent i 2000 til 57 prosent i 2005. I talet for 2005 er òg omdisponering til t.d. friområde og fellesområde rekna med. Det må understrekast at det er knytt stor usikkerheit til tal over omdisponering av dyrka og dyrkbar mark.

Figur 10.1, tabell 10.1 og vedleggstabell 12 viser tal for tillate omdisponering av dyrka jord og dyrkbar jord i perioden 1993-2005.

I perioden 1994-2003 blei det i snitt tillate om-disponert 13 360 dekar dyrka jord per år. Når ein trekk frå areala til skogplanting (som ikkje inngår i regjeringas sitt mål) vert talet 11 440 dekar i snitt per år. Regjeringa sitt mål om ei halvering av årleg omdisponert areal vil for dyrka jord utgjere 5 700 dekar per år innan 2010.

Av det omdisponerte arealet av dyrka jord i 2005 blei 62 prosent regulert etter Plan- og bygningslova (PBL). For dyrkbar jord blei 86 prosent regulert etter Plan- og bygningslova.

KOSTRA-rapporteringa omfattar som nemnt òg kommunetal for areal godkjent til nydyrking. Dette gjeld areal til fulldyrking og overflatedyrking, men ikkje til innmarksbeite. I 2005 blei det godkjent 10 700 dekar til nydyrking.


Figur 10.2 og 10.3 viser fylkesfordelinga av tillate om-disponert areal saman med nydyrka areal (fulldyrka og overflatedyrka areal). I perioden 1994-98 blei det nydyrka nær 99 900 dekar jordbruksareal, medan 61 700 dekar jordbruksareal blei omdisponert til andre føremål. I perioden 1999-2001 blei det nydyrka 34 800 dekar, medan 42 000 dekar blei omdisponert til andre føremål. I dei fleste tilfella er det jordbruksjord av høg kvalitet som blir nedbygd, medan jord som blir nydyrka oftast er meir marginal (t.d. myr).

Figurane viser at det over år har blitt eit større gap mellom nydyrking og omdisponering i fylka Østfold, Akershus/Oslo, Vestfold, Rogaland og Trøndelag. I


disse fylka ligg òg dei typiske pressområda for bygging av bustadar, vegar o.l. på mellom anna jordbruksareal.

NIBR/SSB-prosjektet "Spnett utbygging og jordvern. Om omfang og drivkrefter bak bygging på jordbruksareal" har fokus på alle former for spnett utbygging, dvs. all bygging utanfor tettstadsgrensene definert av SSB. Nedbygd jordbruksareal er i prosjektet avgrensa til det arealet som blir dekt av grunnflata til nye bygningar. Vegar, gardsplassar og liknande på jordbruksareal kjem i tillegg. I 2002 var 14 prosent av spnett utbygging på jordbruksareal, meir enn tre gonger meir enn jordbruksarealet sin del av land-arealet. 74 prosent av all nedbygging av jordbruksareal var spnett utbygging, medan 26 prosent var del av utviding av tettstader. Om lag 50 prosent av den sprette utbygginga var knytt til primærnæringane, som driftsbygningar og våningshus.

Figur 10.1. Tillate omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. 1993-2005\*. Dekar




**Figur 10.2. Dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka) tillate omdisponert ved forvaltningsvedtak til anna enn jordbruksproduksjon og areal som blei nydyrka (fulldyrka og overflatedyrka), etter fylke. 1994-1998. Dekar**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens landbruksforvaltning.

**Figur 10.3. Dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka) tillate omdisponert ved forvaltningsvedtak til anna enn jordbruksproduksjon og areal som blei nydyrka (fulldyrka og overflatedyrka), etter fylke. 1999-2001. Dekar**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå og Statens landbruksforvaltning

**Tabell 10.1. Dyrka og dyrkbar jord tillate omdisponert etter jordlova og etter plan- og bygningslova. 1993-2005\*. Dekar**

	Omdisponering i alt			Omdisponering etter jordlova		Omdisponering etter plan- og bygningslova	
	I alt	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Dyrka jord	Dyrkbar jord
1993	16 571	11 430	5 141	9 495	2 678	1 935	2 463
1994	17 678	12 423	5 255	7 765	3 383	4 658	1 872
1995	21 233	13 167	8 066	8 230	4 887	4 937	3 179
1996	21 664	11 641	10 023	5 860	1 645	5 781	8 378
1997	21 159	12 093	9 066	6 110	4 025	5 983	5 041
1998	18 192	12 439	5 753	7 008	2 712	5 431	3 041
1999	18 544	14 743	3 801	7 342	2 080	7 401	1 721
2000	14 993	12 346	2 647	7 587	2 437	4 759	210
2001	19 710	14 974	4 736	8 543	2 619	6 431	2 117
2002	24 839	15 818	9 021	7 491	1 776	8 327	7 245
2003	20 762	13 993	6 769	4 747	2 426	9 246	4 343
2004	21 819	11 653	10 166	4 304	1 704	7 349	8 462
2005 <sup>1*</sup>	17 948	7 714	10 234	2 965	1 473	4 749	8 761

1 Frå 2005 blei det tatt i bruk ei ny rutine for innrapportering av data (omdisponering etter jordlova), og det knyter seg derfor stor uvisse til tala. Tal frå 2005 gjelder også omdisponering til føremåla friområde, fellesområde og spesialområde med føremål friluftsområde. Dette har tidligare ikkje vore innrapportert.

Kjelde: Statens landbruksforvaltning og Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå



# 11. Kulturlandskap

I Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005) blir kulturlandskapet i jordbruket omtala i fleire av Regjeringa sine miljøvernpolitiske resultatområde:

## Nasjonale resultatmål

### *Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald*

- I trua naturtypar skal inngrep unngåast, og i hensynskrevjande naturtypar skal viktige, økologiske funksjonar bli halde vedlike.
- Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgang blir teke vare på.
- Hausting og anna bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at artar eller bestandar utryddast eller truast.

### *Friluftsliv*

- Område av verdi for friluftsliv skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsel, opphald og hausting fremjast, og naturgrunnlaget bevarast.

### *Kulturminnar og naturmiljø*

- Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følge av fjerning, øydelegging eller forfall, skal minimerast, og skal innan år 2008 ikkje overstige 0,5 prosent årleg.
- Freda og fredningsverdige kulturminne og kulturmiljø skal takast vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.
- Den geografiske, sosiale, etniske og næringsmessige og tidsmessige breidda i varig verna kulturminne og kulturmiljø skal bli betre, og eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal vere freda innan 2020.

### *Regional planlegging - viktige arealpolitiske føringar*

- Årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast og spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumentert og ha fått ein særskilt forvaltning innan 2010.

Under same resultatområde blir det òg sett fokus på tiltak mot gjengroing av verdefull kulturmark, gards- og setermiljø som gjer landbrukets kulturlandskap

mindre attraktivt for busetjing, næringsutvikling, rekreasjon og turisme.

## Tiltak

(Landbruksdepartementets miljøhandlingsplan 2001-2004)

### *Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald*

- Tiltak 3 "Stimulere til tiltak som tek vare på biologisk mangfald i verdifulle kulturlandskapsområde".
- Tiltak 4 "Samordne tiltak med miljøeffekt i eit statleg miljøprogram for å auke miljøeffekten av verkemidla".
- Tiltak 5 "Føre inn krav om miljøplan for alle næringsdrivande i jordbruket".
- Tiltak 6 "Auka kartlegging av verdifulle kulturlandskap i tilknytning til aktivt landbruk".

### *Friluftsliv*

- Tiltak 4 "Arbeide for auka bevisstgjeringsom verdiar knytt til oppleving og høve til ferdsel i kulturlandskapet i jordbruket gjennom etablering av miljøplanar og områdetiltak".
- Tiltak 5 "Prioritere tiltak i område der kulturlandskapet i jordbruket har stor verdi for befolkninga og deira behov for friluftsliv og rekreasjon".

### *Kulturminne og kulturmiljø*

- Tiltak 1 "I samarbeid med miljøstyresmaktene utvikle system for å estimere tal for kulturminne og overvake endringar og årsaker til endringar i omfanget av kulturminne i landbruksområda".
- Tiltak 2 "Leggje aukande vekt på samordning av tiltak i prioriterte og verdifulle landbruksområde".
- Tiltak 4 "Utvikle eit godt fagleg grunnlag for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i miljøplanar og miljøprogram, og ansvarleg gjere bøndene på dette området".
- Tiltak 5 "Prioritere tiltak retta mot utvalde kulturmiljø/kulturlandskap i landbruket".
- Tiltak 6 "Vurdere aktuelle nye tiltak for å unngå ulovleg øydelegging eller fjerning av kulturminne i landbruket".
- Tiltak 8 "Stimulere til verdiskaping med basis i bruk av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap".

### Temaboks 3 Miljøprogram i jordbruket

Ved jordbruksoppgrer 2003 blei det bestemt at det skulle innførast miljøprogram i jordbruket. Det overordna målet med å innføre miljøprogram er å auke målrettinga av miljøarbeidet i jordbruket og gjere dei enkelte miljøordningane og den samla miljøinnsatsen meir synleg.

Miljøprogram i jordbruket er delt på fire nivå:

- Nasjonalt miljøprogram innført frå 2004
- Regionale miljøprogram (RMP) innført frå 2005
- Kommunale miljøordningar, m.a. SMIL-ordningane frå 2004
- Miljøplan mm på det enkelte gardsbruket

**Det nasjonale miljøprogrammet** har som hovudmål å sikre mangfaldet i det norske jordbrukslandskapet, samt sikre at eit utval av særprega landskapstypar, særleg verdifulle biotopar og kulturmiljø blir ivaretatt og skjøtta. Nasjonalt miljøprogram skal også medverke til at jordbruksproduksjonen fører til minst moglege ureining og tap av næringsstoff, samt ivareta internasjonale plikter. Verkemidla er mellom anna ordningane areal- og kulturlandskapstilskotet, tilskot til dyr på utmarksbeite og tilskota knytt til økologisk jordbruk. Dei tre ordningane hadde eit totalt tilskot på i alt 3 372 mill. kr frå søknadane om produksjonstilskot i jordbruket per 31.07.05.

**Regionale fylkesvise miljøprogram (RMP)** skal medverke til auka forankring av miljøarbeidet i landbruket på lokalt og regionalt nivå. Dei regionale miljøprogramma blir utarbeidde av fylkesmannen gjennom ein open prosess. Det enkelte fylke kan prioritere og utforme miljøordningar og tiltak etter lokale behov og miljøutfordringar. Regionale miljøprogram erstattar dei fem tidligare nasjonale tilskotsordningar med tilskot til endra jordarbeiding, dyrking av fôr i fjellet, seterdrift, organisert beitebruk og driftsvansketilskot til brattlendte bruk. RMP omfattar og ei rekkje nye ordningar. For 2005 omfattar RMP meir enn 150 ulike tilskotsordningar og ca. 220 deltiltak med totalt utbetalt tilskot på 332 mill. kroner. Av totalt 29 932 søkjarar var 29 049 ordinære jordbruksbedrifter og 883 beitelag.

RMP-tilskota fordelar seg på hovudområder med følgjande beløp og del av totalt tilskot:

• "Gjengroing"	96,6 mill. kr	29.1 prosent
• "Verdefulle kulturlandskap"	59.1 mill. kr	17.8 prosent
• "Kulturminneverdiar"	4.2 mill. kr	1.3 prosent
• "Tilgjenge og friluftsverdiar"	7.2 mill. kr	2.2 prosent
• "Avrenning til vassdrag"	156.3 mill. kr	47.1 prosent
• "Plantevernmidde"	2.2 mill. kr	0.7 prosent
• "Innsamling av avfall"	3.8 mill. kr	1.1 prosent
• "Anna kulturlandskap"	2.2 mill. kr	0.7 prosent

Det er store regionale forskjellar. Av tilskot til avrenningstiltak går meir enn 97 prosent til fylka på Austlandet og i Trøndelag, for tiltak mot gjengroing er det fylka Oppland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland som har dei største tilskota. Oppland er fylket med mest i utbetalte tilskot, i alt 46 mill kroner. Nærare halvparten gjeld tiltak for verdefulle kulturlandskap.

For å søke tilskot frå ordningane i nasjonale og regionale miljøprogram er det eit vilkår at søkaren fyller krava for å ta imot produksjonstilskot i jordbruket. Unntaket er beitelag som kan søke tilskot for beitedyr og beiting i utmark. Tabellane 1 og 2 gir nokre hovudtal for einingane som søker om tilskot til regionale miljøtiltak.

**Kommunale miljøordningar** omfattar SMIL (spesielle miljøtiltak i jordbruket) og NMSK (nærings- og miljøtiltak i skogbruket). Sakshandsaminga skal byggje på kommunale tiltaksstrategiar der det og er tatt omsyn til prioriteringane som ligg i regionale miljøprogram for fylket. Dette er ordningar der det ikkje er krav til at ein søker fyller krava for produksjonstilskot i jordbruket. Det vil si at personar, organisasjonar og andre utanom det aktive produksjonsjordbruket kan søkje tilskot.

I sum for åra 2004 og 2005 har dei kommunale ordningane ei ramme på om lag 465 millionar kroner, SMIL med 225 millionar kroner og NMSK med 240 millionar kroner. Oppland har den største økonomiske ramme for SMIL-midler med om lag 10 mill. kroner årleg. For NMSK-midler er Hedmark størst med om lag 11 mill. kroner som ramme i 2005.

SMIL-tilskota fordelar seg på følgjande område

- tiltak i kulturlandskapet 82 prosent
- tiltak mot forureining 14 prosent
- planlegging og tilrettelegging 4 prosent

**Temaboks 3 (framhald)****Tabell 1. Regionale miljøtilskot (RMP). Talet på søkjarar og utbetalte tilskot. 2005**

	Talet på søkjarar <sup>1</sup>	Del av alle jordbruksbedrifter, prosent	Søkjarane sin del av jordbruksareal i drift, prosent	Utbetalte tilskot i alt, mill kr	Tilskot i gjennomsnitt per bedrift, kroner
Heile landet	29 932	56,2	64,2	331,7	11 081
Østfold	1 648	59,2	71,7	28,8	17 453
Akershus/Oslo	1 719	63,4	77,6	38,6	22 431
Hedmark	2 591	59,4	71,4	37,6	14 494
Oppland	3 804	66,7	71,6	46,2	12 135
Buskerud	1 305	46,1	55,6	19,1	14 627
Vestfold	970	51,6	63,0	12,6	12 990
Telemark	887	49,0	58,7	8,9	10 037
Aust-Agder	299	37,7	50,0	2,6	8 703
Vest-Agder	349	26,8	32,0	4,3	12 306
Rogaland	2 217	41,4	48,1	19,0	8 550
Hordaland	1 699	44,3	47,4	16,2	9 562
Sogn og Fjordane	2 880	73,6	74,9	20,8	7 222
Møre og Romsdal	2 380	65,2	67,2	13,3	5 581
Sør-Trøndelag	1 698	46,4	52,8	19,9	11 698
Nord-Trøndelag	2 368	59,3	66,1	23,2	9 790
Nordland	1 768	62,8	67,1	12,5	7 076
Troms	1 168	83,6	86,0	6,9	5 891
Finnmark	182	42,7	47,2	1,4	7 901

<sup>1</sup>) Omfatter 29 049 jordbruksbedrifter og 883 fellestiltak (beitelag)

**Tabell 2. Utbetalte regionale miljøtilskot etter jordbruksbedriftene sin driftsform. Utvalde driftsformer. Millionar kroner. 2005**

	Tilskot til bedrifter med korn og oljevekstar	Tilskot til bedrifter med andre jordbruksvekstar og hagebruk	Tilskot til bedrifter med storfe mjølke-produksjon	Tilskot til bedrifter med storfe kjøttproduksjon og mjølk/kjøtt i kombinasjon	Tilskot til bedrifter med sau
Heile landet	95,0	22,8	86,7	18,4	38,0
Østfold	19,0	1,6	1,6	0,7	0,1
Akershus/Oslo	26,9	2,6	2,4	1,1	0,2
Hedmark	14,0	5,9	9,8	1,0	0,7
Oppland	5,8	3,3	20,8	2,7	3,6
Buskerud	8,4	0,9	4,3	0,8	0,9
Vestfold	6,2	1,9	0,7	0,6	0,1
Telemark	2,9	0,6	1,5	0,6	1,1
Aust-Agder	0,1	0,3	0,6	0,3	0,6
Vest-Agder	0,4	0,1	1,5	0,7	0,7
Rogaland	0,1	0,3	7,2	1,7	4,3
Hordaland	-	2,3	3,3	1,0	4,6
Sogn og Fjordane	-	0,4	6,9	1,1	6,9
Møre og Romsdal	0,4	0,2	5,7	1,3	3,2
Sør-Trøndelag	4,7	0,8	8,2	1,3	1,7
Nord-Trøndelag	6,1	1,5	4,9	2,0	2,1
Nordland	0,0	0,1	5,0	1,1	3,7
Troms	-	0,0	1,6	0,2	3,1
Finnmark	-	0,0	0,6	0,1	0,4

I Soria Moria-erklæringa frå oktober 2005 har regjeringa fleire omtalar av kulturlandskapet, spesielt i høve til gjengroing og forfall av kulturlandskapet. Gjennom å satse på bærekraftige bruk, sikre ein variert bruksstruktur for heile landet og utvikle verkemiddel for å stimulere til auka beiting søker ein å motverka den negative utviklinga.

Kulturlandskapet er forma av bruken og ressursutnyttinga til menneska. Det viser såleis naturvilkår, samfunnstilhøve og historie. Stadtilknytning og regional identitet heng nær saman med karakteren til landskapet.

Krava til rasjonalisering og effektivisering i jordbruket har gitt store endringar i landskapet. Det blir færre og større jordbruksbedrifter, tidlegare eigedomsgrenser som steingjerde og vegetasjonslinjer blir fjerna, og gammal

slåttemark veks att. Landskapet blir meir einsarta, og det biologiske mangfaldet blir svekka. Mange kulturminne står og i fare for å gå tapt som følgje av strukturendingane i jordbruket. Somme kulturminne kan gå tapt ved jordbruksdrift, medan andre kulturminne, som til dømes bygningar, kan gå tapt ved manglande drift.

### 11.1. Jordbruksbedrifter og jordbruksareal i drift

#### Datakjelder og metodar

Tal for jordbruksareal i drift og jordbruksbedrifter er henta frå dei fullstendige jordbruksteljingane og frå totalpopulasjonen. Totalpopulasjonen for jordbruksbedrifter, som blir berekna av Statistisk sentralbyrå, omfattar både søkjarar av produksjonstilskot og einingar som ikkje søker tilskot (sjå nærmare omtale i kapittel 3.1). Det blir søkt tilskot til det meste av jordbruks-

arealet i drift i Noreg (98,8 prosent i 2005). Endringar i regelverket for produksjonstilskot har innverknad på areal- og kulturlandskapsutviklinga. For å ha rett til produksjonstilskot blir det m.a. stilt krav om å ta vare på kulturlandskapet. Frå 1998 har det skjedd ei endring i reglane for tildeling av tilskot til jordbruksareal. Fram til 1997 var kravet at arealkategorien *beite* skulle vere gjødsla, medan ein no har gått bort frå dette kravet. Frå 1998 kunne ein derfor søkje på areal som tidlegare ikkje hadde rett på tilskot. Ein del av den auken ein ser i arealet av overflatedyrka jord, kjem av endringa i regelverket for produksjonstilskot.

Areal- og kulturlandskapstilskotet er av stor verdi for kulturlandskapet ved at det medverkar til å halde areala i hevd. I 2002 blei det gjort ei ny endring i tilskotsordninga. Alt fulldyrka og overflatedyrka jordbruksareal i drift blei gitt eit generelt kulturlandskaps-tilskot på om lag 200 kr per dekar. Ved utforming av desse endringane blei det satt eit mål om at tilskotet skal ta vare på og fremje eit opent og variert kulturlandskap gjennom å sikre skjøtsel av jordbruksareal. Produksjon av fellesgode og betaling for pleie av kulturlandskapet er dermed viktige mål ved tilskotet. Før 2002 var tilskotet avgrensa til delar av jordbruksareal i drift, t.d. var tilskot til areal av eng avgrensa til maksimalt 400 dekar per bedrift.

## Resultat

Jordbruksarealet i Noreg utgjør 3,4 prosent av landarealet. Jordbruksareal i drift har hatt ein jamn auke fram til 2001. Ein stor del av denne auken skuldast større merksemd i høve til å føre opp alt areal som grunnlag for søknad om produksjonstilskot. Dei siste åra har det vore ein klar tendens til ei utjamning, og til dels ein nedgang i jordbruksareal som er i drift. I følgje tal over det totale jordbruksarealet som er i drift, har det vore ein reduksjon på 1,0 prosent frå 2001 til 2005.

Det har vore ein jamn auke i areal av overflatedyrka jord i heile perioden 1985-2005, men ein ser tendens til utflåting dei siste åra. Arealkategorien utgjorde i 2005 16,3 prosent av samla jordbruksareal i drift mot 9,9 prosent i 1985. Denne arealtypen er viktig med tanke på kulturlandskapet da ein driv desse areala mindre intensivt og som oftast berre nyttar dei til beiting.

Areal av fulldyrka jord utgjør brorparten av jordbruksareal i drift. Totalt sett har det likevel vore ein nedgang i denne arealkategorien frå 89,6 prosent av det totale jordbruksarealet i 1985 til 83,7 prosent i 2005. Det er på denne jorda ein driv mest intensivt, og det er her utviklinga i kulturlandskapet mange stader skjer raskast (tabell 11.1).

Talet på jordbruksbedrifter har minka jamt i etterkrigstida. Av 213 400 jordbruksbedrifter i 1949 var 70 700 tilbake i 1999. Tal for jordbruksbedrifter i perioden


2000-2005 viser at utviklinga held fram (figur 11.1). I denne perioden har talet på bedrifter blitt redusert med 15 200, eller 22,2 prosent. Det er hovudsakeleg jordbruksbedrifter med mindre enn 50 dekar jordbruksareal som har stått for den store nedgangen. Medan det var 62 000 bedrifter med mindre enn 50 dekar i drift i 1979, var det 6 500 einingar tilbake i 2005. Dette tilsvarar ein nedgang på 89,5 prosent, dvs at 9 av 10 jordbruksbedrifter i denne gruppa er lagt ned frå 1979 til 2005. Nedgangen dei fem siste åra har vore på 45,2 prosent. I same 5-årsperiode har talet på jordbruksbedrifter med meir enn 200 dekar auka med 6,0 prosent. Små jordbruksbedrifter er særst viktige for å oppretthalde det rike og varierte kulturlandskapet. Dei små bruka nyttar dei marginale jordstykkja til beiting og slått i mykje større grad enn større bruk. Små bruk er difor viktige for å oppretthalde det biologiske mangfaldet, i tillegg til at dei er med på å halde dei marginale områda opne. Dette er i tråd med regjeringa sitt ønskje om ein variert bruksstruktur for heile landet.

Tabell 11.1. Jordbruksareal i drift. 1985, 1990, 1995 og 2000-2005\*

	Jordbruksareal i drift	Fulldyrka areal	Overflatedyrka areal	Del full- dyrka flatedyrka	
				Dekar	Prosent
1985	9 577 600	8 584 600	992 988	89,6	10,4
1989	9 864 600	8 771 300	1 093 200	88,9	11,1
1995	9 943 100	8 671 400	1 271 700	87,2	12,8
1999	10 382 500	8 871 200	1 511 200	85,4	14,6
2000	10 421 800	8 840 500	1 581 300	84,8	15,2
2001	10 467 200	8 861 800	1 605 400	84,7	15,3
2002	10 466 200	8 831 500	1 634 700	84,4	15,6
2003	10 403 900	8 759 400	1 644 400	84,2	15,8
2004	10 397 300	8 737 000	1 660 300	84,0	16,0
2005*	10 358 800	8 670 500	1 688 300	83,7	16,3

Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.


Figur 11.1. Jordbruksbedrifter, etter storleiken på jordbruksareal i drift. Heile landet. 1979-2005\*



<sup>1</sup> Gjeld einingar med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

<sup>2</sup> Samdrifter osv. med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift er medrekna. Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Figur 11.2. Nedgang i talet på jordbruksbedrifter i perioden 1989-2005, etter kommune. Prosent



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Nedgangen i talet på jordbruksbedrifter har vært størst i Nord-Noreg, Hedmark, Oslo, Buskerud, Agder-fylka og i kystkommunane på Vestlandet (figur 11.2). På Jæren og i Nord-Trøndelag har talet på jordbruksbedrifter halde seg meir stabilt.

**11.2. Arrondering av jordbruksarealet**

Arrondering av jordbruksarealet vil seie kor store og samanhengande jordbruksareala er. Storleiken på teigane og jordstykkane er med på å fastsetje kor effektivt det er mogeleg å drive arealet. Vanlegvis er det meir tidkrevjande å drive eit oppdelt areal med mange jordstykke framfor eitt stort samanhengande areal. For kulturlandskapet sin del er det ønskjeleg med eit areal som er noko meir oppdelt og ikkje så einsarta.

**Datakjelder og metodar**

Informasjon om arrondering av jordbruksarealet er henta frå Jordbruksteljing 1999 og Landbruksundersøkinga 2002. Nye tal vert samla inn ved Landbruksundersøkinga 2006.


Ein teig er her definert som jordbruksareal heilt omslutta av andre eigedommar, medan eit jordstykke er samanhengande jordbruksareal avgrensa av til dømes veg, bekk eller skog.

**Resultat**

I 1999 var gjennomsnittet for eigedomsteigane 47 dekar og for jordstykkane 23 dekar. Ved Landbruksundersøkinga i 2002 blei det registrert eit snitt på 50 dekar per teig og 24 dekar per jordstykke.


Jordbruksareala på Austlandet er mest samanhengande, med få teigar på kvar eining. I Agder-fylka og i Nord-Noreg er jordbruksareala mest oppstykkane, med mange teigar og mange jordstykke per jordbruksbedrift. I Akershus/Oslo og Østfold var storleiken på teigane i gjennomsnitt 88 dekar i 1999, medan storleiken auka til 95 dekar i 2002. I Agder-fylka var teigane 22 dekar i gjennomsnitt i 1999, altså berre fjerdeparten av storleiken i Akershus/Oslo og Østfold. I 2002 hadde storleiken på teigane auka noko i Aust-Agder, medan den var uendra i Vest-Agder. Når det gjeld storleiken på jordstykke, er forholda omtrent som for teigane. I Akershus/Oslo og Østfold var storleiken på jordstykke respektive 42 og 38 dekar, medan den berre var 12 dekar i Aust-Agder og 11 dekar i Vest-Agder i 2002. Storleiken på teigar og jordstykke har auka mest i Finnmark frå 1999 til 2002 med respektive 17 og 13 prosent (figurane 11.3 og 11.4).

Figur 11.3. Gjennomsnittleg storleik på teigar, etter fylke. 1999 og 2002. Dekar



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Figur 11.4. Gjennomsnittleg storleik på jordstykke, etter fylke. 1999 og 2002. Dekar



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 11.2. Jordbruksbedrifter etter tal teigar og jordstykke. Fylke. 2002. Prosent


	Jordbruksbedrifter med teigar og jordstykke i alt	Prosentvis fordeling av einingar etter tal teigar				Prosentvis fordeling av einingar etter tal jordstykke			
		1 teig	2 teigar	3-4 teigar	5- teigar	1-2 jordstykke	3-4 jordstykke	5-7 jordstykke	8- jordstykke
Heile landet	61 069	28	22	25	25	16	22	25	36
Østfold	3 117	34	24	26	16	19	26	26	29
Akershus/Oslo	3 061	43	18	21	17	23	28	22	27
Hedmark	4 905	25	17	25	33	17	19	24	40
Oppland	6 289	22	23	30	25	16	28	27	30
Buskerud	3 314	36	24	20	21	21	29	21	29
Vestfold	2 109	33	28	18	21	22	26	21	31
Telemark	2 218	33	22	23	22	20	21	29	29
Aust-Agder	1 018	23	16	24	37	12	18	23	47
Vest-Agder	1 636	15	14	22	49	14	11	18	58
Rogaland	5 691	36	26	24	14	19	21	28	32
Hordaland	4 759	31	26	24	18	23	23	28	26
Sogn og Fjordane	4 587	31	24	28	17	20	27	28	25
Møre og Romsdal	4 228	21	20	27	31	12	18	24	45
Sør-Trøndelag	4 197	26	19	26	29	12	21	26	41
Nord-Trøndelag	4 489	33	25	26	16	11	20	26	43
Nordland	3 259	17	15	27	41	7	16	22	55
Troms	1 652	13	14	30	43	7	9	30	54
Finnmark	538	15	18	28	40	7	24	28	42

Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Korleis storleiken på jordstykke varierer med storleiken på jordbruksbedrifta, kan indikere om storleiken på jordbruksbedriftene har noko å seie for storleiken på jordstykke. Av figur 11.5 ser vi at det er ein klar samanheng mellom storleiken på bedrifta og storleiken på jordstykke. Dersom ein går utifrå at storleiken på jordstykke, i tillegg til terrengforholda, avheng av driftsorganiseringa, er det grunn til å tru at struktur- endringane med stadig færre og større jordbruks- bedrifter har medverka til at storleiken på jordstykke

har økt. Resultata frå 2002 viser at den gjennomsnitt- lege storleiken på jordstykkene har gått ned noko på dei største bedriftene. Dette forholdet skuldast at det er blitt fleire store jordbruksbedrifter, men totalt sett færre jordbruksbedrifter. Det vil seie at ein stor del av jordbruksareala på dei små bruka er teke i bruk på dei store bruka som leigejord. Det er først over eit lengre tidsperspektiv ein kan vente endringar på leigejorda, som til dømes at brukaren gjer arronderinga betre ved å kjøpe tilgrensande leigejord.

**Figur 11.5. Gjennomsnittleg storleik på jordstykke etter storleiken på jordbruksbedrifta. Heile landet. 1999 og 2002. Dekar**



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**11.3. Seterdrift og gjengroing**

Sett i eit kulturhistorisk perspektiv er det verdt å ta vare på alle dei tradisjonane som er knytte til seterdrift. På setrane finst slåttemarkar som er svært rike på artar. For å oppretthalde slåttemarkene krevjast det ein kombinasjon av slått og beiting. Denne driftsforma er i dagens jordbruk lite effektiv, og mange slåttemarkar omkring setrane veks att.

For å hindre at areal i utmarka veks att, er det viktig å oppretthalde husdyrbeiting. Beiting er samstundes god ressursutnytting av utmarka. Det er fleire naturtypar som er trua dersom dei ikkje blir skjøtta ved beiting, til dømes kystlyngheiar, seterområde, slåttemarkar og hagemarkar.

**Datakjelder og metodar**

Opplysningar om seterdrift og beitedyr på utmarksbeite er henta frå søknader om produksjonstilskot og dei fullstendige jordbruksteljingane. For 2005 er tal for seterdrift henta frå dei regionale miljøprogramma. Frå 1984 til 1988 var eit av kriteria for å få produksjonstilskot til beiting i utmark at dyra ikkje beita på arealkategoriane for fulldyrka og overflatedyrka jord. Dyr som beita på areal av gjødsla beite og anna utmarksareal kunne ein derimot få tilskot til. Frå 1989 blei reglane endra slik at beitedyra heller ikkje kunne beite på gjødsla beite. Kriteria er no at dyra må gå minst åtte veker i utmark for at ein skal få tilskot. Husdyrslaga ein kan søkje tilskot til, er mjølkekyr, ammekyr, ungdyr av storfe, sauer/lam, geit/kje og hestar.

Innføring av regionale miljøprogram i 2005 har gitt eit stort mangfald av regionale tiltak for å motverke at areal

veks att. Hovudområdet "Gjengroing" har ei rekkje tiltak for beiting.


Om regionale miljøprogram (RMP), sjå temaboks 3.

**Resultat**

Talet på bruk med setrar eller med del i setrar har endra seg kraftig frå tidleg på 1900-talet og fram til i dag. Medan det i 1939 var heile 26 400 bruk med setrar, var talet 2 017 i 2005. I løpet av perioden 2000-2005 er talet på bruk med seterdrift redusert med 22,7 prosent (figur 11.6). Ser ein på kor stor prosentdel av jordbruksbedriftene som hadde seterdrift, var det 12 prosent av alle bruk i 1939 mot 3,8 prosent i 2005.

